

Kulturarvplan for Vestnes kommune

Handlingsdel 2019-2022



Innholdsregister

1	Innleiing	5
2	Lokalhistoriske trekk	6
2.1	Steinalder (9000-1800 f.Kr.)	6
2.2	Bronsealder (1800-500 f.Kr.)	7
2.3	Jernalder (500 år f.Kr. – 1000 år e.Kr.)	7
2.4	Mellomalder (1000-1537 e.Kr.)	8
2.5	Vestnesbygdene etter reformasjonen (frå 1537 til nyare tid)	10
3	Embetsmenn med skaparkraft og riper i lakken	10
3.1	Prestegarden på Vestnes anno 1847	10
3.2	Tollaren og «Remmemspien»	12
3.3	Den første ordføraren i Vestnes	13
3.4	«No he bukkjin kolva» - om Lensmann Buch	15
4	Samferdsel	17
4.1	Trondsgjølet	17
4.2	To lomar og eit glas ripssaft	18
4.3	Med legekoffert og stetoskop	19
4.4	«Lokalen kjæm!»	20
5	Garden i utvikling	22
5.1	Strevsame dagar i små kår – bygselhusmenn	22
5.2	Kulturlandskapet – bruksspora i eit landskap	24
5.3	Nokre utvalde skjøtselområde i Vestnes	27
5.4	Bruken av vasskrafta i Sesselve og Misfjordelva	28
5.5	Etableringa av nye bruk gjennom ordninga Ny Jord	29
5.6	Kvinnearbeid og barnearbeid	31
5.7	Frå trekjerald til separator - setra som garden si forlenga arm	32
5.8	Budeia sin kvardag kring 1850	33
5.9	Setra som ein sosial møtestad	34
5.10	Med skreppe og bukkehorn - Barnegjetinga i Vestnes	35
6	Folketru og stadnamnbruk	37
6.1	«Skogafruå og haubukkjin» - to vette frå folketrua	37
6.2	Stadnamn og stadnemningar	38
6.3	Særmerkte steinar i folketradisjonen	40
6.4	Lækjande planter og matnyttige vekstar	41
7	Utmarka som ein viktig haustingsstad	43
7.1	Frå naturenga til myrstakken – slåtte med langorv og småljå	43
7.2	Jakt, fiske og pelsdyrfangst	44
7.3	På krongods og herrefolk si nåde – skogbruk og trelasthandel	48
7.4	Med og fiskegrunnar – naudsynt kunnskap for fjordfiskaren	49
7.5	Der hestekleggen bit – torvspaing og torvløer på blautmyra	51
8	Eit lokalsamfunn i nasjonal endring	52

8.1	Skuleskrin og griffel – frå omgangsskule til fastskule	52
8.2	Skriftleg kulturarv i Vestnes.....	54
8.3	Dei første faste lønsmottakarane i båtbyggarkommunen	56
8.4	Lagsarbeid og organisasjonsliv	57
8.5	Grendehus og bedehus.....	60
9	Song, musikk og teater	62
9.1	Songen mellom fjell og fjord – koraktivitet i Tomrefjord.....	62
9.2	Feleslåttar under himmelkvelvinga	63
9.3	Hallingsteinen	64
9.4	Scenevante skodespelarar- teaterlivet blømde gjennom ungdomslaga	65
10	Frå primærnæringar til handel	67
10.1	Frå legdsvesen til offentleg omsorg.....	67
10.2	«Flekkjing av bergje» – fisketørking og potetreiter på Rekdal.....	68
10.3	Sildeberget og notavollen	70
10.4	Heimeindustri og handverk – sjølvberging og krisetidsarbeid	71
10.5	Sentrumsutvikling på Sylte og Helland	72
10.6	Trondsenbrørne inni Tomrefjora og Skorgevikja	73
10.7	Tilskjærarar og sydamer - Konfeksjonen som ny leveveg.....	74
11	Den tyske krigsmakta sin okkupasjon - kvardagshistoriene	75
12	Lokal kulturarvplanprosess 2017-2018 Visjon: Arkiv - formidling - bruk.....	79
12.1	Om lokal kulturminneforvaltning og materielle kulturminne.....	80
12.2	Riksantikvar og fylkeskonservator krev ein handlingsdel	81
12.3	Kva er eit kulturminne?	81
12.4	Automatisk freda kulturminne	82
12.5	Ivaretaking av kulturminne	83
13	Nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga.....	84
13.1	Lokale mål for kulturarvarbeidet i Vestnes kommune	85
13.2	Om handlingsdelen i den lokale kulturarvplanen	86
13.3	Juridiske verkemiddel	86
13.4	Økonomiske verkemiddel	87
13.5	Materielle kulturminne.....	87
13.6	Immaterielle (ikkje-fysiske) kulturminne	88
13.7	Kulturmiljø.....	88
13.8	Biologiske kulturminne.....	89
13.9	Teknisk- industrielle kulturminne.....	89
13.10	Nyare tids kulturminne	90
14	Lokal kulturarv. Grunnlag for identitet og næringsverksemd	90
14.1	Grunnlag for undervisning/formidling/reiseliv/næring.....	91
14.2	Askeladden, SEFRAK og kulturminnesøk.no	91
14.3	Formidling og reiseliv	92
14.4	Arkiv og arkivering av kulturhistorisk materiale.....	92
14.5	Digitalt museum.....	92
14.6	Heimeside	93
14.7	Offentlege og kulturfaglege kontaktnett	93
14.8	Samarbeid med frivillige.....	93
15	Lokale kulturarvvurderingar. Prioritert handlingsdel. Årlege forslag.....	94
15.1	Nokre døme på seinare års lokal kulturarvsikring	94

16 Skjematisk handlingsdel for årlege forslag (Skjematisk oppsett med relevans til årsbudsjett og økonomiplan)	94
17 Forklaringar til kulturminneomgrep	95
17.1 Nokre arkivtips til lokalhistorisk informasjon:	95
17.2 Digitale Kjelder.....	96
18 Kjeldeliste for Kulturarvplan	96
18.1 Internett	96
18.2 Skriftlege kjelder.....	96
18.3 Munnlege informantar i høve det lokalhistoriske plangrunnlaget	98
19 Vedlegg.....	99
19.1 Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal – med tanke på konkrete registreringar og føringar som gjeld Vestnes kommune.....	99
19.2 Skriftlege kulturminne-innspel frå innbyggjarar i Vestnes kommune.....	99
19.3 Liste med prioriterte kulturminne og kulturmiljø i Vestnes kommune sin kulturarvplan	99
19.4 Årlege forslag til handlingsdel for Vestnes kommune sin kulturarvplan med tanke på årsbudsjett og økonomiplan 2019-2022	99

1 Innleiing

Opphavsmeininga bak stadnamnet Vestnes kan nok tolkast noko ulikt etter kvar ein sjølv høyrer heime i lokalgeografien. Ser ein landskapet frå ytre delar av Tresfjorden, vert det naturleg å plassere Vestnes som eit markant nes vest for Tresfjorden. Dei to fjordane Tomrefjorden og Tresfjorden skjer seg inn i naturlandskapet og er kringsett av åsnakkar og fjelltindar kvar enn augene til betraktaren rekk. Dette landskapet er dramatisk, seier dei som ikkje har sett på det heile livet. Vestnes har ei geografisk plassering i Møre og Romsdal som er svært sentral. Både den eldre og den nære forhistoria peikar mot ein kommune som all tid har vore ei sentral ferdselsåre mellom kommunane i regionane Romsdal og norddelen av Sunnmøre. Ferdselsårene historisk har vore prega av båtfart på fjordane og fjellovergangar til fots og med hest. På grunn av sin heilt sentrale plassering i midtfylket eller i det som før heitte Romsdal fogderi, hadde kommunen tidlegare fleire skysstasjonar med skifte av skysshestar på desse. Seinare fekk dampbåtar og motorbåtar arbeid med å frakte folk og gods mellom byane Molde og Ålesund. Opp og ned Romsdalen mellom Åndalsnes og Austlandet tok jarnbana over mykje av transporten. Ferda frå Vestnes gjekk og ofte til nabokommunar som Vatne, Skodje, Ørskog og Stordal på sunnmørssida av fjella.

I tillegg til samferdsle, har Vestnes utpeika seg som landets største båt- og skipsbyggingskommune med heile 10% av den totale skips- og småbåtbygginga nasjonalt. Frå 1850-talet av har verftsindustrien prega arbeidsliv og næringsvegar kring Tresfjorden og Tomrefjorden. Her kan nemnast bygginga av fullriggaren «Herman Lemkuhl», på 1870-talet i Hellandbukta i dagens kommunesenter. Tradisjonelt har gardsdrift og fiske vore viktig for livberginga, og i si tid var konfeksjonsindustri og heimesying av klede viktige næringsvegar i kommunen. Tomren fabrikkar var av dei største konfeksjonsfabrikkane i fylket med over 300 tilsette. Det finst mange forteljingar om langvarige yrkestradisjonar gjennom slektsledd med båtbygging, som avspeglar både stadnamn og identitetskjenne for mange som har vakse opp i kommunen. Målføret er romsdalsdialekt, men er nok noko påverka av grannane på Sunnmøre når det gjeld ein del uttrykk og tonefall. Det seier ofte folk som kjem frå nordsida av Romsdalsfjorden. Vest i kommunen vert nok Ålesund i aukande grad dei siste tiåra å rekne for «byen», medan det i midtre og austlege delar av kommunen har vore og er mest naturleg «å ræse te Moillje» om ein skulle ha seg eit byærend.

Denne kulturarvplanen har fått ein tydeleg lokalhistorisk profil som fangar opp kulturminne og ulike typar av kulturminnekategoriar. Kommunestyret i Vestnes har føresett at planen skal vise fram den lokale kulturhistoria. Samstundes vil det regionale perspektivet og nokre nasjonale målsettingar vere ein viktig del av plangrunnlaget. Sjølv om det heilt sikkert vil bli sakna eit og anna frå «di» bygd i denne planen, er det å håpe at planen vert oppfatta som interessant å lese i åra som kjem. Handlingsdelen, med aktuelle vedlegg, vert å betrakte som eit kulturminnefagleg verkty for kommunen i åra framover. Ein kan sjå på planen som eit grunnlagsdokument.

Tidsrommet det er snakk om reint historisk er svært langt. Det strekker seg heilt frå den tida då steinaldermennesket tok ressursane i fjellheim og fjordlandskapet i bruk, og inn i vår eiga nære fortid. Mykje av vår eldste historie er framleis løynd for oss. Kvar dag går verdfull historie tapt. Difor vil det bli viktigare framover å få dokumentert og formidla den historia ein framleis har muligheita til å redde frå kollektiv gløymse. Kulturhistoria er meir enn noko anna eit resultat av noko som over tid har vorte skapt av folk sitt strev for å berge eit leveleg

utkomme. Ein kulturminneplan kan vere eit bidrag til eksisterande kunnskap og eit verktøy for å sikre ei god kulturminneforvaltning i Vestnes kommune for framtida. Kulturhistoria med sine kulturminne kan fungere som det ein kan kalle identitetsmarkørar for innbyggjarane.

Lokalhistoria og det enkelte kulturminnet skal vere noko lokalbefolkninga skal kunne nikke attkjennande til når dei ser det eller les om det.

Det er meininga at planarbeidet skal greie å fange opp og beskrive ulike typar kulturminne og kulturmiljø i ein langstrakt kommune. For kommande generasjonar er det viktig at historiske verdiar i form av bygningar og bruar av historisk verdi vert gjort merksam på. Samstundes skal ikkje planen (eller forvaltarar) gløyme av ei lita barneregle eller ei segn. Eit overordna mål må vere at dei ulike typane av kulturminne og kulturmiljø vert behandla på ein likeverdig basis. Dei er alle saman likeverdige og uerstattelege bevis på den unike kulturarven i Vestnes. Kulturminneplanen sin historiske del kjem til å omhandle stoff fram til kommunesamanslåinga mellom Vestnes og Tresfjord kommunar i 1964. Handlingsdelen av kulturarvplanen kjem med framlegg til prioriteringar for å gjennomføre kulturminnevern i praksis. Lokalhistoria etter kommunesamanslåinga i 1964 er utan tvil samtidshistorisk interessant. I samråd med Vestnes kommune har det vore eit klart mål å prioritere det som er i ferd med å forsvinne frå det lokale folkeminnet i vår kommune. Ved seinare planrulleringar kan ein eventuelt gjere vedtak om ta med vår aller næraste lokalhistorie. I ein del tilfelle som omhandlar den mest profilerte og kjende delen av kommunane si historie vert det vist til eit oversyn med lesetips på ei samleside og til kjelder i tekst og kjeldeliste. Det har vore viktig å få fram stoff som er heller lite kjent for ålmenta i denne planen. Det er for planskrivaren sin del på sin plass å takke Vestnes kommune for at eg har fått dette interessante oppdraget å arbeide med. Arbeidsgruppa har vore med, gjennom mange gode samtalar og innspel til planen.

2 Lokalhistoriske trekk

2.1 Steinalder (9000-1800 f.Kr.)

Arkeologiske registreringar i Vestnes omfattar kokegrop-lokalitetar med avsetning frå brent stein og kolrestar, aktivitets- og busettingsområde, flintrestar, ei øks av flintavslag frå den tidsperioden som vert nemnt som steinalderen. Eit funn gjort på Furneset rett ved ferjekaia i 2007, kan vere heile 10 000 år gamle spor etter menneskeleg aktivitet. Ved hjelp av moderne vitskapeleg metodebruk kan ein få tilnærma nøyaktig rett datering på arkeologiske funn. Funnstaden passar inn i biletet av kor høgt sjønivået i området låg for 10 000 år sidan, og den gongen var dette ein høveleg god buplass for steinaldermenneska. Det er og funne større mengder flint frå eldre steinalder på Gjermundnes lenger aust i fjorden, og båe funna vitnar tydeleg om bearbeiding av flint til reiskap og jaktvåpen. Det har vore gjort talrike funn som tydar på framstilling av pilspissar og knivar.

Tidsspora frå Fosnakulturen i Vestnes er eit historisk vitneprov på kor avhengige dei tidlege brukarane av landskapet var av sanking, jakt og fiske. I perioden som vert omtala som den yngre delen av steinalderen vart det etablert ei meir bufast livsform med jordbruk og åkerdyrking. Dette vart eit markant skilje i livsførsel. Husdyrhald ga nye høve til livberging, i eit klima der eksistensen ofte må ha vore av marginal karakter med tanke på dei ressursane ein kunne gjere seg nytte av. Dei første langhusa vart bygde og tekne i bruk som bustad for

menneska, og ein tok til seg dyr som ga kjøt, mjølk og ull til å lage klede av. Men utmarksbruken, med vektlegging på sanking av plantekost, og jakt og fiske prega av ein veidemannskultur stod framleis for ein heilt sentral del av mennesket si livsberging.

2.2 Bronsealder (1800-500 f.Kr.)

Jordbrukskulturen vart ein meir sentral del av folket sin livsførsel i denne tidsperioden. Fehald og kultivering av jorda i gardsdrifta vart ein viktig del av levemåten i Noreg i bronsealderen. Nemninga *bronsealderen* heng saman med kunnskap om å lage bronsegenstandar som ein mellom anna har funne att i smykke. Ættegargar med høvdingsete og deira bruk av monumentale markørar i form av steinanlegg tok i denne tidsperioden sin markante plass i landskapet. Gravrøyser og andre kulturminne i stein, til dømes bautasteinar og steinkretsar er arkeologisk tidfesta til mest truleg å stamme frå bronsealderen. Arkeologiske undersøkingar med oppmåling av den såkalla «Kjemperøysa» på den største av Gjermundnesholmane («Storholmen») på Gjermundnes, syner at denne gravrøysa er 22-25 meter i tverrmål og 2-4 meter høg. Dette kan vere eit gravmonument og landskapselement som vart reist i bronsealderen, men det kan og tenkast at røysa vart opparbeidd i jernalderen. På Nerås har ein det spesielle stadnamnet Sinderhaugen, som peikar mot ei storstilt jarnutvinning. Området er dokumentert til å vere eit større jarnvinneanlegg for utvinning av myrmalm til å skape jarn.

2.3 Jernalder (500 år f.Kr. – 1000 år e.Kr.)

Nemninga på tidsperioden heng saman med at ein fekk kunnskap om bruken av jarn til reiskap og våpen. Jernalderen er eit markant skilje i høve historisk kjeldebruk, for i jernalderen kjem skriftspråket inn som ei sentral kjelde til seinare historisk gransking, ved sidan av funn av arkeologisk materiale frå tidsrommet. Vikingtida fell inn under denne tida, og vidarefører som i bronsealderen høvdingsetet og ættemakta sin symbolske bruk av monumentale gravrøyser i kystlandskapet. I Vestnes kommune er det gjort fleire registreringar av gravrøyser frå både bronsealderen og jernalderen. Det er noko problematisk å tidfeste gravrøyser eksakt. Mange forbind denne tida med handelssamkvem med langvegssfarande sjøfolk, og erobringstokt. I jernalderen vart gardssamfunna i enno større grad enn i bronsealderen godt etablerte. Dei fekk ein omfattande driftsprofil, som mellom anna baserte seg på seterbruk og andre arbeidsfelt som heng saman med jordbruksdrift og husdyrhald.

Heile Vestnes kommune sitt enklaste tilgjengelege og grøderike dyrkbare areal har i tidlegare tidsrom vore markant prega av ættesamfunna sine minnesmerke over ætta. Det var fram til inngangen på 1900-talet bevart større gravrøyser og gravrøyskompleks på Rekdal og på Gjelsten. Desse røysene eksisterte relativt intakte så seint som kring år 1930, etter lokale kjelder. På Dragneset er det framleis ei større gravrøys som er synleg i terrenget. Desse har i hovudsak komme vekk etter nyare former for nydyrking av jordbruksareal. Ein har i dag bevart det store gravfeltet på Bolungneset på Nerås og ei røys ute på vestspissen av Feøya. Skurveholmen i Flatevågen er ein liten holme som og har eit overgrodd gravminne frå jernalderen. Kring år 1900 skal det framleis ha vore fleire større gravrøyser på Hagneset på Vestnes. Men dei vart, etter det folkeminnet har sagt, fjerna på grunn av nydyrking og utbyggingar. Dei mest markante områda reint arkeologisk når det gjeld gravminne og røyser her i kommunen er områda på Bakneset og Leikarneset på Vikebukta. Den største av

Gjermundnesholmane og sjølve Gjermundnes må og reknast inn som svært interessante område for ein rik bronse- og jernalderkultur med steinmonument. Nydyrking og anna nyare arealbruk har ført til at mange slike gravminne av stein har komme vekk frå landskapet i Romsdalsregionen.

Av alle dei lokale funna av gjenstandsmateriale frå jernalderen (som oftast går under populærnemninga *vikingtida*) er nok det store gravfunnet frå Villa på austsida av Tresfjorden heilt spesielt. Dette funnet kjem høgt opp i ein nasjonal samanheng når det gjeld rike og større gravfunn frå jernalderen. Tidlege arkeologiske utgravingar var ofte finansiert av rike engelskmenn som ferierte i Noreg. Desse gravhaugane vart kjøpte opp frå grunneigarane, og rike gravfunn vart difor ofte ført ut av landet. Gravfunna på Villa vart kjøpte opp av British Museum i 1894. Funna på Villa langs austsida av Tresfjorden og utførselen av desse gjenstandane til Storbritannia, gjorde dei dåverande svensk-norske styresmaktene merksame på at fortida vår hadde dårleg vern. Lova om fornminne, (forløpar for kulturminnelova av 1977) kom til som ein konsekvens av hendingar som den på Villa. Av dei mest spesielle funna frå Villa er det ein stav som forskarar meiner har tilhøyrt ei *volve* (sjamankvinne for ætta). Ein slik stav vart nytta til rituelle og magiske seremoniar. Det er gjort få slike funn knytte til volver og sjamanisme frå norrøn tid i Europa generelt. Ein må sjå på denne handelen som ein konsekvens av manglande lovverk for å ta vare på slike kulturskattar nasjonalt. Det heng nok og i ein viss grad saman med politisk motiverte ideologiar som sprang ut frå den britiske imperialismen sin erobrarpolitikk. Imperialismen medførde at store mengder kulturskattar frå heile verda hamna i Storbritannia.

Vestnes er av dei kommunane i fylket som framleis har ei rekkje relativt godt synlege og bevarte gravrøyser i fjordlandskapet og i nærliggande skogsområde, som vitnar om forferdrane sine ættetradisjonar og symbolbruk. Ein må tru at mykje av hensikta med gravrøysene må ha vore å vise dei sjøfarande at «denne ætta som eig her er mektig, så trø oss ikkje for nær». Riter og sedar i samband med gravferdsskikkar og innanfor den norrøne mytologien har og hatt ein viktig funksjon i samband med alle gravrøysene i Romsdalsområdet. Sjølve gravferdsrituala knytte til ei relativt nyleg oppdaga båtgrav frå jernalderen ved Vike kyrkje har gitt ny arkeologisk kunnskap. Funnet har populært vorte kalla «Husfrua på Vike», og hennar liv har funnet fortalt oss om. Dette var ei båtgrav som er datert til tidsperioden kring år 900. Funnet peika tydeleg mot at dette var grava til ei velstående kvinne frå ei markant ætt. Flotte smykke mellom anna av det kostbare materialet rav, og fleire reiskapar knytte til kvinnearbeid fortalde om stor velstand.

2.4 Mellomalder (1000-1537 e.Kr.)

Etter det sagaskriftene fortel, vart Noreg i den første fasen av mellomalderen samla til eitt rike og styreforma vart meir konsentrert om ei sentral kongemakt, i staden for alle småhovdingane si desentraliserte maktutøving som rådde før dette. I Romsdal vart kyrkjestaden på Veøya etablert alt på 900-talet, med ein etter kvart samlande geistleg funksjon for regionen. Særleg på Veøya og på Villa i Tresfjorden er det påvist *både* førkristen og kristen gravferdsskikk på same kyrkjeferd og gravfelt. Kaupangstatusen gjorde og Veøya sentral som hovudsete, i ei tid då sjøen og båten var den tids form for fylkesveg og europaveg. Kaupangane kan sjåast på som tidlege byliknande samfunn. For folk i Vestnes var Veøy kyrkjestaden som ein sokna til.

Utanom det religiøse senteret som øya var, var ho og viktig i kraft av å vere eit økonomisk og administrativt senter, nemner fleire historikarar og arkeologar. I si tid, medan kystleia var den heilt sentrale ferdselsåra, låg Veøya sentralt i høve til fjordsystema i Romsdal. Hamnetilhøva var fleire stader gode langs øya, og det var ein avgjerande faktor for å kunne drive utstrakt sjøfart.

Kyrkjeplikta i eldre tidsrom gjorde at folk måtte reise til Veøya, og når ein først hadde rodd den lange og nokre gonger farefulle vegen dit, var det sikkert viktig å få utretta andre ærend som ein måtte dit for å ordne. Veøya vart sett på som *byen* for romsdalingar i mellomalderen. Varehandel og betaling og innkreving av offentleg pålagde skattar til kongen må ein tru vart samla inn av embetsmenn der på staden. Etterkvart mista kaupangar som Veøya og Borgund (i Klokarsundet ved Ålesund) sine funksjonar. Det hang mellom anna saman med endra ferdselsmønster hos handelsfolk. Svartedauden utarma og kaupangane, og sakte men sikkert vart landjorda meir og meir brukt som ferdselsveg for reisande. Etter innføringa av reformasjonen i 1537, mista Veøya sine funksjonar som sentrum i Romsdal, men prestane sin tilhaldsstad på Veøya varte fram til sist på 1800-talet. Det religiøse sentret med middelalderkyrkja heldt seg mykje lenger oppe, enn det handelsverksemda og tingstaden gjorde.

I 1349 kom svartedauden til landet. Pesten, som kom i form av ein epidemi, medførte ei halvering av folketalet i eit tynt busett land, og mykje dyrkingsjord vart liggande brakk. Stadnamnet og etternamnet *Ødegård* som er avleidd av *øydegard* høyrer denne tidsepoka til. Som ein langtverkannde konsekvens av pesten sine ringverknader miste kaupangane langs kysten sin posisjon, men det vaks fram ny og blomstrande handelsverksemd basert på *fiskevær*. Bud var ein periode den mest sentrale handelsstaden mellom Bergen (Björgvin) og Trondheim (Nidaros) i siste halvdel av mellomalderen, med fiskeria som grunnlag. Korsstøneset på Gjermundnes er ein stad som peikar mot ein mogleg stad for utøving av katolsk tru i regionen. Det har vore hevda at ein fleire stader i første del av middelalderen etter at den katolske læra hadde etablert seg i Noreg, fekk einslege munkar som tok imot sjøfarande folk for å utøve seremonielle katolske ritual på stader utan kyrkje. Korsstøneset seiast å ha vore eit sentrum for slik religionsutøving i kommunen. «*Dette var før det kom kyrkjer på desse kantar, og segna seier at det var ein munk som såg etter korset og forretta dåp og nattverd for bygdefolket. Det var brukvisen at dei som skulle forbi neset i båt, gjekk i land og bad ein bøn ved korset*». Bygdebokforfattaren av gards- og slektshistoria for Vestnes, Olav Rekdal, peikar på at hans kjeldegransking tilsvarar at bruksstrukturen i landbruket i Vestnes etter svartedauden fall inn i et nasjonalt mønster. Eit mønster som gjorde at øydegardar etter folketalesnedgangen gav brakklagd tilleggsjord til hovudgardane. Eit døme på eit slikt bruksmønster i mellomalderen etter pesten og fram til høgmiddelalderen på 1600-talet er Skorgedalen som i fleire hundre år må ha vore nytta av hovudgardane på Skorgeneset til slåttemark, beiting og mogleg setring, før det vart nye sjølvstendige bruk framover i Skorgedalen i siste halvdel av 1600-talet. I boka om Skjøtsel og kulturmark i Noreg står det følgjande:

Mange gårdsbruk gikk ut av drift og hele grender ble avfolket. De neste hundreårene var jordbruksaktiviteten konsentrert til de mest fruktbare arealene. Først på 1500-tallet tok folketallet og jordbruksaktiviteten seg opp igjen, og på 1600-tallet var det på nytt stort behov

for jordbruksareal. Virkemidlene var skattefritak og selveierstatus. Dette var positive tiltak i en tid da de fleste bøndene var leilendinger under kongen, adelen og kirken.

2.5 Vestnesbygdene etter reformasjonen (frå 1537 til nyare tid)

I tida etter reformasjonen vart fiskeria på kysten viktige og medførte demografiske endringar i busettinga. Dei reine kystområda fekk auka innbyggjartal, med sentrale levevegar knytt til sjøfart og fiske. Frå slutten av 1500-talet var ikkje fisket like godt, og folketalet inne i fjordane steig. Ein ser at dette stemmer når det gjeld auka i innbyggjartal i Vestnes for denne tidsperioden. Ein vesentleg årsak til tidlegare innanlands flytting *frå dalstrøk til fjord- og kystområda*, baserte seg på at det oftare var sikrare leveveg å drive vekselbruk på kysten, enn det var å drive ein mindre gard eller ein husmannsplass i innlandet. «Sognejekta» som kom hit i 1844, og vart utgangspunktet for fleire husmannsheimar som fekk tilnamnet Sognebygda på Rekdal, er eit døme med tydelege trekk frå denne innanlandske migrasjonen frå indre dalstrøk og fjordstrøk vestpå til eit vekselbruk i meir kystprega område. Her var fisket jamnt over noko sikrare å livberge seg på enn det var der dei kom frå. Midfjorden mellom Rekdal og Midsund, og området kring Tautreholmane har vore viktige område for sjødrift og fiskeri for rekdalingane opp gjennom tida. Av bygdene i kommunen er nok utan tvil Rekdal den bygda som har hatt sjøen som viktigaste leveveg i nesten like stor grad som jordbruket. Rekdalingane leverte fisk til kjøpmannen på Dryna på Midøya. Vegen over Midfjorden er ikkje så lang, men ofte verhard. Rekdalingar leverte fisken tørka i form av klippfisk eller salta i form av saltfisk til kjøpmannen som var oppkjøpar. Dei sette seg ofte i gjeld hjå handelsmannen på Dryna, og det kunne verte ei låk bør å ha hengande over seg i mange år framover.

Ein livbergingskultur vart i lang tid driven ved hjelp av berre råsegl og åremakt i åpne båtar som færingar, trerøringar, åtringar og seinare listertypar. Mange slike båtar vart bygde i i heile Vestnes kommune. Den historiske skilnaden mellom fiskarane i dei ulike regionane omfatta ein materiell og ein ikkje-materiell kulturskilnad innanfor bruk av spesialbygde båttypar og fagsjargong. Dette gjaldt også reiskapsbruk og tradisjonar knytte til det ein kan kalle generasjonsoverlevert og *taus kunnskap*. Med dette begrepet meinerst erfaringsbasert kunnskap, gjerne av ein praktisk retta type som ikkje treng å vere skriftleg dokumentert. Eit typisk døme på dette kan vere tradisjonell bruk av utmark og hausting av naturressursar.

3 Embetsmenn med skaparkraft og riper i lakken

3.1 Prestegarden på Vestnes anno 1847

Fram til 1847 høyrde Vestnes til Veøy prestegjeld. Presten hadde prestegard og sete på Veøya. Frå dette året vart Vestnes utskild som eige prestegjeld, og den første sokneprest skulle tilsetjast, og det skulle byggjast prestegard.



VESTNES PRESTEGARD

Til saman vart dette ei stor utfordring for kommunen, både praktisk og økonomisk. Garden *Helland nedre* vart kjøpt til ny prestegard med tilhøyrande gardsgrunn og utmarksrettar. Den første soknepresten i Vestnes vart *Otto Theodor Krohg* (1811-1889), som i åra framover skulle komme til å gå under nemninga «Vestnespresten» i landet si rikspresse. Han var ein markant person i nasjonal forstand, både innanfor teologiske spørsmål og ymse kultursaker, og innanfor tidleg skiidrett medan han var lærar og redaktør i Tromsø. Han engasjerte seg sterkt i sokneborna sitt ve og vel, og han var ein pådrivar i arbeidet med fattigstellet i Vestnes. Han vart ein naturleg leiar i det lokale fattigstyret, og hans noko refsande moralske syn skein tydeleg gjennom, til dømes når han sette krav om at ein husmann som ville ha forsorgsyting måtte kvitte seg med elskarinna si og flytte heim att til kjerring og ungar. Som debattant i samfunnsspørsmål tok han som tidlegare nemnt i årevis del i krasse avisdebattar i hovudstadsavisa *Morgenbladet*. Han målbar ofte eit samfunnsyn på mangt og mykje som var grunnleggande konservativt og av meir høgkyrkjeleg karakter, og det var noko han fekk krass kritikk for av Henrik Ibsen. Ei vekkingsbølge som var driven fram av lekmannsrørsla, greip om seg i nabosokna Voll og Grytten, og det såg Vestnespresten på med særleg kritiske auge. Henrik Ibsen var som kjent ein stor radikalar i si samtid, med sine utfordrande drama som mellom anna omhandla kjønnsroller. Presten Krohg kunne og vere frisinna på sine område, men ikkje når det gjaldt seksualmoral og samlivsformer mellom mann og kone.

Prestegarden på garden *Helland nedre* si tidlegare odelsjord framstod nok som nyskapande og moderne innanfor utviklinga i det lokale jordbruket då han sto ferdig i området ved «Rabben» og «Presterøstinnj» i 1849. Opplysningsvesenets fond kjøpte to gardar av matrikulert jordbruksjord på *Helland* av to grunneigarar for ein relativt høg kjøpesum på 2000 speciedalar. Krohg hadde ti år seinare utvikla prestegarden til eit mønsterbruk driftsmessig, og

hovudhuset hadde heile 16 rom. Garden hadde dette året ein stor buskap og det meste av naudsynnte driftsbygningar for si samtid.



BILDE: SOKNEPREST OTTO THEODOR KROGH

Presten Krogh var utan tvil både ein kunnskapsrik og interessert gardbrukar, som la mykje vekt på å få til ei god gardsdrift. Ved etableringa av Vestnes prestegard vart det som ei følgje av gardskjøpet av Helland nedre innlagt husmannsplassar under prestegarden. Dette var mellom anna plassebruket «Einen» som låg nært det tidlegare hovudbruket i området «Røstinnj» i området som no vert omtala mest som Hellandshaugen og Rabben. To andre plassebruk vart og matrikulert som prestegardseigendom. Eit av tiltaka som den nyttilsette presten tok fatt på var utplantinga av edellauvre i ein allé som framleis delvis står att som eit landskapselement mellom Remmemsbukta og Vestneshaugen. Prestegardshagen skal i si glanstid ha vore ein mønsterhage med hellelagte stiar og flotte blomar, nemner ei samtidig kjelde i samband med eit songarstemne på Vestnes i 1860.

3.2 Tollaren og «Remmemspien»

Rikardholen eller i dialektform *Rekkertholen* er eit namn som nokre få lokalkjende framleis brukar om ein skogteig og tyttebærstad ved ein jordrygg i Remmemsdalen. Namnet har mest sannsynleg ein samanheng med tollaren *Rickert Rickertsen Hagerup* (1604-1674) som budde på embetsgarden Ytre Remmem. Dette mannsnamnet var uvanleg i våre bygdelag i eldre tidsrom. *Rekkert* er nok bygdetunga sin form av Rickert, og seinare i tida vart han moglegvis normert til Rikard. I 1634 er tollaren for Romsdal oppført under garden Ytre Remmem, som har vorte ein tollstad på denne tida. Richert Richertsen Hagerup vart av Olav Rekdal rekna for å vere inngift på garden med dotter til ein tidlegare eigar og brukar, Ørja eller Ørger, som i likheit med Rickert truleg har vore ein framand innflytelsesrik innflyttar til Vestnes. Han har vore ein ung embetsmann på berre 30 år då han fekk tollarstatus. I året 1645 var Remmemstollaren skattepliktig etter koppskatten med 2 riksdaler «- *eftersom det er et lidet toldsted*». Men den høgre embetshanda hans som må ha vore «*Toldschrifferen Steen Knudsen och hans hustru*» vart skatta med 4 riksdaler same året. For åra 1659 og 1660 er Rickert Rickertsen Hagerup derimot oppført med merknaden er «*tolder og fritagen for skat*». I året 1661 har jordboka følgjande bemerkning for Remmemsgarden: «*4 quernsteder - en ringe saug under Ytre Remmen hvor på kand schieres ½ stabel bord och bruges av Richert Richertsen*».

Både tollskrivaren som kan sjåast på som ein slags fullmektig, og seks tolltenestemenn og drengar heldt til på garden under den tida denne var tollstad. Det fortel oss at staden har vore innflytelsesrik den tida. Etter tollarens død vart tollstaden i Romsdal flytta til Veøya, og frå 1685 var det eit gryande Molde som og har namnet sitt etter jordsmonnet som fekk embetet. Utover tollarfunksjonen, der skatteoppkreving for mellom anna trelasthandel, kvernbruk og sagdrift var av økonomisk betydning, dreiv han ein høveleg stor gard som låg under Wibes arvingar, dåverande eigarar av Vestnesgodset. I 1657 syner kvegteljinga at Ytre Remmem hadde «2 heste hjemme og på leye, 16 kjør, 12 gjeder og 10 får».

Som tilfellet er mange stader ved inngongen til og utover 1700-talet, peikar denne sannsynlege namnearven etter tollaren mot auka bruk av utmarka i samband med ekspanderande gardsdrift og husdyrhald. Den utstrakte bruken av spesielt gras i skog og fjell medførte nye stadnamn som etterkvart vart etablerte i folkeminnet, men som i vår tid ofte framstår som gløymde bruksminne. På 1700-talet vart garden Ytre Remmem skildra slik av H.P. Schnitler: «*Næsten yderst paa den westre landkant ligger en velbebygget gaard Remmen kaldet, som fogden bruger til en lyst- eller avelsgaard*».

Etter at tollfunksjonen på Remmem gjekk ut, og tollar og tollstad framover vart verande i Molde, kom futen på Gjermundnes inn som eigarar av garden. Remmem ytre vart etterkvart eigd av tre av døtrene til futen Jacob Eeg. Det er to av desse damene som for ettertida vart kalla *Remmemspien* på folkemunne. Ei av desse rikmannsdøtrene knyter det seg ei segn til, slik skildra av Olav Rekdal i boka Eventyr og segner, folkeminne frå Romsdal:

På Remmem (Vestnes) budde det ein gong to rike tauser. Dei kalla dei Remmemspien - dei var vel tå desse Danskefolkja. Den eine tå dei var so flott at ho bytte lommetørklæ kvar morgon, og det ho hadde brukt, kasta ho ut gjennom glaset. Ein dag dei skyssa ho over straumen åt Væstnæskyrkja tok ho ein gullring tå fingeren og kasta han på sjøen. So umule so de e at denne ringjinn kann komme att - so umule e de at i kann bli fattig, sa ho. Ikkje lenge ett-åt kom det ein mann og baud fisk, som ho kjøpte. Og når dei gjorde opp fisken, fann dei i innmaten att ringen ho hadde kasta ut. Då bleikna ho vekk, Remmemspiå, men ho nekta på at det var same ringen som ho hadde kasta ut. Etter på detta fekk ho det eine tapet etter di andre, og ho blei so fatig at når ho døydde blei ho sveipt ti eit laken som var samansydd tå dei lommetørklæda ho hadde kasta ut - og som tenestegjenta hennar hadde teke vare på.

3.3 Den første ordføraren i Vestnes

I 1812 vart den tidlegare husmannsonen *Henrik Remmem* eigar av garden Ytre Remmem som på Vestnes i seinare år har vorte kalla Sandgarden. Han skulle seinare verte den første ordføraren i kommunen. I 1833 blei det eit rettsleg oppgjør mellom han og ein nabo om vatnet i elva. Henrik Remmem trong vatn til oppgangssaga han dreiv, *Remmemssaga*, og naboen ville ha stabil tilgang på kvernvatn. Det endte med eit forlik, etter ei tid i rettsvesenet. Garden vart etter Henrik Remmem si tid kjøpt opp av skulestyrar Anders O. Sand, og vart fylkesskuleeigendom. Som ordførar og stortingsmann og velståande gardeigar var Henrik Remmem ein svært sentral mann i kommunen, og utan tvil ein person som fekk utretta mykje samfunnsgagnleg arbeid i si tid som offentleg tenestemann. Skulehuset *Solvang* stod framleis eit stykke nedanfor våningshuset og låa som restaureringsbygg fram til det brann ned for få år sidan. Det går fram av *Odd Sørås* sitt biografiske arbeid om Henrik Remmem at han

var ein maktperson som ikkje alle var like nøgd med. Ein må nok kunne seie at han var ein omstridd mann i det lokalsamfunnet han utøvde den offentlege rolla si i.

Ei langdryg farskapssak skulle komme til å volde han mykje styr, og den saka vart det eit betent og ufint rettsoppgjer av. Ei ugift tenestetaus frå Tresfjorden som heitte *Synnøve Jensdotter Kjøpstad* nedkom med ei dotter på nyåret i 1830. Henrik Remmem blei nemnt som barnefar av mora. Henrik Remmem nekta for farskapet til barnet, og fremja krav om at barnemora skulle straffast for å spreie løgn om han. I tillegg krevde han løyve til å sverje frå seg farskapet. Barnemora møtte i retten med kjøpmann *Gulbrand Onsum* frå Veblungsnes som verge, og vitneføringa gjekk i Henrik Remmem sin disfavour. Men i den vidare rettsforklaringa fremma Onsum eit forslag om rettsforlik mellom dei to partane, og i tillegg tok han ordføraren sitt parti under rettsforhandlingane, endå han var oppnemnt som verge for motparten. Mykje peikar mot at Onsum var markant inhabil i saka, og som me skal sjå vart dette eit sentralt tema for justisøvrigheita. I forslaget til forlik skulle barnemora stå fram og bekjenne at ho hadde begått løgn, og forliket frå retten skulle offentliggjeraast for allmugen på kyrkjebakken. Til gjengjeld skulle ho sleppe opphald på tukthus eller å verte sett til spott og spe i gapestokken ved kyrkja.

Men Synnøve hadde ein skrivefør og æreskjær bror som heitte *Nils Jensen Kjøpstad* som ikkje fann seg i at systra hans vart handsama på denne måten, og det kan vere av interesse å sjå litt på kva han kom med som motvekt mot Onsum og Remmem. I eit brev han sende til underretten peika han på at forliket var å sjå på som ugyldig. Forliket inneheld nemleg ein løynd del om at Henrik Remmem skulle betale tilsaman 70 speciedalar til Onsum og Synnøve Kjøpstad.

«Ikke nok han først hadde forført hende til utugt og saaledes dækket hende med skjændsel og uheld, men ogsaa ovenikjøbet lokket hende til at qvæle sandhedens og samvittighedens stemme ved hiin falske tilstaaelse af sagen, og saaledes udsatte hende for armod og foragt, og med samt al hendes sindsroe og glade bevidshet at maatte lide skrækkelig under disse ære- og aandskrenkende scener».

Brevet inneheld vidare ei skarp irettegåing med ordføraren sin personlegdom og karaktertrekk, og broren krevde at Henrik Remmem vart dømt som rett barnefar til barnet, og at han vart dømt for ulovleg framferd i høve saksgangen i retten. Som ein konsekvens av dette brevet vart saka teken opp att i 1831, og til slutt skulle ho gå innom heile 8 heradsrettar før den endelege dommen var klar. I mai dette året avviste overretten forliket, men så kom barnemora sin oppnemnte verge Onsum og forlangte at saka skulle avvisast som forlikt, og ikkje nok med det, men amtet let han føre saka for Henrik Remmem.

I november i 1832 kom sorenskrivar Møller på Molde med ei domsavseiing. Synnøve Jensdatter Kjøpstad blei frifunnen frå anklagane om å føre løgn mot ordføraren, og han får ikkje medhald i at han kan fråskrive seg farskapet til tause. Onsum fekk påpakning for måten han hadde handla på i retten, og det offentlege ønska å reise sak mot han. Den openberre inhabiliteten og ugilde framferda hans i saka, førde til at overretten uttalte seg krasst om Onsum og stadfesta den påklaga dommen frå underretten. I 1837 blei endeleg denne langdryge farskapssaka avslutta med denne dommen:

«Henrik Johnsen Remmem bør at bøde dobbelte leiermålsbøter 24 spd, samt at have forbrudt 1/10 deel av sin formue med 20 spd alt til Statscassen. Pigen Synneve Jensdatter bør at

hensettes 4 dage paa vand og brød, hvorhos begge in solidum bør at betale samtlige af Actionen flydende omkostninger efter at antet billigede regninger».

Det vart avsagt skjerpa domsavsigelse for Henrik Remmem på grunn av at han hadde begått ekteskapsbrot som gift mann, og det var ei straffbar handling på denne tida. Han vart påtala for å ha bedrive hor.

3.4 «No he bukkjin kolva» - om Lensmann Buch

På Syltemartnan i Tresfjorden skal denne smått legendariske kommentaren ha falle frå ein lokal slagsbror som deltok i å pryle sjølvaste lensmannen ein sein haustkveld i 1855. Det vart sløkt ei *kåle* (tranlampe) og i mørkret kasta nokre karar seg over «bukkin», og skambanka han. Det har vorte fortalt at han hadde gått inn i dansestova med ein lang stav og skulle rydde opp blant festfolket, det hadde nok provosert fram hendinga. Om morgonen skal han i skamslegen tilstand sjølv ha ytra til ein av gardbrukarane på Sylte: «*Det har vanket bank som torden og lynild i natt*». Overfallet på lensmann Buch må seiast å vere sjeldan kost, og spørsmålet ein kan stille seg er naturleg nok: kvifor skjedde dette? I Vestnes heradstyre sin møteprotokoll frå juli 1866 framgår det tydeleg at heradstyret er sterkt misnøgd med lensmann Buch og måten han utførde embetet sitt på. Det vart påpeika tydelege manglar ved lensmannskjønnet han utviste. Han fekk tildelt embetet i året 1848, og flytta inn på det som då var lensmannsgarden og etterkvart berre kalla «Buchgarden» etter lensmannen på Villa aust i Tresfjorden.

I 1865 er lensmann *Carl Buch*, som var fødd i 1807 i Trondheim, med familien sin registrert i den nasjonale folketeljinga det året. Han var då 59 år gammal og eigentleg for pensjonist å rekne i høve til den tids normerte livslengde og i høve til det embedet han hadde. Han er registrert som «lensmand» og sjølvveigande gardbrukar. Han var gift med *Hanna Regine Buck*, som var fødd Hanssen. Ho er i 1865 mykje yngre enn mannen, og var då 43 år gammal. Hanna Regine Buck vart fødd i Molde i 1818. Huslyden deira var ganske stor. Dei hadde 4 born som alle var barnefødde i Vestnes. Ein må tru at alle saman vart fødde på lensmannsgarden på Villa, med hjelp av ei jordmor. *Carl Regius Buck* var 17 år gammal og kalla opp etter far sin. *Hanna Regine Buck* var 14 år gammal og heitte opp att etter mor si. *Anna Christopha Buck* var 9 år gammal og så var det yngstebornet *Ferdinanda Pauline* som berre var småtausa på 5 år. I tillegg var det tre andre som budde i Buchgarden på Villa. Det var tenestetausene *Anne Madsdatter* på 17 år og *Karen Olsdatter* på 15. Begge er omtala som «tjenestepiger». Dei er baa to lokale og fødd i Vestnes herad. Det siste medlemmet i lensmannen sin husstand var ei gammal føderådsenke på 72 år. Det var vidare ein buskap på 6 kyr på garden. Av hestar var det heile tre, og det må ein tru hadde ein klar samanheng med den offentlege stillinga han utøvde. Ein lensmann måtte fare vidt i embets medfør, og då måtte han ha tilgang på utkvilte hestar frå eigen stall på lensmannsgarden.

Det var ikkje daglegdags at ein offentleg embetsmann vart ønska så tydeleg avsett frå stillinga han hadde, som det framgår av ordlyden frå møtet i Vestnes heradsstyre. For protokollen levnar ingen som helst tvil om at ein ville bli kvitt lensmannen og få tak i ein ny lovmann som kunne skjøtte embetet betre. Den 30 juli 1866 vart følgjande innskreve i heradsstyreprotokollen:

Refereredes til afgivendes ærklæring skrivelse fra Romsdal Foged af 13de Ds. tilligemed 12 hoslagte ansøgninger med bilage om det ledige lennsmannsombud i Vestnæs. Efterat samtlige vedkommende dokumenter var bleven tilstrækkelig diskuteret, afgav kommunebestyrelsen

eenstemmig sådan erklæring: Besættelsen af Vestnæs lennsmandsombud er af høieste vigtighed for Vestnæs almue, hvem den nu skal få til lensmand er derfor et brændende spørgsmål. Af sørgelig erfaring har denne almue desværre fået lært, hvormeget en ildsk og uefterrettelig lensmand kan plage og skade den, men også fået øinene op for, hvad en brav og pålidelig samt folkelig lensmand har at betyde i et herred.

Det kjem vidare fram av møtereferatet at heradsstyret vart oppmoda frå amtet si side til å fremje forslag om ny lensmann i Vestnes. Dåverande utskiftingsformann *Lars Holm* vart tilrådd innsett i stillinga, og tildelt embetet etter at heradsstyret si tilråding vart lytta til av Romsdal amt som utøvande justismakt. Han vart tilsett i stillinga i oktober same året. Tidlegare utskiftingsformann *Lars Holm* vart ein godt likt lensmann i Vestnes, og han sat i stillinga til han kom opp i ganske høg alder.

For å få ei tilnærming historisk som synest å ha vore noko av kjerneveden i konflikta mellom lensmann *Buck* og tresfjordingane må ein sjå på tilhøva dei imellom før lensmannen vart så ille medfaren på martnadansen i Nilslåven på Kyrkjesyfte dette året. Kanskje er noko av forklaringa å finne i eit lydbandopptak frå gamleheimen i Tresfjord frå 1959. Det går fram av intervjuet med informanten at dei likte å terge han *Buck* i Tresfjorden. Det har vorte fortalt at nokre karar dreiv slåttearbeid framme i Kjersemdalen og på Kjersemfjellet, når han *Buck* kom dit i eit offisielt ærend, og då ropte slåttekarane ertande til han «*kirre kirre gjæta, no kjem bukkjin*», og slik respektlaus humor fall nok ein noko høgtideleg innretta embetsmann tungt for brystet. Som lensmann la han seg visstnok for mykje opp i alt mogleg, som det ikkje var naudsynt å lage noko styr om. Det spørst om han ikkje mangla den verdfulle eigenskapen til å kunne utvise det før omtala lensmannsskjønnet?

Ser ein på hendinga på martnadansen, så vart det avslag frå amtet om forsterka nærvær av øvrigheita under martnadagane, og utan støtte frå betjentar så vart han nok for einsam i utøvinga av ordensmakta det året. I etterkant av valdshendinga på martnadansen vart det eit rettsleg etterspel. Fleire tresfjordingar måtte møte i retten for overfall på offentleg tenestemann som var ute i embeds medfør. Ein frå Hjelvika måtte og ta ansvar for si deltaking i «bukkeprylinga». Når øvrigheita seinare reiste tiltale for vald mot offentleg tenestemann, var det sjølv sagt ikkje «so svert» å ha vore med på lensmannsprylinga lenger. Det var meir stas å skryte det på seg på folkemunne i bygdelaga må ein tru. Med tanke på kor dårleg likt han var som lensmann hjå innbyggjarane var det nok heller låg grad av fordømming frå lokalbefolkninga si side. Nokre av dei som deltok i prylinga av lensmann *Buck* i Nilsstau på Sylte fekk som me her skal sjå offentleg påtale og straff.

I Domsavsigelse frå Overretten frå året 1857 kan ein lese følgjande »*Thi kjendes for ret- af de under nærværende sag tiltalte bør No 1 Ole Andersen Lindseth, No 2 Christian Knudsen Helseth og No 3 Ole Olsen Rypdal, samt No 5 Anders Andersen Gjølvig at indsættes i fængsel på vand og brød. No 1 i 20-tyve –dage, No 2 6, No 3 og No 5 hver i 5-fem dage, hvorimod tiltalte No 6 Ole Rasmussen Hoem bør for videre tiltale i denne sag fri at være*». Vidare tek dommen så for seg ei utgreiing om at det offentleg saksomkostningar samt kostnad med blant anna å føre heile 79 vitne vart å dekke av dei tiltale og domfelte i saka.

Hendingsforlaupet vart omtala slik: «*Efter Amtmandens ordre blev lensmand i thinglaget pålagt til å holde et strængt opsyn med same. (I tydinga dansetilstelninga): «I henhold til dette pålæg indfant den nuværende lensmand Buch sig den 23de september 1855 på en af gårdene, hvor der vare samlet en stor mængde folk der vare sysselsatte dels med at danse og*

deels med at spille kort. Ved hans ankomst hørtes een eller fleire at spørge om bukken var kommen, og idet han kom ind af døren, blev der råbt «kille.kille» hvilket skal være det råb hvormed man kalder på bukken, hvorpå en almindelig bragen begynte. Hermed fortsattes der som det lader til i længere tid, hvorunder Buch gjentagende gange gjorde deels alle de tilstedeværende, deels specielt enkelte af dem oppmerksomme på, at han var tilstede i egenskap af Politiofficiæret for at påse orden og rolighed, hvilket han pålagde dem at iagttage. Dette hjalp imidlertid intet: Tvert imod endte det hele med, at det kom til håndgribeligheder mellom ham og tiltalte No 1, hvorpå han idet den eneste lampe som brændte i stuen omtrent samtidig (slukkedes) som det synes med forsæt, fra alle sider modtog puf og slag, hvilket nødte ham til at søge ned til gulvet for at undgå yderligere mishandling. Da lampen igjen blev tent såes han at være forslået og blodig i ansiktet.».

I dommen vart det grunnngive ei eiga domsslutning for kvar enkelt tiltalt. Ingen av dei vedkjente seg å ha hatt ein forbrytersk intensjon, men retten imøtegekk dei ikkje på dette, og antok at dei hadde handla med ein forbrytersk intensjon i høve lensmann Buch. I tillegg til straffeutmålinga for valdsutøvinga fekk fleire av dei reist tiltale mot seg for å ha forhåna ein offentlig tenestemann. Etter at Carl Buck vart suspendert og avsett frå stillinga si i Vestnes herad, flytta han over fjorden til Molde, som nemnt var Molde heimstaden til kona Hanna Regine. At han vart avsett som offentlig embedsmann på ein såpass krass og lite ærefull måte må ha vore ei stor påkjenning for heile familien. Det dåverande standssamfunnet var nokså rigid når det gjaldt «at kjende sin plads i samfundet», og det er ei lang rekkje eksempel på at embedsmenn som vart sett ned på rangstigen fekk møte eit vesentleg vanskelegare kvardagsliv enn kva dei hadde vore vane med som maktutøvarar med ein etablert posisjon. For lensmann Buch var det nok mest eit spørsmål om stoltheit og ærekjensle? Han var i ein alder som ikkje tilsa at han skulle fortsette si yrkeskarriere i dei kommande åra grunna høg alder. Carl Buck levde i Molde siste del av livsbana si, og han døydde i Molde den 18 august i 1888.

4 Samferdsel

4.1 Trondsgjølet

Vestnesområdet har ei geografisk plassering midt i fylket, og dette har i lang tid prega samferdsla i kommunen. Mykje ferdsel og trafikk skulle både før i tida og framleis forbi Vestnes.



BILDE: BILPARKEN TIL NAKKEN AUTO
I FIKSDAL I 1938

Før det vart ei offentlig prioritering av vegstellet var det tre måter å ferdast på. Ein kunne gå, ro og segle båt og i nokre høve bruke hesten til hjelp. Men tungvint var det å ferdast over avstandar, og lang tid tok det. Det var heller ikkje så beint fram og trygt å ferdast med hest i vinterfjell. Segna om kva som hende med

måndalingen *Trond* og bakgrunnen for det etablerte stadnamnet *Trondsgjølet* ved Sesselva på Daugstad vart skildra slik av folkeminnesamlar *Ivar Brovold*:

Ikke langt fra Sæssæteren danner elven en svær fos og et flere hundrede meter dybt elveleie nedskaaret i grundberget. Dette sted kalles Trondsjølet, og dertil knytter sig følgende sagn: Det var en vinter i det forrige aarhundrede, at der var opstøe (at sneen bar hest og mand) over Daugstadjeldet fra Maandalen. En mand fra Venaas ved navn Trond tog da hest og slæde og kjørte over fjeldet og ned til Daugstadnøstene, hvor han kjøbte og læssede paa en tønde spegesild og kjørte samme vei tilbage. Men ved Trondsjølet havde sneskavlen lagt sig udover skrænten og Trond havde kjørt saa nær du paa kanten at skavlen brast og manden med hest og slæde sank i det forfærdelige dyb og omkom og ikke gjenfandtes førende neste aar.

4.2 To lomar og eit glas ripssaft

I tida før bil og rutebuss vart vanlege framkomstmiddel, hadde ein helst sine egne bein å lite på. Skulle ein vitje nabobygda vart det oftast til at ein gjekk over fjellet, om ein ikkje budde ved fjorden.



BILDE: LANDPOSTBOD INGVAR SYLTE PASSERER TELEFONSTASJONEN I SYLTEBAKKEN MIDT PÅ 1950-TALET.

Mange hadde ikkje tilgang på hest, og han skulle helst vere i arbeidet heime på garden. Første tiåra var det helst berre lensmann og prest og dokter som hadde bil. For den jamne innbyggjar i bygdelaga vart det ikkje vanleg å ha privatbil før utpå 1960-talet. Det var difor vanleg å ta føtene fatt til langt opp mot vår tid, sjølv om det etterkvart vaks fram betre tilbod enn før med lokalen på fjorden og rutebussar langs grusholer på smale kjerrevegar.

I mellomkrigstida var fiksdalingen *Bernt Ellingsæter*, helst kalla «*Bernt i Røstå*», oppe på Mellia som er eit fjellområde med utgangspunkt frå Reset i Nakkedalen, nær Krogsetra på sunnmørssida av Nakkedalen. Han var der for å felle *storlom* som på den tida kunne gi skyttaren ein offentleg skotpremie. Der oppe på Mellia ved dei to tjørnene som

ligg før ein kjem til hovudvatnet Mellivatnet (Svartevatnet), skaut han to storvorne lomungar som låg og svømte på ei av desse tjørnene. Så tok han med seg lomungane og gjekk Nakkedalen ned att til Ellingsetra, før han tok fatt på landevegen langs Fiksdalsstranda,

innover langs ein langstrakt Tomrefjord og over Furlandsmyra, til han kom fram til lensmannsgarden til dåverande *lensmann Børresen* i Åsbygda på Vestnes.

Dette hende kring 1910. Der hjå lensmannen fekk han levert lomane som bevis på skytteriet, og han fekk utbetalt ein skotpremie på 50 øre for dei to fuglane. I tillegg fekk han eit glas heimelaga ripssaft av lennsmannsfrue Børresen før han tok vegen heim att til Ellingsetra i Fiksdalen. Han gjekk minimum 4,5 mil den dagen for å levere desse to fuglane og etter kva informanten Per Bjørn Ellingseter fortel, så sa onkelen hans seg godt fornøgd med den dagen. Han meinte på at han hadde gjort det godt med skotpremie og ripssaft same dagen, minstest han mange år seinare.

4.3 Med legekoffert og stetoskop

Den første «dokter`n» i Vestnes som vart bygdefolket sin lege med arbeidsstad innanfor kommunegrensa kom først i året 1897, og var *Peder Nicolay Aarestrup*. Han blei ikkje lenge i stillinga, tuberkulosesjuk som han var. Etter berre knappe halvanna år i stillinga måtte han seie frå seg stillinga, og berre 30 år gammal døydde han i 1898 i heimbyen Ålesund. Før den tid vart det å ro og segle seg over Romsdalsfjorden eller å ta hesteskyssen opp Skorgedalen og over til doktor Kahrs i Ørskog på Sunnmøre. Eit døme på kor hjelpeslaus ein var utan dokter og kommunikasjon som fungerte i naudstilfelle kan denne historia, skildra av Lars Skjegstad vere eit døme på:

Den anden oppsiddet paa Skjegstad hed Erik. Han drev med at lægge ut selvskud (gilder) for bjørn. Det var tykt af bjørn deroppe den gang, og den gjorde ofte megen skade. En søndag eftermiddag skulde Erik hen og se til sit gilder(selvskud), og skulde da rette paa et eller andet. Han iagttog ikke herunder den fornødne forsigtighed, og selvskudet gik af og gik gennem hans laar. Man reiste øieblikkeleg med ham til Molde, det nærmeste sted til læge, omkring 2 norske mil sjøvei; men han døde af blodtab, inden de naadde frem. Enken Agnete Skjegstad, bekjendt på de kanter for sin skjønhed, giftet sig op igjen med min farbror Lars. Efter 10 a 12 aars lykkeligt egteskab og særdeles behageligt naboskab, døde farbror. Af hans 3 børn døde to før og efter hans død. Agnete giftet sig for 3die gang og fik en dygtig, men haard og raa mand. Hun overleved ogsaa ham».

Dette kan vere eit godt eksempel på ei samfunnskildring som tydeleg fortel om manglande legetilbod i mang ei bygd i landet på 1840-talet og fram mot dei siste åra før 1900. I dei større byane var det fleire praktiserande legar, men generelt sett var det lite legehjelp å få på denne tida, med unntak for dei mest bemidla byborgarane som kunne å råd til å halde seg med ein «huslege». Vestnes herad tilhøyrdde i perioda 1868 til 1892 eit utvida legesamarbeid med Ørskog herad når det gjaldt legeordninga. Det var ei innstilling frå distriktlege Kahrs i Ørskog som vart stadfesta etablert av sentrale styresmakter, for lokalpolitikarane i Vestnes var usamde i dette samarbeidet, og ville ha ei ordning saman med ytre delar av dåverande Veøy herad (Vågstranda), men fekk ikkje gehør for dette. Frå 1892 vart Vestnes på nytt innlemma under legedistriktet ytre Romsdal. Det seier seg sjølv at det vart omtrent like tungvint som å dra over fjorden, og spesielt for folk i vestlege delar av kommunen vart det nok liten praktisk framgang i det legesamarbeidet. I møteprotokollane til Vestnes heradsstyre er dokterordninga nemnt fleire gonger. At ein etter mykje styr gjennom mange år med lite tilfredsstillande legeordningar, fekk etablert ei fast ordning med eigen fast doktor tilsett i 1897, er nok utvilsamt ei av dei mest betydningsfulle endringane som har vore gjennomført med tanke på trygghet og velferd for innbyggjarane. Det vart faktisk tilsett dyrlege før anna lege her i

området. Den første dyrelegen hadde etablert seg i 1860-åra. Han heitte *Schmidt* og hadde nok tyske anar med det etternamnet. Her i Vestnes kalla dei han helst berre for «Saue-Smitt» fordi han var så oppteken av å betre sauene sine avlskår som husdyr og få bukt med skabbsjuke på dyra.

Som ein viktig del av helsestell både i privat og seinare offentleg regi må jordmordenesta nemnast. I eldre tid fanst det ikkje organisert jordmordeneste med skolerte jordmødre, men det var vanleg at ei betrudd kvinne i nabolaget vart nytta som fødselshjelpar for fødande kvinner. Frå midtre delar av det nittande århundret tok det offentlege på seg å utdanne jordmødre til å gjere teneste i distrikta. Det verserer framleis mang ei historie om jordmødre som trossa ver og vind over fjellvidde og havbåre for å nå fram til den fødande kvinna på ein einsam og vanskeleg tilgjengeleg fjellgard. Den kjente «jordmormarsjen» til minne om ei tapper jordmor i Norddal kommune er eit eksempel på denne kulturhistoriske arven.

I Vestnes var det to jordmordistrikt i tida kring 1885. Jordmor *Ragnhild Helset, f. Reistad* (1864-1939) kom opprinneleg frå Reistad på Vågstranda. Ho vart gift i 1890 med *Peder Helset* (1859-1932) frå Helset. Dei fekk tre born saman. Ho var busett frå året 1895 i «Fonna», under Bårdsnes i Tomrefjorden. Det fråflytta huset står framleis rett nedanfor det noverande forsamlingshuset Idahall. Ragnhild Reistad fekk ei lang tenestetid som fødselshjelpar her i kommunen. Ho var offentleg tilsett i stillinga frå 1890 til 1930. I 1918 hadde ho 700 kr i årsløn, inkludert 4 alderstillegg. I året 1896 var det oppretta 2 jordmordistrikt i Vestnes prestegjeld. I Tresfjord hadde *Anne Nerem* då fått ei jordmorstilling og i Tomrefjord, som nemnt, Ragnhild Helset. Ein kan såleis trygt seie at det rett før inngangen til året 1900 vart ei merkbar betring i helsestell og sikkerheit for innbyggjarane i distriktet. Både fast tilsett lege og to jordmødre var då i teneste for å hjelpe innbyggjarane med sjukdommar og barnefødsler.

4.4 «Lokalen kjæm!»

Losordninga, og ein auke i bemanna fyrstasjonar innanfor eit offentleg fyrvesen, skulle komme til å spele ei viktig rolle langs heile norskekysten, når det gjaldt sikrare ferdselstid og kortare leveringstid av varer og tenester. Frå midten av 1800-talet betra tilhøva seg for dei reisande, grunna enklare transportformer for passasjerane. Frakting av gods vart mogleg over større avstandar enn før. Nye samferdselselformer skaper nye mulegheiter for transport, og overgangen frå robåt og gangsti til gode kjerreveigar og dampskipstrafikk med «lokalen» var heilt avgjerande for samfunnsutviklinga. For lokalbefolkninga ved fjordar og langs kysten vart det vesentleg enklare å ferdast i Romsdalsregionen eller mellom kystbyane i fylket når ein fekk passasjer- og godsbåtar. Men dei første tiåra med drift var nok meir turistretta enn seinare.



BILDE: RUTEBÅTEN LEGONA
TIL LEGERNESBRØRNE VAR
EIN TRUFAST SLITAR PÅ
ROMSDALSFJORDEN

Eit markant skilje når det gjaldt framdrifta med å drive offentleg passasjertransport, fekk vi då dampbåtane inntok fjordane frå 1850-talet. Det første offisielle selskapet som satsa på kommersiell passasjertransport på Romsdalsfjorden og inn

gjennom Tresfjorden var *Søndmør-Romsdalske Dampskibsselskab* som tok til med si drift i 1858. Det må ha framstått som ei storslagen nyvinning på nivå med jarnbana som kom nokre få år tidlegare mellom Christiania og Eidsvold, men ein del gamle folk likte ikkje framskrittet, som «*fnaus skodde og spøtta kål*», som nokre av dei sa. Difor rodde ein del folk framleis med handemakt over Romsdalsfjorden og attende om dei hadde eit ærend i småbyen Molde. Det vart ein liten protest mot ei slik nyvinning, og dessutan kosta det ikkje pengar å ro protesten av seg heller. Billettprisane dei første par tiåra med dampbåt som etterkvart fekk nemninga «lokalen» var nokså høge, og ein må tru at for mange ubemidla kring fjordarmane vart det for dyrt å nytte seg av den nye luksusen. Etterkvart vart det langt fleire avgangar og lågare bilettprisar, noko som ga fleire høve til å «gløse på biin Moille».

I 1862 sendte dampskipsselskapet ei driftsmelding til kvar kommune sitt formannskap. Vestnes formannskap svara slik:

Kommunebestyrelsen vilde uttale sin Tak til bestyrelsen for den meddelte beretning, og at man med fornøielse erfarer at bestyrelsen sees istand til at lade fortsætte dampfarten på de Romsdalske fjorde. For Vestnæs vedkommende ønskede man at Gjelsten, Vestnæs og Gjermundnæs fremdeles må anløbes af damskibene, såfremt det er bestyrelsen muligt at beholde disse anløbssteder.

I 1875 ville heradsstyret at båtane skulle gå til Daugstad når fjordisen la seg inst inni Tresfjorden ved Sylte. Dampskibsselskapet tok serviceutfordringa frå Vestnespolitikarane og gjorde Daugstad til ein stoppestad på ruta, men så vart kanskje kravmentaliteten noko stor frå sørsida av fjorden? Heradsstyret fann nemleg ut at rutetidane ikkje låg til rette for folk som ville ha seg ein bytur nær helga:

Efter den nye rute for fjorddampskibene anløbes Daugstadbugten fredag og mandag. Herredsstyrelsen vil uddtale at mandagsturen bør sløifes, men at søndagstur tages i stedet, så at folk, som følge dampen om fredag kan komme tilbage om søndag. Mandagsturen vil antagelig være næsten ørkesløs.

Dampbåtfarta må sjåast på som ein eigen institusjon i samferdsle i si glanstid. For det store fleirtalet av bygdefolk vart bruken av dampbåtane langt meir aktuell frå 1920-talet av. Rutene vart då langt fleire og billettane vart vesentleg rimelegare å kjøpe for lokale båtpassasjerar.

5 Garden i utvikling

5.1 Strevsame dagar i små kår – bygselhusmenn

Etableringa av bygselhusmenn i Møre og Romsdal nådde ein topp i tida kring 1780-1880. Det var fleire døme på at ein husmannsplass kunne vere som ein gard i storleik. Eit lokalt døme på det finn ein ved å sjå på storleiken på buskapen på husmannsplassen Vorpeneset i Vestnesbukta. Folketeljinga av 1865 viser at denne plassen vel må seiast å vere ein mellomstor gard i praksis om ein ser på skyldsetting, dyretal og eigendommen sin storleik generelt. Etter skyldsetting og bygningane å dømme kan Vorpeneset sjåast på som ein husmannsplass som var meir å rekne som ein liten gard, på trass av at det ikkje var eit sjølveigande bruk.

For den store gruppa av husmannsfamiliar vart emigrasjon eller å ta seg lønna arbeid løysinga, og det la fleirtalet av husmannsplassane øyde. Jordlova av 1928 ga husmenn rett til innløyising av plassane, og det medførte ei statusheving for husmenn. Dei vart sjølveigande småbrukarar. For Vestnesregionen sitt vedkommande peikar tilhøva på ein heller låg grad av sosial skilnad mellom husmann og gardeigar i kvardagsleg og praktisk forstand, men skilnaden på å eige jord og å leige jord hadde sjølvsagt mykje å seie juridisk og sosialt. Det gamle standssamfunnet var jordeigarane si tid. Å eige matrikulert jord var eit gode på mange måtar. Folk vart vurderte etter kven dei var av andre innanfor standen dei tilhørte, og var ein utan fast eigedom, var ein på mange måtar priggitt den som eigde jorda. Det eksisterer ikkje så mange bruksspora etter den eingong så talrike husmannstanden i Vestnes og Tresfjord. Oftast kan det vere nokre restar av ein steingard eller ein kaldmur av gråstein ein finn i overgrodd tilstand. Nokre stover og fritidsbustader som opprinneleg var husmannsheimar er enno i bruk, og i Røsten (Helland) og på Remmem står det enno att bustadshus.



*BILDE:POTETOPPTAKING PÅ
PRESTEGARDEN RUNDT 1920*

Desse viser at husmannstida kan forståast ved at ein set den inn i premissane som gjaldt for det førmoderne jordbruket, som i stor grad var prega av eit naturhushald og mangesysleri. Ingen slo vel meir slåttegras langt oppi «avbakelege» fjellskorer og på blautmyra og under skreer enn

kva husmennene gjorde, men alle desse slåtteteigane er no tekne attende av naturen sjølv,

sidan utmarksslåtten vart avvikla etter siste krig. Det einaste som er att av alt dette slitet, er eit og anna lydbandintervjuet, og meir eller mindre gløymde stadnamn som skildrar arbeidsforma.

Den juridiske relasjonen mellom ein gardeigar og ein husmann var slik at gardbrukaren på hovudbruket var jordeigar og husmannen var bygsjar av jorda som husmannsplassen stod på. Desse to rollene må vidare forståast sett utifrå eit bygdeliv svært ulik det me har no. Kort fortalt, så var den som eigde jord langt meir begunstiga økonomisk enn ein leigetakar av jorda, som var husmann. Eit viktig skilje lovmessig var at husmenn ikkje bygsla matrikulert jord, i motsetnad til kva ein leiglending kunne gjere. Husmannsplassane var utan unntak fram til jordlova av 1928 vart vedteke, utan eige matrikelnummer og alltid ein del av sjølveigarbruket til jordeigaren. På trass av at skilnaden reint materielt ikkje trengte å vere særleg stor på våre kantar av landet, var det eit stort fleirtal husmenn som, via ei undersøking gjort av staten i 1917, sa at dei følte seg ufrie og som sosialt mindreverdige personar. Historikaren *Ingrid Semmingsen* har påvist at husmannsplassane jamt over var små i areal. Jordbruksteljinga av 1907 synleggjorde at nestan halvparten av plassebruka ikkje hadde meir enn 5 mål dyrkajord. Ser ein på nokre historiske tal frå året 1850 betalte ein husmann i Romsdal amt generelt (og det gjaldt og for Vestnes) 5-6 speciedalar i rein plasseleige. Opplysningar frå arkiva stadfestar at plasseleiga var den same over heile kommunen i snitt, men grunna noko ulik næringstilgang og den enkelte jordeigar sine avgjerder, vart kontraktene ofte ulike, spesielt når det gjaldt slike ting som retten til hogst eller til å ta seg brennfang i jordeigaren sine skogteigar.

Vanleg storleik på buskapen på eit plassebruk var på den tida fem sauer, ei eller to kyr, og 2-3 geiter som vinterfora buskap. Ei tønne rug vart ofte avla. Alt dyrefor vart henta i fjellskorer, på myra eller i ein opparbeidd slåtteteig. Husmenn slo «dei låkaste tægainn» langt oppe på fjellet eller på blautmyra. Plasseleiga tilsvarte ofte heile 50-60 daglønner for husmannen. I tillegg kom juridisk bindande pliktarbeid hos gardeigar. Den kunne variere ein god del etter kva den enkelte si husmannskontrakt inneheldt, men om ein tek for seg Vestnes og Tresfjord, ser ein at den årlege plikttienesta som gjekk under nemninga «å komme på tilsigelse» var på mellom 10-15 dagar i spesielt slåttonna på innmark og i utmarka. Ein finn eksempel på berre 3 dagar pliktarbeid og heilt opp i 40 dagar med pliktarbeid hos hovudbruket som plassen låg under.

I andre delar av landet hadde dei ei gruppe som vart kalla *arbeidshusmenn*, som stod i eit nærare avhengigheitsforhold til jordeigaren enn det ein som bygsla eit plassebruk gjorde. Dei var meir ufrie til å kunne ta seg lønna arbeid, men dei hadde til gjengjeld ofte ei betre sosial sikkerheit om familieforsørgaren skulle falle frå. På plassar på flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag var husmannen ofte meir *rein gardbrukar* enn her på Nordvestlandet. Historikarar er usamde om ein kan bruke terminologiane arbeids og bygselhusmenn, men dei dug til å forklare ulik ressurstilgang og arbeidstradisjonar mellom landsdelar med ulik naturgeografi. Det er viktig å vere klar over at ein husmann med ei bygselkontrakt i Romsdal i dei fleste tilfelle dreiv på med det ein kan kalle mangesysleri. Han var ofte fjordfiskar, bygdejeger og ofte spesialisert handverkar utanom det å drive ei marginal gardsdrift. For plassen, isolert sett, kunne ikkje greie å brødfø ein oftast stor familie. Til det var dyretal og avlingar «fær reng» som dei sa. Husmannen og i like stor grad familien hans var avhengig av å tenke og handle

allsidig for å overleve. Det gjenspegla arbeidsoppgåver for alle i husmannsheimen. Ei husmannskjerring tok ofte på seg arbeidsoppgåver som baking, sylting og gardsarbeid rundt på bygda, og husmannsborn frå 7 års alder vart sett til å utføre pliktig gjeting av husbondens dyr. Dette var i mange bygselkontrakter i Vestnes og Tresfjord sett til å vere gjeting av husbondens dyr ein dag i veka. Stadnamn på tidlegare husmannsplassar som *Skomakarplassen* finn ein att fleire stader i kommunen, og namnet er her tidstypisk nok samansett av plassingen sin status i eit standssamfunn og det handverket han utførde.

I Olav Eidhammer si oversikt over heradsstyremøte (kommunestyremøte) i Vestnes og Tresfjord kjem det fram at lokalpolitikarane fremja forslag om ei sosialreform når det gjaldt det som i samtida vart kalla «*Husmannsvæsenet*». Det er uklart, reint historisk, om kva som var sjølv tanken kring denne sosialpolitiske reforma, men av møteprotokollane framgår det av 21 mars 1838:

Samtlige tilstedeværende antog som regel at enhver gårdbruger i Westnes Thinglaug som herefter nedsætter huusmænds familier på sin gård, skal være forbundne til at skaffe dem livsophold for deres hele familie deres levetid, med mindre huusmanden bliver forarmet ved uundgåelige ulykestilfælde på det disse ei skal blive fattigvæsenet til byrde.

Den 13 juni i 1838 kom forslaget opp til avgjerd i formannskapet:

Forslaget av 19de marts angående huusmænds nedsættelse i Westnes Thinglaug der var foretaget i formandskapsmødet den 21de marts dette år - blev igjen i dag fremlagt, oplæst, og av samtlige tilstedeværende antaget med tilførende: «Enhver som nedsætter huusmænd på sin eiendom bør underkaste sig formandskabets skøn om det udlagte areal er af den størelse og beskaffenhed, at det angjældenes flid, arbeidsomhed og tarvelighed, forudsat kan afgive livsophold for ham og famelie. Dette forslag bliver at omsende til samtlige gårdbrugere til ærklæring og underskrift. Som weiledning med hensyn til ovenomhandlede skøn antages det i almindelighed at enhver husmands-plads minst bør kunne føde 2de kiør og 8te får.

Noko vidarereføring av formannskapet sitt vedtak finn ein ikkje i seinare referat frå møteprotokollane. Sosialhistorisk er forslaget heller sjeldan for si tid. Så kan ein spekulere på om forslaget hadde velferd i tankane, eller om det var fremja av hensyn til ei slunken kommunekasse? Ser ein på data frå folketeljinga av 1865, så hadde interessant nok framleis eit gjennomsnittleg plassebruk i Vestnes lavare dyretal å fø seg med, enn det dette sosialt betinga reformforslaget i 1838 fremma.

5.2 Kulturlandskapet – bruksspora i eit landskap

Det ein kan kalle ei førmoderne gardsdrift er i all hovudsak meint som ei gardsdrift der ein gjorde store delar av gardsarbeidet ved hjelp av kroppsarbeid. Utover siste halvdel av 1800-talet kom det mykje nytt inn på ein del gardar i vår region.



*BILDE: SLÅMASKIN TREKT AV TO
HESTAR PÅ REKDALSBAKKEN
TIDLEG PÅ 1900-TALET*

Slåmaskina, hesteriva, såmaskiner, mekaniserte trøskeverk og stubbebrytaren vart alle eit merkbart framskritt for den enkelte gardbrukar. Men, dette skapte eit stort overskot av arbeidslaus ungdom som ikkje fekk seg teneste som dreng og tenestetaus meir, når maskindrifta via hestekrafta var

meir effektivisert. Ser me på ein tidstypisk gard på Vestnes og i Romsdalen kring 1840 er det eit anna bilete me får opp av gardsarbeid, og alle dei arbeidsnevane som måtte ta i eit tak for å få årshjulet kring hovudbruket til å fungere.

Det førmoderne jordbruket som var sterkt prega av tungt og manuelt kroppsarbeid med mange sysselsette på bygda vart frå siste halvdel av 1800-talet og framover prega av ein aukande grad av mekanisk reiskap og seinare maskinbruk. Befolkningsoverskot i bygdelaga, kombinert med låg etterspurnad etter arbeidskraft, og manglande lønnsarbeid, førde til mykje flytting for arbeidsføre tenestefolk til industrireisninga i byane. Men nasjonen vart og på nokre tiår (spesielt frå 1870 av og fram til ca 1920), tappa for den beste arbeidskrafta, når heile huslydar og ikkje minst ungdom frå husmannsplassar og gardbrukarsøner utan odelsrett emigrerte til Sambandsstatane og Canada. På grunn av alt det manuelle tungarbeidet gjort gjennom mange generasjonar på tilnærma same måten, fekk ein spesielt utsjåande kulturlandskap.

Kulturlandskapet kan definerast som eit tradisjonelt jordbrukslandskap knytt til låglandet i form av hagemark, hamnehagar og natureng. I den meir faglege vurderinga av kvalitetane i eit kulturlandskap vert bygningar, eldre infrastruktur som til dømes steingardar og einergjerde, samt floraen si samansetning, sett inn i ein samanheng med bruksspora. Forteljinga om bruken av landskapet synleggjer tradisjonelle arbeidsfelt som utgjer ein heilskapleg driftstanke. På fjellet har seterdrifta med intensivt beite og slåttepraksis i li og på myr skapt kulturlandskap, og langs kysten har utegangarsau beita på røsslyng. Desse landskapa har alle det til felles at dei er kulturpåverka natur, skapt av langt tids tradisjonsbruk av jordbrukarar.

For 100 år sidan var kulturlandskapa i Vestnes langt meir synlege og haldne i hevd enn det som har vorte tilfelle dei siste tiåra. Det ser ein tydeleg av bevarte foto frå jordbruks- og produksjonslandskapa frå den tida. Eit eldre prega kulturlandskap vil framstå nærast som ein stor mosaikk av tidsspor og bruksspor. Det tradisjonelle kulturlandskapet i Noreg og i Romsdal var sterkt prega av aktiv bruk, bruksområda varierte sjølv sagt etter naturleg forekommande topografi på staden, og ulike typar naturressursar som inngjekk som ein del av landskapet. I dag er mange verdfulle kulturlandskap sterkt endra på grunn av reguleringar av areal, attgroing av terreng i form av skogvokster, og mangel på interesse for å drive skjøtselsarbeid som ivaretek landskapet. Likt andre kommunar med ei tidlegare dominerande primærnæring som jordbruket, er dette og situasjonen i Vestnes. Men offentlege midlar

(STILK) vert ytt, for å ta vare på særskilt verdfulle kulturlandskap med sårbare plantesamfunn.

Kulturlandskapet vart til i bronsealderen, då folk begynte å leve meir bufast og halde seg med husdyr. I Rauma kommune er det til dømes arkeologiske funn som bekreftar seterdrift for 2500 år sidan. Truleg ville tilsvarande undersøkingar i Vestnes ha stadfesta om lag same tidsrom i bruk av fjellet som ressurs.



HØYONN PÅ SKITNESETRA I 1924

Ser ein på eit tidstypisk kulturlandskap i Vestnes før jordbruket vart heilt mekanisert, er det nokre klare fellestrekk som stikk seg ut. Eit eldre kulturlandskap kan kjennast att, fordi det inneheld ein tidlegare bruksprofil prega av slått og husdyrbeiting, krattrydding, og lauvving. Lite bearbeiding av jorda og ingen eller låg bruk av kunstgjødsel er eit anna kjenneteikn. Ei eldre slåtteeng vil innehalde plante- og grasartar som ikkje tåler bruk av kunstgjødsel i særleg grad. Ei større blåklukkeeng med prestekragar, orkidear og grastypen *gulkvein* er eit døme på artar som treng ei ugjødsla natureng. Blåklukka er det ein kallar *nitrofob*, ho tåler ikkje nitrogenet i kunstgjødsel, og veks berre i utkant av sprøytepåverka eller fullgjødsla graseng.

I Vestnes er det relativt godt undersøkte og beskrivne kulturlandskap gjennom diverse kartleggingar av ulike naturtypar i kommunen. Nokre av desse kulturlandskapa har spesielt høg referanseverdi når det gjeld å vurdere eit kulturmiljø på ein heilheitleg måte. Vestnes kommune mottek i snitt 120 000,- til 140 000,- kvart år i STILK-midlar. Desse midlane kan grunneigarar søkje på, mot at dei forpliktar seg til å gjere ein innsats for å halde kulturlandskapa i hevd og hindre vidare attgroing. Kommunen prøvar å strekke midlane, slik at desse kan nyttast til ulike, men samsvarande formål som skjøtsel av verdfull natureng og til restaurering av eldre bygningar i kulturlandskapet.

5.3 Nokre utvalde skjøtselområde i Vestnes

Sakselia i Hoemsdalen på Daugstad:

Høg referanseverdi. Klassifisert som eit A- område av biologar og botanikarar ved kartlegging. Botanisk spesielt verdfullt med ca. 120 artar planter og beitemarkssopp. Mellom anna fleire relativt sjeldne orkidear for regionen.

Eldre driftsbygningar, steingardar, høyløer og sommarfjøs inngår i ei storslagen landskapsoppleving med Sakselifossen og utsikt innover vidstrakt fjellheim mot Måndalsfjella og utover Tresfjorden si sørside.

Kriken / Krekja i Løvika langs Tresfjorden:

Bygningsmiljø, botanikk og eldre infrastruktur. Klassifisert som A- område og har mykje av dei same verdiane som Sakselia.

Eldre natureng i Løvika:

Vert slegen årleg med mekanisk slått, tilpassa engar si tåleevne når det gjeld tyngde på slåttmaskineri og toleransegrad reint botanisk for ytre påverknad av ikkje-manuell slåttmetode. Engar har mellom anna ein rik førekomst av *raudlista orkidear*. Vurdert som eit A- område.

Kjelbotn i Skorgedalen:

Høg referanseverdi, vurdert som A-område på grunn av artsmangfald i lite påverka og ugjødsle natureng.

Jostølen på Tomrefjellet:

Større forekomst av den sjeldne arten *solblom* eller *hestesoleie* kalla lokalt. Eldre tidstypiske seterhus skaper ramme kring og på stølsområdet.

Feøya ved Helland / Hagneset:

Verna som sjøfuglreservat, men er eit spesielt område når det gjeld sjeldne beitemarkssoppar og varmekjær edellauvskog som hassel, alm, ask, vivendel, hagtorn, og forekomstar av planta kusymre (aurikkel). I tillegg har Feøya ein markant gravhaug som truleg inngår i eit gravrøyssystem i lag med tidlegare røyser på Hagneset og på den skogkledde Skurveholmen nær Vestnesstraumen ved innløpet til fjordarma Flatevågen.

Dette gravrøyskomplekset er arkeologisk vurdert ved fleire høve til å sjåast på faghistorisk, i samband med fleire røyser på Gjermundnesholmen, Leikarneset og Bakneset. Ei stor og mektig ætt kan ha hatt området under seg, etter arkeologiske funn, innseglingsslei og hamnetilhøve for skip og båtar å døme. Ein annan viktig faktor i området, er godt jordbruksland, som nok var av det første nybrotlandet som vart teke i bruk til beiting og matproduksjon i kommunen.

5.4 Bruken av vasskrafta i Sesselva og Misfjordelva

Ulikt dei fleste elvane i kommunen, har Sesselva vore eit vassdrag som grunna stabilt nedslagsfelt frå høg fjella har hatt det ein før kalla årgangsvatn. Sesselva er nemninga på eit elvemøte mellom Hoemselva og Sessdalselva. Soga om vatnet si betydning historisk kan vel neppe understrekast nok. I vatnet låg og ligg kimen til å kunne leve eit fullverdig liv. Sesselva har ein brukstradisjon ved seg som er av høg kulturhistorisk verdi. Sjølv om mange av sagene og kvernhusa som før stod nedover kring elva heilt frå fjellgarden oppe i Sakselia og til kring Storhølen som er 500 meter frå elvaosen, no er borte, har ein god historisk dokumentasjon på den allsidige bruken av elvevatnet. Ein får eit innsyn i dei mange interessene folk har hatt for å kunne nyttiggjere seg av rennande vatn frå høg fjellet og elvefaret heilt ned til fjøresteinane. Det må her trekkast fram ein særseleg leseverdige artikkel skriven av Jon Villa, publisert i Romsdal Sogelag sitt årsskrift, om brukshistorikken til denne elva opp gjennom åra. Han nemner mellom anna heile 7 oppgangssager på 1600-talet, som ein har historisk bruksdokumentasjon på. Desse skar skurlast til tømmeroppkjøparar. Gjermundnesfuten som hadde eigarinteresser der skal ha fått gravd ut ei sagveite på 1700-talet. Kvernhusdrifta i Sesselva kan stå som eit lokalt døme på omfattande historisk bruk av elvevatnet til eit føremål som omhandla det å få sette det «daglege brødet» på bordet i heimane. Ser ein på andre elvedalar i kommunen og regionen, vil ein finne mykje av den same brukshistorikken kring kvernhusdrift og sagdrift der. Til dømes var det kvernhusdrift i Kjersemdalen, på Frostad i Tomrefjorden og i Gjelstenelva på Gjelsten innanfor det same tidsrommet. Eit vidt tidsrom i høve til å bruke rennande vatn som ein føresetnad for daglege behov. Bruken av vatnet i elva til å male brødmjøl ved hjelp av kvernhusdrift finn ein i dag att i form av grunnmurar frå forfalne kvernhus og stadnamn som *Kvernhusdalen*, *Kvernhusflata* og *Kvernhusplassen*. Nokre kvernhus står framleis att i kommunen.

Når det gjeld krafthistoria angående Sesselva på Daugstad, så vart elva lik mange andre vassdrag med høvelege fallrettar, omfatta av interesse for muleg kraftproduksjon i elveutbyggingane sin barndom. Det gjaldt og den delen som noko lengre oppe i fjellet går under namnet Hoemselva i Hoemsdalen. *Ingeniør Knoph* sikra seg fallretten til Liafossen ved Sakselia på det viset at han kjøpte opp denne av dei lokale grunneigarane i 1896. Han var tidleg ute når det gjaldt å kjøpe opp fallrettar av grunneigarar over heile Noreg. Ved kjøp av fallrettane i Hoemselva med Liafossen ved Sakselia vart det rekna ut kor stor mengde vatn i kubikkmeter ein skulle rekne anslagsvis på kvar utkjøpt grunneigar i høve til å fastsette eit økonomisk tilbod til kvar enkelt av dei. Det kan i den samanhengen og mellom anna nemnast at han rekna nøyaktig ut kvar einaste fallhøgde av energimeisig verdi:

Sakselidfos 126 m paa 300 m horisontal længde. Juvanfos 120. m.paa 550 m. horisontal længde. Elven mellem Sakselidfos og sammenløbet: 51 m paa 450 m horisontal længde.

Slik rekna han ut kvar del av elva si fallhøgde. I eit skriv kalla *Daugstadelven* frå året 1900 skriv Knoph om diverse tilhøve knytte til å nyttiggjere seg elvevatnet på Daugstad til kraftproduksjon. Han nemner og noko om topografi og lokalgeografien:

Ca 20 km ret i syd for byen Molde, paa et fjeldplateau af 800-1000 meters høide udspringer de to elve Sætreeelv og Hoemselv, den første kommende fra en rekke tjærn ved foden af det 1100 m høie fjeld Troldtinderne, den siste dannende afløbet fra de to søer Troldvand og Indstebotnvand. Efter at have tilbagelagt en strækning af ca. 5-6 km forener begge elve sig under dannelsen af de to fosse Sakselidfos og Juvanfos og fortsætter under stærkt fald sit løb

mot fjorden. Ca 400-500 meter fra denne dannes det ca. 40 m høie vandfald Sætrefos der udnyttes til drift af en del mindre sag og møllebrug. Elven er bekjendt for sitt rige aargangsvand.

Nestan 100 år seinare vart desse rettane kjøpt opp att frå Knoph sine arvingar av Vestnes vassverk, før dei så havna på lokal grunneigarhand att mange år seinare. I ei tidleg teknisk-industriell forståing av elva sitt kraftpotensial ser ein eit døme på at ein hadde fått ei forståing av elvevatnet sine ressursar til kraftproduksjon av energi, men ein hadde større avgrensingar reint teknisk til å kunne omsette planane i praksis. Det handla og om å få reist nok kapital til å få gjennomført vassreguleringa i ei tid med svak samfunnsøkonomi og større internasjonale lavkonjunkturar økonomisk. Sakselifossen eller Liafossen er eit godt synleg landemerke rett ved Sakselia. Store kraftutbyggingar nasjonalt og rimeleg olje, gjorde nok at utbygginga ikkje blei noko av. Det skal ein viss marknad og straumpris til for at ei elvekraftutbygging vert lønnsam. Informant *Jarle Løvik* nemner at han som gut syntes det var rett så spanande når dotter til ingeniør Knoph kom til Daugstad for å vurdere familien sine rettigheter til Sesselva sitt vatn. Ei slik bydame med høge støvlar som ferdast langs elva, var dei ikkje vane med å sjå. Grunneigarane ønska salet omgjort og det vart difor ei rettstvist i høve Knoph sine arvingar sin advokat og bygda for nokre tiår sidan som bygda vann fram i. For ein del år siden fekk Vestnes vassverk kjøpe attende fallrettane frå etterslekta til ingeniør Knoph for nokre hundre tusen. Intensjonen var å sikre reserveforsyninga til vassverket. Det er no i seinare år gjennomført regulering av Hoemselva og Sesselva via det lokale selskapet Sesskraft.

Det kom til eit større økonomisk oppsving nasjonalt som seinare har vorte omtala som «dyrtida», og då endra dei økonomiske tilhøva seg mykje her i landet. Dette skuldast mellom anna høge inntekter grunna landets nøytrale skipsfartsnæring under første verdskrigen, men så kom det smalhans så det forslo i åra seinare, og landet gjekk inn i ein langvarig økonomisk depresjon. Dette påverka naturleg nok investeringsinteressa og muligheitene til å realisere kraftutbyggingar. Sesselva sine omskiftande eigarskap angåande fallrettar, vart eit lokalt døme på svært så vanlege nasjonale tilhøve i den første tida med kraftutbygging og etterverknaden av oppkjøpa.

Når det gjeld kraftproduksjon i Misfjordelva vart det i 1930-åra bygd eit kraftverk i elva ved hovudløpet mellom Misfjordsaga og sjøosen i Flatevågen. I motsetnad til dei tidlege tankane om utbygging av Liafossen i Hoemselva, var det i høve kraftreguleringa av Misfjordelva, berre snakk om ei utbygging som omhandla kraftproduksjon for å produsere kraft til å sikre dei nærmaste gardane i Misfjorden elektrisk straum til eige behov. Dette elvekraftverket var det første av sitt slag i vassdraga i Vestnes. Det var i drift i fleire periodar. I likheit med Sesselva er det no gjennomført ei nyare regulering i Misfjordelva ved at ein har fått konsesjon til å bygge ut småkraftverk. Dagens kraftverk produserar straum for sal via ein kraftbørs til marknad.

5.5 Etableringa av nye bruk gjennom ordninga Ny Jord

For å dempe den massive emigreringa til sambandstatane og Canada, og å dempe ned verknaden av ein krisetidsramma økonomi i mellomkrigstida, som var prega av dyrtid, inflasjon og høg arbeidsløyse, vart det ein offisiell politikk frå styresmaktene sin side å betre

vilkåra for tilrettelegging av bureisingsbruk i Noreg. Vestnes var ein av mange kommunar som fekk lagt ut nydyrkingssmark. Med hjelp av offentleg subsidiar vart det kjøpt opp dyrkbart areal og gjeve gunstige lånekår til bureisarfamiliane. Den norske staten hadde gjennom tid oppmuntra til å etablere bureisarbruk, der tilhøva for å drive jordbruk var gode, men der jorda framleis låg brakk av ulike årsaker, og vart å rekne som uproduktivt brakkland av myr i staden for å ha vorte teke i bruk som produktivt jordbruksland som kunne dyrkast opp til matjord som kunne gi avlingar til verdfull matproduksjon av ymse slag. Det norske myrselskap og den seinare private ordninga med statstilskot for å fremme etablering av bureisarbruk kalla «Ny Jord», greip markant om seg i Møre og Romsdal. I fleire kommunar vart myra drenert og dyrka opp til landbruksjord. Dette gjaldt mellom anna i Fræna, Eide, Gossen på Aukra, Smøla, Rindal, Tingvoll og på Furlandsmyrane mellom Vestnes og Tomrefjorden. For Vestnes sin del vart det for andre gong i historia teke til med storskala oppdyrking av Furlandsmyra. Første gongen myrdyrking vart gjennomført i større omfang, var då forretningsmannen *Jacob Jervell* frå Molde iverksette sitt arbeid i året 1850. Feltet vart kjøpt gjennom statlege tilskot til uthus, rentefritak for etableringslån og auka tilskot til bryting av ny dyrkingsjord. Grunna feilaktig form for dyrkingsmetode, kalla benking, og ein usikker økonomi, måtte han gje opp arbeidet nokre år seinare. Men nokre generasjonar seinare vart mykje av det han hadde planlagt realisert med utvikling av nye gardsbruk og nybrottsheimar.

Jervellprosjektet var nok nokre tiår for tidleg ute, men i mellomkrigstida vart hans planar på sett og vis vidareutvikla og verkeleggjort gjennom den statleg sikra Ny Jord-ordninga. Dette vart administrert av landbruksselskap og jordstyre. Frå 1917 fekk landbruksselskapet Ny Jord statsmidlar til bureising. Interesserte nybrottsmenn fekk tildelt parsellar til nydyrking og reising av nybrottsheimar. Dette området av Furland har seinare vore kalla Ny Jord. Samla areal var på 2808 dekar (mål), og arealet vart fordelt på heile 17 bureisingsbruk. Resten av gardane på Furland er eldre bruk som vart etablert under Jervelltida, frå hans oppkjøp av området i 1850. Det vart i 1922 grove ut ein større kanal som leia vekk vatnet frå veiter og ned i Flatevågen. Kanalen kalt Furlandskanalen strekker seg over heile Furland i ein kilometers lengde. Bruka vart selde til bureisarar på nemnde gunstige tilskots- og lånevilkår.

Ei oversikt frå 1921 viser at det då berre var 18 bureisingsbruk i fylket, medan det i 1930 var 69 bruk.

Nasjonalt sett vart det gitt tilskot til over 10 000 bureisingsbruk mellom 1921 og 1936. Over 180 000 dekar landbruksjord vart dyrka opp. Ordninga heldt fram i ein mindre målestokk nasjonalt fram mot slutten av 1970-åra. I 1972 slo staten saman bureisarordningane Ny Jord og Det Norske Myrselskap. For vidare lesing om lokale bureisingsbruk på Furland finn ein mykje interessant stoff i boka om Furland 1850-2000. Utover 1930-talet vart det meir vanleg å drive med pelsdyr for ein del gardbrukarar. Det gjaldt og nokre bureisarar på Furland. Dei satsa helst på «søllræv» og håpte på å få ein utstillingspremie og gode avlsdyr. Andre nemningar dei brukte på genetiske kryssingar var «korsræv» og «blåræv». Det var mest revehald aust i kommunen, medan det i vestlege delar var meir av minkfarming. Nokre år var det gode pengar å tene på pelsdyra, og andre år var det elendige prisar på grunn av metta marknad og priskonjunkturar på den internasjonale marknaden.

5.6 Kvinnearbeid og barnearbeid

Kvinnearbeidet var, fram til at likestillinga mellom kjønna skapte samfunnsomveltningar og nye næringsvegar, sterkt avgrensa frå mannfolkarbeid. Dette gjaldt og andre vegen. Det ville vere utenkeleg for ein bonde å drive fjøsstell eller å vere budeie på setra i eldre tid. Det tilhørde ikkje hans mentale horisont å gjere slikt «tausearbeid» eller å drive med «kvinnfolkstrev» som dei sa. Hadde han gjort det hadde han vorte terga og sett ned på av naboar og kjentfolk. Eit døme er ein mann som hadde kjerring i Tomrefjorden. Dei kalla han all dagen berre for «Tausa-Arne» fordi han gjorde kvinnfolkarbeidet i heim og fjøs, og let kjerringa ta hand om mannfolkarbeidet. Slikt vart det mykje folkesnakk av i ei tid prega av vesentleg meir fastlagte kjønnsrollemønster som vart tydeleggjort gjennom «kara-arbeid» og «kvinnfolkarbeid» enn kva tilfellet er i vår samtid. For ei jente var det viktig å lære seg best mogleg det ein før kalla «tausetenest» og kvinnfolkarbeid. Den beste læremeisteren i praksis vart som oftast hennar eiga mor som ho gjekk saman med frå småjentetida og fram til ho vart i konfirmasjonsalderen. Slik lærte ho seg mangesidig arbeid frå tidleg barnsbein av, og det som hørde med til kvinnerolla i heimen. Dette var naudsynt i arbeidslivet innanfor årshjulet på ein førmoderne gard.

Men det finst fleire dømer på at tausene kunne vere med far sin og eldre brør på typiske arbeidsfelt knytta til mannsrolla. Ei jente som var fødd i 1873 frampå Fremstedalen i Skorgedalen har i sin alders haust fortald på lydband om at ho brukte å vere med på rypefangst om vintrane som tausungen. Ho hjalp far sin med å sjå etter rypegardane og tok hand om fangsten av rype som dei snarefanga på Fremstedalen og frampå Måslia. Dei fekk 20 øre for kvar rype som vart kjøpt opp av veginspektør Siewers eller «Vega-Sjur» som dei kalla han. Kor vanleg det var at ei taus deltok i jakt og fangst på den tida er det vanskeleg å seie noko om, men ein kan nok gå ut frå at all arbeidshjelp var kjærkomen, og at naudsynte behov i fleire tilfelle oppheva meir fastlagte kjønnsroller i arbeidsoppgåvene. Som vaksen dame er det mindre truleg at ho hadde delteke i veiding. Ho nemner likefullt ei nabokjerring som sette rypegardar av bjørkeris på Fremstedalsfjellet og nær Måslia i nestan same tidsrom, kring 1840 - 1880. For dei fleste kvinnene vart livsrolla utmeisla og avgjort i høve til ei kommande husmorrolle og til det å vere barnemor, samt matmorrolla for dyra i fjøsen. Barnepass av småsøsken var obligatorisk for ei ungjente å gjere i ein heim og på ein gard før. Dei eldste ungane fekk gjerne ansvaret for å ta hand om småsøsken der travle foreldre ikkje fann tid.

Kva skulle ei arbeidsfør kvinne rekke å gjere på ein lang og slitsam arbeidsdag? Det kan trygt slåast fast at det var mykje ho måtte henge fingrane i, og allsidig av seg var ho nødd til å vere. For ei tenestetaus kring åra 1880 eksisterar det opplysningar frå Skorgedalen i Tresfjord om at det var vanleg å arbeide med kroppsleg arbeid frå klokka 06.00 til kring 20.00 på kvelden. Ein informant har fortald at ho sovna tvert når ho la seg om kvelden. Det gjaldt både som hushjelp, eller om ho tok på seg det noko meir friare sesong

arbeidet som budeie på setra. Etter at ho gifta seg og vart mor vart det ikkje mindre å gjere, men arbeidsoppgåvene vart gjerne noko annleis enn når ho gjekk i teneste. Ei gardkjerring hadde ikkje typiske oppgåver som låg til ei tenestetaus heime på garden, og i all hovudsak var det vanlegast å sette eigne ugifte døtre frå 15 til 20 år til å ta hand om seterstykket. Hadde ein ikkje døtre i aldersgruppa så vart det ofte leigd inn ei ung kvinne til å ta på seg arbeidet. Ei etablert husmor og gardkjerring gjorde oftast ikkje hovuddelen av dette arbeidet, men bidrog i

lag med mannen med praktiske oppgåver for å halde seterdrifta og utmarksbeitinga gåande i sommarhalvåret. For husmannskjerringene var slike roller i høve til alder og posisjon mindre tydelege enn for ei noko meir velståande gardkjerring. På mange måtar vart mang ei husmannskjerring ei slags tenestetaus heile livet gjennom uavhengig av alder. Noko som igjen må sjåast i høve til det standssamfunnet som hadde skapt skiljet mellom sjølveigar og bygslaren eller leigetakar av matrikulert dyrkajord.

5.7 Frå trekjerald til separator - setra som garden si forlenga arm



«Petterbua» på Nordigardsetra i Tresfjord. Fotograf: Lars Erik Hubred (2007)

Seterdrifta ein heilt sentral og sjølvstendig del av det førmoderne jordbruket, for å i det heile tatt kunne drive ein gard. I tidsrom før ein fekk tilgang på maskinhjelp, kunstgjødsel og nyare engfrøblandingar som kunne auke grasvidda på heimebøen og utvide attlegene var det heilt nødvendig å bruke fjella som ein sentral del av gardens produksjonslandskap. Noko av det mest essensielle med eldre tids seterdrift er å sjå på bruken av eit produksjonslandskap som heimgarden si forlenga arm. Det var den muligheita som etablerte seterdrifta for minst 2 500 år sidan, etter arkeologiske undersøkingar mellom anna i nabokommunen Rauma å døme. I Vestnes syner dokument at det vart drive setring på 1600-talet, men det er nok utvilsamt snakk om eit mykje lengre tidsrom med seterdrift her i kommunen og. Det er dei same naturtilhøva for det meste i Vestnes som i Rauma, og at jordbruket her ikkje skal ha teke i bruk setringa i same tidsrom som i nabokommunen i oldtida synest lite sannsynleg.

Jordbruket var alle stader basert på utmarkshausting som einaste alternativ før nyare engfrø og kunstgjødla kom til seint på 1800-talet. Det er difor høgst sannsynleg at ei arkeologisk undersøking av setrane i Vestnes ville ha fortalt oss om ein bruk som er mykje eldre enn kva desse dokumenta seier oss. Når dei bestemte seg for å anlegge ei seter så var det ein møysommeleg arbeidsprosess som vart sett i kraft.

Setra skulle ha godt tilgjenge til brennfang til vedfyring på grua. Den skulle ha ein flat støl eller setervoll som det og vart kalla, og det måtte vere ei grov eller ei elv rett ved setra som sikra drikkevatn og kjølemuligheiter for tjukkmjølka. Det var og viktig at gode grasbeite ikkje låg så langt vekk frå setra at det meste av tida vart brukt på å drive krøter og småfe til og frå beitemarka. Vekstsesongen i fjellet måtte ein ta omsyn til, og det var alltid ein fordel om det låg fiske og veidemuligheiter i nærområdet til setra. Det eksisterer mang ei forteljing om setrar som vart fråflytta på grunn av naturtilhøva. Hoemssetra i Daugstadjella er ei av fleire setrar i vår kommune som vart flytta på grunn av at ho var så utsett for steinsprang og ras. Nokre setrar vart og flytta fordi dei låg midt i det dei kalla «bjønnarekslå», bjørnen kom alltid dit på haustparten og drap husdyr; før han skulle leggje seg i vinterdvale i hiet måtte han feite seg opp.

Nokre stader flytta dei og på setra grunna juridiske tvistemål om rettigheter mellom gardane og grendelaga, og var det for mykje hoggorm som jurstakk kyrne over tid, kunne det og vere ein grunn til å måtte ta fatt på eit slikt storarbeid som å ta ned laftabygga og flytte dei. Bak alle desse åtgjerdene i høve å sikre ei best mogleg seterdrift låg nødvendigheita av det ei seter kunne bidra med til heimgarden sin totale produksjon. Utmarkslåtte og heimkøring av tørka fjellgras på vinterføre vart mindre aktuelt når nye engfrøblandingar, kunstgjødse, og nydyrking ga store grasavlingar på heimebøen. Men slåttepraksisen her i regionen heldt seg til seint på 1940-talet og i nokre få tilfelle til dei første åra inn på 1950-talet. Arbeidsforma var tungvint og svært arbeidskrevande, og vart avvikla då landbruket sine moderniseringsprosessar og dei nye driftsmetodane skaut fart.

5.8 Budeia sin kvardag kring 1850

I tida mellom ca 1750 og siste halvdel av 1800-talet var seterdrifta med tilhøyrande beitebruk og slåttepraksis på sitt mest intensive innan det førmoderne jordbruket. Talet på beitedyr vart dobla i denne tidsperioda, før mekaniske nyvinningar, endra dyrkingsmetodar og driftsmønster slo igjennom. Budeia eller setertausa sine oppgåver krevde hardt manuelt kroppsarbeid frå grytidleg morgon til seine kvelden. Arbeidsdagen starta når dagsljøset kom med morgongryet kring klokka 05.30. Før fjøsstellet i seterfjøsene og utslepp av buskapen til beiteområda i den oftast regulerte felles hamnegangen i grenda over tregrensa, tok budeia seg ein matbit. Dette første måltidet i gryotta vart kalla *åbit*. Utanom den biologiske klokka som regulerte arbeidstid, døgnet sine gjeremål, og søvnmønsteret, kunne ei budeie bruke sola og særprega terrengformasjonar som målmerke på kva klokka leid på dagen. Dette kalla dei tidlegare for *dagsleite*. På ei seter som Remmemsetra eller Salthammarsetra hadde dei Mimorgosteinen opppe ved lågfjellet *Bjønntuå* å stø seg til. På soldagar kunne dei vite omtrentleg kva det leid på dag, når sola stod rett over Mimorgosteinen. Då kunne budeia sannsynlegvis lage seg ei solhelle med handa og gløse opp på dette grunnfjellet nedanfor toppen av *Bjønntuå*.

I Tresfjorden hadde dei liknande landemerke for tidsorientering i form av ei lita grov kalla Nonsgrova, og fleire stader hadde dei Nonshaugen og Nonsfjellet som slike tidsmerkje. Så gjekk arbeidsdagen sin gang der oppe i fjellet. Gjeremåla var i hovudsak dei same frå ein dag til neste. Det gjekk med mykje tid til å reingjere trekjerald. Dei brukte finkorna elvesand og kokte inn kara med einerlog. Einerlog vart og brukt til å vaske og reingjere golv i seterbua med. Før det vart vanleg å bære ned mjølka og andre meieriprodukt kvar kveld, eller før dei kunne bruke traktor og mjølkebil, var det vanleg å sette mjølka til avkjøling i ei *oppkome* med stabilt kaldt vatn. I sengene der dei låg brukte dei sengehalm, og bolster eller skinnfellar til dyne. Budeiene var mykje i lag med kvarandre der det var større setergrender. Dei hjalp kvarandre med å passe på beitedyra, eller dei kunne komme i lag og ete eit måltid saman. Ein gong for året kunne dei møtast, og gå seg ein fjelltur utrusta med kaffikjel og god mat. Det vart helst deira eine feriedag for heile sommaren der oppe i fjellstilla. Setertausene på Brastadsetra og Skorgenessetra gjekk årvisst ein slik tur til Remmemsvatnet, der dei matstelte seg.

Ofte bytte dei på kven som skulle stå for serveringa. Ved nokre setrar hadde dei gjetarborn som hjalp budeia med buskapen gjennom setertida. Det var helst der det var mykje dyr samla at gjetarane låg fast på setra. I slike høve vart beiteretten og grenser mot naboar sin beiterett vakta nøye på, det vart sett på som moralsk forkasteleg å la eigen buskap beite i annan manns eller andre grendelag sin hamnegang. Gjetarborna hadde mykje arbeid med å halde dyra vekk fra andre område, spesielt når det på varme dagar var mykje insektsplage og dyra skjente ut vart det mykje arbeid for ein gjetar. På mindre stolar var det ikkje så vanleg å halde gjetar fast om sommaren og hausten, der gjorde ofte budeia arbeidet med å følge dyra ut på hamnebeite i fjellet sjølv. Budeia hadde ikkje ansvaret for vøling av gjerder, skjæring av brenseltorv, eller vedhogst knytta til setra. All transport av utstyr dei trengte til seterdrifta låg heller ikkje til hennar oppgåver. Dette var kara-arbeid. Det var derimot vanleg at ei setertaus kunne hekle, eller spinne tråd til eigne klesplagg når ho låg på setra. Mykje av arbeidsdagen gjekk med til å førebu neste dag sine gjeremål. Dei faste gjeremåla med manuelt tungt kroppsarbeid tok mykje tid.

5.9 Setra som ein sosial møtestad

Ein viktig del av livet på setra utanom sjølve arbeidet var at ei seter og ei setergrend vart ein samlingsplass for ungdom i helgane. Der var ungfolket fri frå eldre generasjonar sin sosiale kontroll nede i bygda og på gardane. Setra fungerte difor på mange måtar som ein sosial friplass for ungdommen. Dette fall nokre samfunnsforskarar tungt for brystet på 1800-talet. Dei mislikte at bondestanden let unge kvinner og menn ha ein slik møteplass utanfor foreldregenerasjonen sin kontroll. Dette hang saman med den tids seksualmoral. Myndigheitene og borgarskapet i byane mislikte det dei kalla *nattefrieriet* på setrane, og viste til at nær halvparten av alle born som vart fødd utanfor ekteskap var eit resultat av slik «skjørlevned». I eit konservativt bondesamfunn når det gjaldt seder og skikkar, var det ofte ein meir stilltiande aksept for at ungdom av baa kjønn fekk omgåast. Men mang ein husbonde reagerte nok på kven gardsguten eller gardtausa valde seg ut. Det var svært vanleg heilt fram mot byrjinga av 1900-talet at ekteskap i bondesamfunna var arrangerte ekteskap. Dei ekteskapa var baserte på fornuftsekteskap der ein for all del ikkje måtte gifte seg under sin eigen stand. Det har vore mang ein feide mellom fedre og døtre på storgardar, der dottera hadde fatta kjærleik til ein husmannsson. Å gifte seg nedover rangstigen, vart sett på som heilt

upassande i den tids meir verdikonservative samfunn. Om sommaren hadde budeia helgevask og reingjering til kvar helg, for då kom det ofte bygdefolk innom setra. Det kunne nok komme ein friar frå ei av bygdene kring setra om setertausa var ung og ugift, eller det kunne vere sjølvfolket som ville sjå til seterdrifta og ta med seg smør, ost og mjølk ned att som salsvare. Ofte kom familiemedlemmar opp for å nyte ei frihelg oppe på fjellsetra i lag med ei syster eller ei mor som setra, men den tradisjonen vart nok vanlegare utover frå mellomkrigstida av enn det som hadde vore vanleg omgangsform i tidlegare tider. Det vart dansa på seterstølane eller setervollen, som han og vart kalla. Ein innleigd spelemann kunne halde det gåande til morgongryet rann i ei ljøs sommarnatt, og for ungdom frå bygdelaga var dette ei kjærkommen avveksling på fleire måtar. Dei fleste noko større setre med flatlendt setervoll har nok hatt dansefestar i ei eller anna form fram mot inngangen til 1960-talet.

5.10 Med skreppe og bukkehorn - Barnegjetinga i Vestnes

I motsetnad til i ein god del andre kommunar, veit me mykje om korleis den eldre forma for utmarksgjeting av husdyr på beite gjekk føre seg i Vestnes og Tresfjord sine fjellområde. *Agnar Skeidsvoll* si «Tresfjordbok» har ein del verdfulle opplysningar om dette temaet, men utan tvil er det *Lars Skjegstad* sine livsminne som gjev oss best innblikk i korleis kvardagen kunne arte seg for eit barn på gjetararbeid på 1800-talet. Lars Skjegstad er nok mest kjent for at han som skulelærar fekk iverksett bygginga av gamleskulen med tilhøyrande løe på Vestnes. Dette er dagens frivilligsentral med tilhøyrande sansehage. Skulemannen og klokkaeren Lars Skjegstad gjorde ei god akademisk karriere, og fekk stilling i Christiania som lærar på katedralskulen der. I hans omgangskrets vanka både Ivar Aasen og Arne Garborg, men det er nok meir ukjent sogestoff at han i ei årrekkje som barn gjekk som gjetar i heimefjella, med eit stort ansvar for dyra sitt ve og vel der oppe i fjellheim og skoddeflak.

Gjetinga av husdyr kan reknast attende til bronsealderen, då det vart etablert jordbruksdrift med husdyr, men som arbeidsform hadde barnegjetinga si største utbreiing i tida mellom 1750 og 1860. Det hang saman med at talet på beitedyr i utmarka vart dobla i dette tidsrommet. Eit stort tal på dyr på beite, førte med seg stort behov av tilsyn med dyra, og der kom mang ein unge på landsbygda inn som gratis, eller rimeleg, arbeidskraft. Lars Skjegstad vart fødd i 1831, og vaks opp på hovudbruket på Skjegstad. Skjegstadgarden må reknast for å ha vore eit rimeleg stort gardsbruk her i området for si tid. 1200 mål innmark og utmark åtte garden, og eit høveleg stort tal på vinterfora dyr på båsen etter kjeldene å døme.

For Lars Skjegstad var det Helsetnakken eller Skjegstadnakken og Nonsfjellet som var gjetarområde, og Lars Skjegstad skriv:

Da min ældste bror ikke havde lyst til at gjæde og desuden kunne gjøre større nytte hjemme, og da min yngre broder Peder, som var tre aar yngre end jeg, blev saa stor, at han kunde bytte med mig ligeledes helder ville være hjemme og arbeide end gjæte, blev det mig som gjætet nesten bestandig i hele 7 somre.

Det var ikkje fritt for dramatiske opplevingar for gutungen:

I den tid jeg gjæted, 1838-1845, var bjørnen temmelig almindelig paa de kanter af landet, og jeg saa den ogsaa nogle gange. Det var imidlertid tidlig paa sommeren, da den gjerne æder græs, og den anfaldt ikke kreaturene. Derimod var graabeinen [ulven] efter saueflokkens min flere gange.

Han skildrar vidare i livsminna han let etter seg at han var vitne til at ei husmannskjerring som samgjette for fleire andre gardar, vart råka av at ulven kom:

Jeg saa et dyr komme springende nedover mot hende, og idet det naadde ned til faarene hendes, hopped det lige ind i flokken og bed sig fast i et af de største af dem. Sauene skvat til alle kanter og kjærringen skreg af alle krefter, Ulven kjemped en god stund med sauene, før den fik bugt med den.

Han jaga sjølv ulven vekk frå egne dyr to gonger seinare dan dagen, og då var han berre 9 år gammal. Lars Skjegstad må ha vore ein modig gut sjølv målt opp mot si eiga krevande samtid.

Det kjem fram av livsminna hans at gaupa hadde teke livet av ein bekre (sauebukk) som tilhørde husmannsfamilien som bygsla plass under heimgarden hans. Kjøtet var framleis brukbart då han fann bekren daud i eit kjerr, så Lars Skjegstad laga seg nokre treraier eller strargar som han drog bukken med seg på ned att frå marka. Han trente og opp ein eigen gjetarhund som han brukte dei siste par åra han gjette. Det var mest mot gaupa, skriv han. Skal tru om dette har vore ein av dei første gjetarhundane i Vestnes?

Gjetarpraksisen i andre delar av kommunen var nok i hovudsak nokså lik den som er skildra av Lars Skjegstad. I folketeljinga av 1865 er 5 ungar oppført med yrkestittel *gjetar*. Dei gjette på Daugstad, Skorgedalen, Flate og ut mot Misfjorden, i Tomrefjorden og på Rekdal. For meir informasjon om dette kan ein lese artiklar i Romsdal Sogelag sine årbøker frå åra 2011 og 2012.



BILDE: GJETARSTEINEN VED LOMSTJØNNSTRYGGEN VED BLÅGJELLET NED MOT SKORGEDALEN

Den siste generasjonen gjetarborn som gjette aktivt i utmarka i Vestnes var born fødd seint på 1870- talet og tidleg på 1880-talet. Arbeidsforma gjekk ut av tida då gardsdrifta vart meir konsentrert om å utvide grasproduksjon på heimebøen, og det minka mykje på dei større rovdyra sist på 1800-talet. Fleirtalet av ungane som gjette var nok berre sånn passeleg nøgde med å verte sette til å vere einsame i utmarka med ein bøling og ein saueflokk. Både husmannsungar og gardbrukarungar måtte gjete frå 7- årsalderen og fram til konfirmasjonsførebuinga. Både småtauser og smågutar vart sett til dette arbeidet. Gjetarlønna var

låg heile tida, for det vart betalt mykje dårlegare handpengar til ein gjetarunge enn til ein fullvaksen arbeidskar. Kring 1870-1890 var gjetarlønna på våre kantar (mange fekk inga løn), kring 70 øre dagen. Ungar frå eigen gard eller som høyrde til gardbrukaren sine husmannsbygslar, fekk ikkje løn. Innleigde ungar frå andre grender og bygdelag fekk løn etter same prinsipp som tenestefolk, men born fekk låg løn, både i gjetarmarka i fjellheimen og på ein industriarbeidsplass i dei større byane, på denne tida.

6 Folketru og stadnamnbruk

6.1 «Skogafruå og haubukkjin» - to vette frå folketrua

Namnet *Skogafruholen* er eit lite kjent stadnamn. Dette kan ha vore ein trolsk og mystisk plass etter vettenemninga å døme. Det skal vere ein stad i Remmemsdalen som ber dette stadnamnet, men nærare stadfesting av lokaliteten er ikkje kjent. I seg sjølv eit teikn på at namnet må ha gått ut av daglegtalen for lang tid sidan. Sannsynlegvis er det her snakk om same meininga topografisk i høve til lendebehandling som bak gardsnamnet Holann, når det gjeld hollen-delen av namnet. Ein lang grusrygg eller sandmæl. Dette er det einaste stadnamnet vi kjenner til frå kommunen som peikar på denne huldrenemninga, for skogafru var eit anna namn dei nytta på huldra. Det har vore i bruk samstundes med det vanlegare huldrenamnet. Ein gjætargut på Skjegstad sa at han hadde sett skogafruå i 1868, skriv *Hogne Skeidsvoll* i Tresfjordboka. Ein gjætar hevda og att han såg ho ved Trollvatnet ovanfor Hoemssetra i Hoemsdalen på Daugstad kring 1875. Namnet i Remmemsdalen kan moglegvis komme av att nokon meinte på at skogafruå og dei underjordiske heldt til på denne staden, eller at ho vart sagt sett der. Trua på vettemaktene vart sterkt redusert utover andre halvdel av 1800-talet, men ein god del stadnamn i vår region ber framleis preg av tidlegare folketru.

Huldrenamnet var ei vanleg nemning over heile kommunen, og har nok helst vore mest ålment i bruk den tida ho vart mykje meir omtala enn no. Alder på namnet i Remmemsdalen er det vanskeleg å stadfeste, men at stadnamnet har med utstrakt seterdrift å gjere, er sannsynleg. Huldra og budeiene hadde mykje med kvarandre å gjere, seier segna, men vettenemninga *skogafru* er ukjend for fleire intervjuar personar på over 90 år i dag. Ved Dalsvatnet under Skorkja på Øvstedalen er det ein stad som har vorte kalla Haugfrustupet. Kan dette vere endå ei utgammal huldrenemning her i området som har vorte fortrent av den mykje meir ålmenne huldrenemninga? Folkeminnesamlaren *Ivar Brovold* var ikkje vidare begeistra over at folk framleis ganske seint på 1800-talet kunne ha tru på hulder, haubukk, sjødraug og dvergar, men han såg verdien i tradisjonsstoffet kring dette. Han nemner at haubukken reint kroppslig var på storleik med ein høveleg stor gut kring 10-års alder.

Haugkarane kunne, i følgje den lokale folketrua, sjåast når dei kom bærande med fiskefangst inn i bergheimen sin på stader som *Lørvetehaugen* på Villa nemner Brovold. Der fekk ein rytta spandert juleskjenk av haugkaren som budde der, men han kasta staupet sitt innhald attom seg. *Hulderberje* har eit berg på Daugstad vorte kalla. Ein bygdemann såg kvar ein liten haugbukk smatt seg inn gjennom ei skore i berget. Han må ha vore på fiskeri denne haugkaren, for han bar på ei fiskehonk, seier segna. Dei underjordiske var evig dømt til å leve i løyndom, som ei straff for at Eva hadde gøymt born vekk frå Gud sitt åsyn, seier den meir teologisk baserte mytologien kring dei underjordiske. Frå det nemnte Hulderbergje på Daugstad heitte det seg: «*Ein skal ofte ha høyrd ovfager musikk strøyme ut frå dette berget*», skriv ein skuleelev i skuleborna si stadnamninnsamlinga på 1930-talet. Harpehaugen på Øvstedalen kan ha same type folkemytologisk bakgrunn bak namnet sitt. I utmarka i Tomrefjorden er det ein stein dei kallar for *Huldrestein*, der dei såg huldra. I Fiksdalen skal huldra og gardkjerringane ha vore vel forlikte med naboskapen, men ho kvesste visst i, ei hulder som fekk smøret frå feil smørform av gardkjerringa: «*Kross oppunde og kross oppå i kan ikkje lije nå*», sa huldra. Kristenmannssymbol var ikkje noko stas for dei underjordiske.

6.2 Stadnamn og stadnemningar

For å ha ein knagg å henge stadnamna og stadnamnbruken på er det mogleg å nytte seg av følgjande tilnærming til kva eit stadnamn kan vere:

Stadnamn er eit ord som utløyser ei førestilling om staden namnet gjeld, hjå ei større eller mindre gruppe personar.

Mangt eit naturnamn og lendenamn har røter attende til jernalder og truleg bronsealderen. Å fastslå alder på slike namn er nok i grenselandet til å drive med tipping, men orda si samansetjing, og om namna framstår i bøygd eller ubøygd form, kan i ein del tilfelle seie noko om sannsynleg alder.

Dei fleste naturnamna kan ein dele inn i tre store undergrupper: Fjell- og høgdenamn, vassdragsnamn og skjergardsnamn.

Vassdragsnamna kan og delast inn i mindre einingar som innsjø, elve- og fossenamn, skriv namneforskaren *Ola Stemshaug*. Stadnamna i skog og fjell har ikkje vorte påverka i same grad som mangt eit namn der folk har levd og lever sine liv. *Våren* er eit døme på eitt innarbeidd stadnamn på Helland som opprinneleg må ha hatt ei meir maritim meining. Mest sannsynleg heitte det der *Voren*. Ein *vor* kjenner mange framleis som ei nemning på ei steinbrygge eller ei enkel båtstø. Stadnamna kring fjorden skildrar helst historisk bruk av sjøen. Dei omtala namna på Helland kan vere rett nok i høve til lokal bruk i dagleglivet, men historisk sett må nok eit kritisk auge brukast.

Fleirtalet av stadnamna her i området kom til som ein konsekvens av det gardssamfunnet dei eingong vart til i. Namna vart ei form for kartreferanse på kvar ting var å finne i terrenget, og ei nemning som sa noko om kva som skulle gjerast av arbeid. Typiske innarbeidde gardsnamn knytta til innmarka kan vere: *reiten, brauta, attlega, ekra*. Alle desse namna skildrar dyrka mark og næraste lende til dyrkamarka. Det same prinsippet går att i eldre namnsetting av beitemarka nært garden: *kalvehagen, hestehagen, grisegeilen, svinestykkjet*. Her er nemningane for ulike beitemark og opphaldsstad for garden si dyrebesetning skildra. Dette var eit mønster som gjekk att på nærast kvar ein gard.

Eit høveleg stort gardsbruk i Romsdal kring 1850 hadde ofte 200-230 stadnamnnemningar som skildra alt frå klesvask i elva til den utmarka som befant seg lengst vekk frå heimgarden. Uavhengig av beliggenheit var dette dagleglivet si skildring av arbeidspraksis, gjeremål og bruksområde knytt til ei vidtfemnande drift som omfatta mykje meir enn berre sjølve gardsdrifta. Naturalhushald og bytteøkonomi må reknast inn. Utover gardsdrifta som kring 80 % av befolkninga var knytte til før industrialisering og masseutvandring til Sambandsstatane slo inn frå 1870-talet av, var fjordfiske og sjøfart viktige næringsvegar her i regionen, noko som har lagt att minne i form av mange stadnamn samt seglingsmerke og mednamn. Då båtbygginga etter kvart vart den viktigaste industrinæringa i kommunen, kom det til mange stadnamn som ein konsekvens av den tidlege industriutviklinga.

Namn på *verv* (det lokale namnet på verft) og *vervseigarar* og mange nye husmannsplassar frå 1860-åra av vitnar om ei ny tid i Vestnes når det gjaldt levevegen for mange. Stadnamna beskriv noko stabilt innanfor dei lange tidsperspektiva eller dei kan vere minne om noko som har vore prega av det meir omskiftelege. Nye stadnamn kjem i vår levetid til og beskriv dagens livsstil og busettingsmønster. Dette er til dømes kommunal namnsetting på vegar på Helland og i Kråkvika eit eksempel på. Sentrumsområdet på Helland er eit typisk eksempel på

desse brytningane mellom etablerte namn frå landbruk og eldre båtbygging, og nye og meir konstruerte namn på til dømes vegar. I Interkommunalt arkiv (IKA) sin stadnamnbase er det lagt inn over 4400 stadnamn frå Vestnes kommune. Dei er registrert som kulturnamn eller naturnamn, og er samla inn gjennom fleire tiår. Spesielt viktig i den samanhengen har eldre lokalkjente informantar sine bidrag vore, og ei innsamling i regi av skuleungar i åra 1930-33 er av stor verdi. Mange av desse eldre stadnamna vart nok vidareformidla til ungane frå eldre slektningar som vaks opp med å bruke stadnamna og naboar fødde i åra 1850-1880.

Eit døme på eit par interessante stadnamn med mykje bruks- og arbeidshistorie i seg bør framhevast. *Kyrkjeslettå* er eit slikt namn. Namnet heng ikkje saman med at dette er ein eldre kyrkjestad, men med tømrararbeid av kyrkjer bestilt frå andre kyrkjesokn enn Vestnes.

Håkon Furland fortalde elles at det frå Flate til Tomrefjorden var ein veg som vart kalla Kyrkjestigen, og at det i skogmarka til Flate skulle vera hogd tømmer til ei kyrkje som vart opptømra i skogen der for om lag 100 år sidan. Etter nedtaking vart kyrkjetømmeret køyrt til Vik og derifra ført til kyrkjestaden på ei Sunnmørsøy. Einar Flate har gjeve opplysning om at ei slette mellom Flate og Uragarden vert kalla Kyrkjesletta, og at faren hadde fortalt at det hadde vore tømra opp ei kyrkje der. Faren hadde og fortalt at folk frå Tomrefjorden nytta ein stig til Flate og båt derifra når dei skulle til Vestnes kyrkje. Ei grind på Flate over denne stigen vert kalla Kyrkjeledet. Ein stig lenger ned vert kalla Neråsvegen. Namna Kyrkjestigen og kyrkjeledet gjev soleis rom for to tydingar - den eine at stigen og grinda vart nytta av folk på kyrkjesferd, og den andre at stigen med grinda vart brukt ved opptømring av kyrkje på Kyrkjesletta. Det siste er mest truleg, då namnet Kyrkjesletta har mindre samband til kyrkjereis.

For Fjørtoft kyrkje var Knut Stokkeland byggmeister, og han skulle skaffe all materialen og tømmeret til kyrkja. Palmer Fjørtoft, som har gjort greie for historia til Fjørtoft kyrkje, har opplyst at tømmeret, stav-verk og panel, kom frå Vik i Tomrefjorden etter det som går fram av skrifter og det som er fortalt av dei gamle. Materialen kom til Fjørtoft med 2 galeasar og vart lossa på Nordgardsvika rett nedanfor kyrkja. Etter dette må ein såleis kunne gå ut i frå at Fjørtoft kyrkje har vore opptømra på Kyrkjesletta, og at dette har verka til namngjeving på sletta, stigen og grinda på Flate.

Sævelon er eit anna namn som skil seg ut. Men tydinga av stadnamnet kan i dette tilfellet som med mangt eit eldre namn som ikkje vert brukt meir i daglegtalet vere mangfaldig. På Nerås er det ein stad som har fått dette namnet som namnegranskarar meiner er eit oldtidsnamn frå jarnalder eller kanskje enno eldre. Det er ei skoglund som bær dette namnet der, og ei segn forteljer oss om at dette kan ha vore ein kultstad, der det har vore utøvd rituell kultus. Staden reknast difor til å ha ei forhistorisk betyding som ein mogleg offerstad. Elles vert og dette namnet nemnt i samanheng med eit mogleg slag mellom dei to sterke ættene til kong Bolung på Nerås og kong Gjermund på Gjermundnes, men dette er det ikkje noko handfast som kan fortelje oss om. Men namnet Bolungneset vert framleis nytta, og der er det eit større gravminnefelt frå jarnalder som vitnar om ein posisjon til ei markant ætt vest i kommunen. På austsida av kommunen har ein dei større gravkompleksa både på Villa og Gjermundnes, så det kan kanskje vere eit snev av historiske fakta i dette sagnet som her vert gjenspegla i stadnamnet?

6.3 Særmerkte steinar i folketradisjonen

Spesielt utsjåande steinar, både på innmark, kring fjordane og langt oppe i høgfjellet har opp gjennom tida fått sine egne lokale namn. Helst er dette steinar som ein har festa seg ved på grunn av brukstradisjonar og ærend folk har hatt der dei ligg. Ein del av desse steinane er og grunnberg og flyttblokker som kan ha komme hit den gongen isen velta opp ned på landskapet. Til dømes er det moreneryggar på Gjermundnes som må ha vorte flytta heilt frå Gudbrandsdalen. Nokre gonger har desse steinane vorte «døypte», etter sin særprega utsjånad som har gitt dei oppnamnet. I andre tilfelle ligg det mytologi, og kanskje eldgamle rituelle handlingar, bak namnet på særprega steinar. I førkristen tid vart det ofra til gudemakter ved hjelp av sjamanistiske rituale både hjå norrøn befolkning og innanfor den samiske kulturen. At desse sjamanane såg på særprega steinar som heilage offersteinar er heva over tvil innanfor den samiske og indianske kulturen.

Det er naturleg nok vanskeleg å seie noko eksakt om rituell bruk av slike steinar i dag. Dei skriftlege kjeldene eksisterer ikkje så lang tid attende i historia, eller det kan og vere at det ved innføringa av kristendommen har vorte dyssa ned som «vranglære». Det ein heilt sikkert kan fastslå er at forfedrene våre hadde eit nært tilhøve til dei naturskapte elementa som fjella og særmerkte steinar er. Ein treng ikkje gå lenger attende enn til mellomkrigstida for å sjå at slike namn på steinar framleis var ålmennt i bruk i Romsdalen då. Ein stein som nok har fått namnet sitt etter karakteristisk utsjånad er *Bjønningen* som ligg oppe på toppen av lågfjellet *Bjønntuå* mellom Remmemsdalen og Brastadstranda i Vestnesfjella. Dette er ein storvoren stein som helst har fått namnet sitt avleidd frå fjellet den ligg oppe på (Bjønntuå) med det nærliggande *Bjønnskaret* nedanfor. Dette vert typiske relasjonsnamn frå fjellnamnet som helst vart namnsett først. Her er det dyret bjørn, som var vanleg i fjella her i tidlegare tider, det blir peikt på, og det som var stort og sterkt eller staut å sjå til, fekk ofte eit namneinnslag av bjørn ved seg.

Andre døme på steinar med slike dyrenamn er *Kobbesteinen* på Gjelsten eller namnebroren *Kobbesteinen* i utkanten av Vestnestraumen på Helland. Båe to har fått namna sine etter selarten steinkobbe som er den vanlegaste fjordselen å sjå på desse kantar. Eit minne om at det var ulv som reiv husdyra til gardbrukarane, er namnet *Vargsteinen* eller *Geitastein* i Tresfjorden. Det seiest at ulven, eller vargen som dei ofte kalla han, åt opp geita der ved steinen. Steinane *Purkå* og *Galten* i sjøen på Gjelsten kan vere namnsett etter ho-nemninga og hanne-nemninga på husdyret gris. Men det har og vore vanleg å namnsette hinder i farvatnet til seglingsleia:

Kvalen er eit vanleg namn på mørke, lange og glatte skjer langs heile kysten. Galten og Gylta som ofte fins parvis, kan nok stundom ha fått namn etter likskapen med rånen og sugga. Ikkje sjeldan varslar dei likevel om ureint farvatn, og dei kjem såleis i klasse med namn på okse og hund som ofte fortel om vanskelege forhold for båtferdsla.

Slik står det i *Ola Stemshaug* si bok *Namn i Noreg*.

Utanom slike typiske relasjonsnamn, knytte til både villdyr og husdyr ser ein at ein god del storvorne og karakteristiske steinar har fått namn etter brukstradisjonar der på staden, og etter næringsvegar i det førmoderne jordbruket. I ein del tilfelle har den humoristiske sansen til bygdefolket fått sleppe laus, og den humoren finn ein tydeleg att i namn på steinar som *Pannekakeberget* i Tresfjordfjella, som nok er avrunda og flat lik utsjånaden på ei pannekake, eller *Bastiannastein* etter ei kjerring som heitte Bastianna. *Vortesteinen* nær Fagervikane har

eit anna opphav bak namnet sitt. Her ligg det folkemedisinke kjerringråd og helst trua på noko magisk bak namnet. Det heitte seg at dersom ein var plaga med vorter og utvortes svullar, så skulle ein legge lekamsdelen opp i vatnet som hadde samla seg i ei grop oppe på steinen. Då vart ein god att. Det skal ha vore ein vortestein med same lækjande funksjon på Kyrkjesytle og.

Kjøpstadsetersøtå er vel meir for eit kjælenamn å rekne på ei oppkome langs setervegen opp til Kjøpstadsetra. Namnet bær preg av at det er leskande og godt vatn å finne der. Litt nedanfor ligg steinen *Kvilaren*. I Vestnes har det vore vanleg å gje namn til kvilesteinar langs setervegen. Desse har og fungert som målmerkje på kor langt det er att før ein kjem opp på setra. Namna *Kvilaren* og *Kvilesteinen* finn me over heile kommunen, i samband med eldre seterdrift og setervegar. I segntradisjonen kan nemnast *Sjumannsteinen* som ligg nære land ved Skjegstad. Den overleverte forteljartradisjonen seier at sju mann i eit båtlag rodde seg rett på steinen, og båten kolva rundt. Alle rorskarane skal då vere *komne vekk på sjynå*.

Pokersteinen på Rekdal heng saman med karar som sneik seg til å spele kort bak ryggen til kjerringa, blir det hevda. *Bustein* rett ved Vestnesgarden har fått namnet sitt etter kvar ein har sett bu. Den vil slik sett kunne ha ein tilnærma namnetradisjon likt eit tuntre på ein gard. Orrestein i Tresfjorden peikar mot eit namn skapt av kvar ein ofte såg orrfugl. *Ostrestein* i Flatevågen ved Misfjordfjæra er eit minne om den tidlegare dyrkinga av ostre eller østers der.

6.4 Lækjande planter og matnyttige vekstar

I tida før ein hadde doktertenester og legevitenskap å stø seg til, var kunnskapen om folkemedisin og lækjande medisinsplanter viktig. Mykje av kunnskapen om bruk av planter sine kjemiske stoff som botemiddel mot både folke- og dyresjukdommar, hadde ein grobotn i nedarva kunnskap henta frå den greske signaturlæra. Katolske munke- og nonnekloster førde med seg mykje kunnskap om medisinsplanter. Mange stader vart det planta urtehagar ved kloster. Utanom den importerte kunnskapen frå kontinentet, var det for lang tid sidan etablert høg kunnskap om lækjande planter og vekstar hjå kvinner, og i nokre tilfelle karar, i bygda.

Dei «kloke konene» hadde kjennskap til mangt og mykje når det gjaldt bruken av ulike planter til lækjemiddel og til kosthaldsbruk. I folketrua går haustinga av lækjemiddelplanter inn i ei generell tru på at dei måtte haustast natt til jonsokaftan, eller sjølve jonsoknatta, for då ville dei ha høgast mogleg magisk kraft. Jonsoknatta var full av usynleg liv, som ga stor vokster og sterk skaparkraft i naturen. Reint biologisk så har tidspunktet for sanking og innhausting mykje ved seg, for i siste del av juni månad er til dømes viltveksande urter på sitt beste når det gjeld deira evner som lækjande plantar, og i høve smaksopplevinga til kosthaldsbruk. I Vestnes vart det brukt plantar til medisinsk bruk for å lækje både ålmenne folkesjukdommar og dyresjukdommar som råka buskapen. Ein god del plantar vart og brukte i hushaldninga som kosttilskot. I tillegg har ein stadnamn som syner til plantebruk til farging av klede. *Drogarmyra* er mest truleg eit slikt namn i Tresfjorden som kan peike mot eldre farging av klede. Nokre vanlege lækjemiddelplanter som kunne gje god verknad folkemedisinsk var: *Kjerringrokk* (åkersnelle), som har vore mykje brukt som ein låg i form av avkok mot urinvegsinfeksjon og blærekatarr. *Søtrot* (sisselrot) vart nytta som snop for ungar. Rota har ein noko beisk lakrissmak. Den har difor og fått namnet *lakrisrot*. *Pirikom* (Johanessurt) har vore brukt dyremedisinsk for å motverke kolikk hjå hestar. Har og vore

mykje brukt til å lage pirikomdram som var brennevin basert på Johannesurt. Ein slik dram gjorde godt for magen vart det hevda. Den vart sett på som lækjande.

Kattepissgeranium (stankstorkenebb) er eit dialektnamn, kjent frå Molde og Vestnes. Før nytta mot blodsjukdomen *hagesott* hjå kyr. Kjemiske stoff frå planta vart blanda med ferrioksyd kjøpt på apoteket. *Nårehlegras*, *nårihle* (linnea) er ei av dei mest brukte plantene innan folkemedisinen. Dialektnamnet *nårihle* peikar mot den aggressive hudsjukdomen helveteseld. Generelt mykje brukt mot utslett og hudsjukdomar. *Myrbær* (molte) er å finne att i fleire lokale stadnamn, og molta er lik andre viltveksande bær full av sunne antioksidantar. Myrbærnamnet har vore brukt om både karta og modne moltebær samt veksestader som har vore årvisse, til dømes *Myrbærholten*. *Blodrot* (tepperot) er ei av dei mest allsidige og velbrukte medisinplantene i Noreg. Anvendeleg for å motverke diare og magesjuka både hos folk og dyr. Dei kokte røtene til eit sø som kyrne drakk ved utbrot av dyreplagane kalla *raudsott* og *busott* som var ei nemning gardbrukarane før brukte om treg avføring hos buskapen. Ungane åt ofte blada av *bakelsblom* (gauksyre) om våren. Blada kan minne om vaflar av utsjånad, og vaflar har det tidlegare vore vanleg å kalle for *bakels* i Romsdal. *Smørgras* (musøyre) er ein liten type vier som veks på fjellet. Namnet kjem av at blada liknar øyra på ei lita mus. Smørgrasnemninga er å oppfatte som ei typisk godordnemning, noko som heng saman med at dette var ei viktig beiteplante, spesielt for sau på fjellbeite. *Geitklauv* (bukkeblad) blei nytta mot magesjukdom hjå storfe. Ein låg vart kokt opp for å få utnytta avtrekk frå blada. Avtrekket vart brukt som eit råd mot fordøyingssjukdom, og for å rense blodet frå avfallstoff.

Fengerbjølle (revebjølle) er ei svært giftig og vanleg plante i sand- og grusområde i heile Vestnes. Med si skarpe raudrosa farge fortel den sjølv at den ikkje bør «utfordrast». Insekt og planter med slike fargar er biologisk sett bestemt til å åtvara fiendar om at ein ikkje bør prøve å ete dei. Den naturlova passar godt på utsjånaden til denne planta. Fram til 1950-åra vart ungar på Vestnes åtvara mot å ete av planta av vaksne. Det same gjaldt og den kvite vårblomen liljekonvall, har informant *Bjørn Ødegård* fortalt. Fengerbjøllå er kun råd å bruke farmasøytisk framstilt som den kjemisk utvikla hjartemedisinen *digitalis*. Det heitte seg fleire stader i regionen at reven tok lamma om ein reiv av blada frå denne planta. Dette med at ein ikkje skulle røre planta kan nok tenkast å ha vore foreldre si åtvaring til borna, for ungar i gammal tid vart og åtvara mot *bekkakjærringa* som haldt til i brynnen og mot *grovanøkkjin* som budde i elva. Ungeskremse fungerte nok mest sannsynleg som ei ekstra sikkerheit for travle foreldre, som ikkje hadde tid til å sjå etter viltre ungar dagen lang.

Brinnbuse, *brennhette* (brennesle) vart nytta som ingrediens i neslesuppe, som kan framstillast av nyplukka og friske blad. Denne gåta vart brukt i Tresfjorden: *Det stend ein mann i bakkå. Med raud hette i nakkå. Ti still den som veit det.* Ei plante hadde det noko dramatisme namnet *sausprengje*, og den har og vorte omtala før med dialektnamnet *bukkøyregras*. Offisielt botanisk namn som nok vert brukt no til dags er *kvitbladtistel*. Tistelen vore brukt som lindrande såromslag og som bladomslag på svullar. *Snærlur* (balderbrå) liknar prestekragen. Dialektnamnet kjem nok av ein karakteristisk vridd utsjånad. Ein viktig beiteplante for kyr og geit og sau. Mjølka får gulaktig farge av denne beiteplanta når kyrne et ho. *Bjønngras* (tort), vart sankt om sommaren som forplante til grisen og kalvane. Bjørnen beita og mykje på denne planta på forsommaren, og i Kjersemdalen har ein stadnamna *Turtebakkane* og *Turtelia*. *Rengormgras* (soldogg) er ei kjøtetande plante som veks i blaute myrområde. Soldogg har vore brukt som åtgjerd mot ringorm og sårsvulnader.

Hestelyng (røsslyng) er ein viktig kystnær lyng, som gjerne vert beitt på av hest og utegangarsau. Har og tidlegare vore mykje brukt som plantefarge for å få tekstilstoff farga gult.

Blokke (blokkebær) er kjent for å vere nærast verdelaus som matbær. Dei sa før her i kommunen: *Blokke er tausalokke, krekje er tausahekje, skrubbe er tausalubbe*. Slik lærte borna seg skilnad på matbær og mindre nyttige bær. *Trollkjerringrokk* (geitrams) var viktig som forplante for husdyra, og ved utmarksslått blanda dei gjerne geitrams inn i slåttegraset om den vaks der. Blada blei folkemedisinsk brukt i ein låg som skulle motverke ryggsmarter og gikt. Framleis mykje i bruk i Asia som helsefremmande te. *Gjeitasemre* (kvitveis); kvitveisbløminga var før eit merke på når tida var kommen for å sleppe dyra ut på vårbeite. Som dialektnamnet indirekte fortel så er dette ei kjærkommen beiteplante for geit. Det same gjeld hjorten. Dei har baa to antistoff som nøytraliserar giftmengda i kvitveisen. *Karvi* (karve) har vore den viktigaste viltveksande krydderplanta. Før butikkhyllene vart fulle av importert krydder måtte ein krydre mellom anna kjøt med viltveksande eller utplanta karve. Spesielt vart karve mykje brukt som smakstilsetning i heimelaga tarmpølser.

7 Utmarka som ein viktig haustingsstad

7.1 Frå naturenga til myrstakken – slåtte med langorv og småljå

Frå bronsealderen av hadde folk begynt å halde seg meir bufaste, med husdyr som måtte vinterforast. I tidsrom før kunstgjødsel og nye engfrøblandingar gav stor grasproduksjon på heimebøen, var ei mangfaldig utnytting, og bruk av forressursane i utmarka eit basisbehov for det førmoderne jordbruket. Kring midtre delen av 1800-talet, kunne ein gard på våre kantar ha mange ulike slåtteteigar frå utmarka som danna skilje til innmarka (ofte kalla *haggard*) til langt oppe i fjellet. Mellom 20-40 slåtteteigar alt etter storleik på bruket og tal på vinterfora dyr i fjøsane var ikkje uvanleg. Den sesongvise slåttten ville naturleg nok variere etter høgda over havet og graset sin vokster, men ofte vart seterrstølar slegne årvisst, om dei hadde brukbar grasvokster. Spesielle stader ein kjente til i ei skogglenne, ved ei skree i fjellet, eller på ei myr vart og over tid prega av å verte årlege slåttstader som skapte ein rik og variert vegetasjon over tid.

Myrslåttten vart helst den tyngste økta for slåttekaren, for myrgraset innheld heile 80 % vatn, og det var tungt å gå og vaspe i myra. På myra vart foret ofte sett i stakk eller myrstakk som dei kalla det. Det var mange merkedagar knytta til slåttten. Fleire stader tok dei seg mål av ein snøskavl som var årviss, når skavlen fekk ei spesiell form utpå sommaren innleia dei slåttten i utmarka. Dei hadde og merke for grøde og når ein skulle sleppe dyra ut på beite på våren. Både i Tresfjorden og på Vestnes og i Tomrefjorden sleppte dei sauen på beite når kvitveisbløminga hadde nådd eit visst nivå. Den gamle slåttedagen på primstaven var den 13. juli som og blei kalla *Knut med ljåen*. Den dagen måtte ein ha gjort frå seg heimeslåttten, sa dei. Ein skulle ta fatt på utmarksslåttten den dagen. Det var mykje prestisje i å verte ferdig før nabobruka i grenda. Låg ein langt etter nabogardane med utmarksslåttten, vart ein rekna for å vere lat av seg, og det å verte sett på som lat var i tidlegare tidsrom meir for ei arvesynd å rekne. Det framgår av tradisjonsstoff at slåttekarar gjekk ut klokka 03.00 berrføtt, for å ikkje

bli høyrte av naboen, for då fekk dei eit forsprang på slåtteteigen. Ein vel så viktig grunn var nok at ein kunne utnytte morgondogga i langgraset. Ljåen beit best når det var dogg i graset.

I utmarka kunne ein ha små slåtteløer eller høyløer til å oppbevare langgraset i fram til ein kunne dra det heim på kjelke med eller utan hest på fast bærande snødekke på vinteren. I Kjersemndalen i Tresfjorden var det under den intenst drivne utmarksslåtta der frå ca. 1850 og fram til 1900 minst 40 slike namnsette høyløer. I ei viss grad vart og desse løene brukt til å overnatte i, når dei var langt til fjells med lang heimveg under fjellslåtten. Men å legge seg i det angande slåttegraset kunne no by på mangt eit møte med hoggorm, fortalde slåttekarane. Ei lang rekkje stadnamn frå heile kommunen er framleis vitne om denne utstrakte forsinkinga, i ei tid då langorven og riva styrte det forhaustar og rundballepresse seinare har gjort. Det å rydde kjerr, hogge ved og slå graset var før i tida ei sjølvsgatt arbeidsoppgåve ein berre måtte gjere. I ljåen og øksa si tid vart det mykje kulturlandskapsskjøtsel på grunn av at landbruket sine driftsformar og landskapet sine ibuande ressursar til saman gjekk inn i eit bruksmønster som fremma allsidigheit og naudsynt bruk av det som var fornybart.

7.2 Jakt, fiske og pelsdyrfangst



BILDE: SPORJAKT PÅ VINTERSNØ
PÅ DAUGSTAD RUNDT 1920

I det eldre bygdesamfunnet, med livberging som det mest sentrale i tilværet i kvardagen, var det ikkje vanleg å drive med jakt og fiske først og fremst for rekreasjonen eller avkoblinga si skuld. Ein kan rekne med at slike positive verknader gjaldt då som no, men sjølve meininga bak utøvinga og haustinga var å

skaffe seg mat. Det gav og eit høve til å kunne bruke eit eventuelt overskot til byttehandel, til salsvare til kjøpmann eller omsetning som vare på ein marknad. I Vestnes har ein sikre opplysningar via *Jacob Jervell* sine jordbruksprotokollar frå hans tid som myrdrkar på Furland, at heimelaga teine til å fange aure og laks med vart brukt i 1858 i elva Viåna. Men høgst sannsynleg har bygdefolk kring dei mange vassdraga i kommunen som førde sjøaure og laks, nytta seg av slike fangstinnretingar i lang tid før konsulen og forretningsmannen frå Molde tok fangstreiskapen i bruk. Dei brukte mest sannsynleg ei heimelaga teine laga av hassel eller rogn i sitt kultiveringsarbeid for å auke laksestamma i Viåna. *Nils Kjersem* har fortald at det stod dagstøtt ein laks «i tønå frammi Kjersemelven» i hans ungdomstid. Som oftast ein laks på kring 3 kilo om morgonen, fortalde han.

I Svartelva i Fiksdalen hadde *Lars Rekdal* slike teiner fram mot 1960. Han tok mest sjøaure og laks opp mot 3 - 4 kilo der. I småteiner av denne typen sette fisken seg fast på eit slikt vis at han ikkje greidde å snu seg att for å symje ut av teina, og då kunne ikkje blankfisken vere særleg større for at fangsinnretinga skulle fungere optimalt. I siste fasa av teinebruk i elv vart

desse teinene forsterka med surra hønsenetting. Kastenot, som og noko humoristisk før vart kalla for «fantenot», tolleknivar, møkkagreip, høygafklar, eller eit garn som sperra av elvehølen ellere strykparti av elva vart og brukt av gardbrukarar og husmenn som fiskemetodar. Ein husmannsson fortalde om at han og far hans prøvde å stikke ein storvoren laks i Rypdalselva, som i lag med Kjersemelva vert til storelva Tresså. Dei prøvde å få tak i han med tollekniv kring året 1870, men laksen for vidare framover elva, «ja han ræste no na feskjinn», sa han. Inn i vår tid vart mykje av dette forboden reiskap. Men den nedarva og overleverte fangskulturen med å «stekke se einnj laks» vart brukt framme i Skorgedalen i Skorgeelva seinast ved inngangen til 1990-talet. Gutar, og i nokre tilfelle vaksne karar, fiska og for lang tid sidan med sjølv laga rognetroe smidd av ei seig ungrogn. Dei hadde og nytte av ein sterk tråd dei kalla svarttaum, og dei hadde store heimesmidde onglar med ei makkeklyse på, som dei sleppte ned i elvehølane, der laks og aure stod.

I bygdeboka for Skorgen nemner Per Bjørn Ellingseter ein husmann som i folketeljinga av 1875 har vorte nemnt som rypefanger på Fremstedalen, eller «på dala» som dei sa før. I eit lydbandopptak frå 1959 fortel *Anna Kristiseter* om at dette var far hennar, som selde snarefanga rype til oppkjøpar Siewers som var fast veginspektør for strekninga i lang tid, og som dei helst berre kalla for «Vega-Sjur» på bygdetunga. Dei fekk 25 øre for rypa kring 1885, og dei fanga mest rype frampå Måslia har ho fortald. I bekjempinga av større rovdyr er det overlevert ei god kjelde i det skulelærar og tidlegare gjetargut Lars Skjegstad har fortalt. *Bjønna jilder* var vanleg å sette opp i heile kommunen, og i landet elles i ei rovdyrrik tid. Prinsippet er tre avkappa børseløp i ei trekasse med skotlading. Ein tømmer vase eller stor stein, der bjørnen måtte slite for å komme til ein sjøldaua hest eller ein avdanka skottgamp, var vanleg. Når bjørnen drog i hesteslaktet vart ei strengmekanisme frå gæverkassa utløyst og skota traff i beste fall dyret. Ein kunne og ligge på post i ei bergur eller lage seg ei skytestilling ovanfor, og skyte bjørnen medan han var oppteken med å komme seg til åtet. Det skal ha vore eit slikt bjønnastille på Flate, som var synleg fram til for nokre tiår sidan. Slike gilder hadde ein plikt til å informere om på kyrkjebakken til allmugen, for det følgde mange stygge skader med slike åtestader dersom folk kom borti. Det har vore minst fem *ulvestauer* i kommunen som mest truleg har vore i bruk i tidleg og sein middelalder og kanskje fram til siste halvdel av 1700-talet. Desse ulvestauene var ei fangstgrav for ulv, der ein dekte til grava med greinverk og la ut daudt, eller tjora fast levande åte for å lokke ulven, eller varg og gråbein lokalt kalla, ned i fella. To av desse ulvestauene er bevart, og ei er attfylt etter arkeologiske undersøkingar.

I mellomkrigstida vart det fanga orrfugl som låg i dokk under snøen av ungdom med store håvar, og i fjellvatna har det vorte fiska mang ei solid bjørkehank med kree ved hjelp av ei heimelaga rognetroe i eldre tid. Hovudregelen for all fising og fangst var at det skulle hjelpe på ein familieøkonomi svært ulik den ein har i dag. Jakta og fisket skulle ha ein klar nytteverdi innanfor mangesidig attåttnæring. Kring 1920 hadde måren teke til å verte sjeldan over heile landet, grunna mange år med stor etterstrebing etter verdfulle mårskein. Men dei fine damene i Paris og London ville framleis ha mårkåper, og prisane skaut i veret for ein mårpels. Frå Norddal kommune veit ein om at eit stort mårskein vart betalt med heile 400 kroner i 1930. Det var mykje pengar for ein som hadde lite å fø seg med. Den summen utgjorde ei halv årslønn for ein skogsarbeidar på den tida. Med slike prisar på viltskinna er det ikkje så rart at måren nestan vart utrydda på 1930-talet. Her i kommunen var det ein mårfangar på Brastad som dreiv stort med mårfangst i same tidsrom. Han hadde feller lagvis oppover kring Brastadnakken, frå skogen til opp i snaufjellet. Nokre av desse *firetalsfellene*

oppsette av steinheller og med trestykke som lås og utløysarmekanisme er framleis synlege der i området. Ein finn og framleis slike eldre slafgeller berekna på mårfangst i området mellom Bøelva og Bjermelandssetra.

Den tradisjonelle måten å fange mår og røyskatt på var å sette opp ei såkalla firetalsfelle. Ein stein som har vorte kalla for *ovapåstein* som skulle ramle ned og slå i hel måren og ein *undastein* som ein ofte kalla den flate hella som gildrepinne og felletre kvilte på, var gratis å nytte seg av. Inne i den oppstilte steinglipa vart det nytta to tilpassa treemne kalla felletre som satt innfelt via hakk i kvarandre. I mellom desse felletrea kvilte det ein fastlåst gildrepinne eller åtepinne, der sjølve kjøtåtet var sett. Når måren drog i åtet på pinnen, ramla felletret saman, og ovapåsteinen i form av ei tung steinhelle datt ned og knuste hovudregion og nakke på dyret. Denne fangstmetoden har eksistert samanhengande frå steinalderen og vert enno i ei viss grad bruka til fangst av mår og røyskatt. Det fortel oss at den er effektiv som fangstreiskap, og framleis etisk nok reint dyrevernmessig.



Fellefanga mår. Teken i ei trefelle på Vestnes vinteren 2016

Reven var ein fullpelsa luring som krevde at ein måtte vere ekstra nøye med førebuinga før ein sette ut fangstreiskapen om ein skulle få han i fella. *Trampesaks* som dei oftast kalla «rævaglefse» vart brukt fram til 1930, men på grunn av stor liding hjå dyret i slike inhumane fangstreiskap, vart det slutt på å bruke fotsaks, og ein gjekk over til å sette ut revesaks i oppkomer på myra. Den kraftige stålarma med fjøring slo dyret over nakken når reven trakka på eller drog i utløysar. Mårfangst med slike trampsakser vart og forbodne av dyrevernomsyn. Oftast lokka ein den sky reven ved å legge ut sjølvdaue høns, eller griseføter. Ein som dreiv nærast profesjonelt etter reven i skog- og fjellområda i Tresfjorden, var *Nils Kjersem*. Dei tok

og ein og annan reven i firetallsfelle etter same prinsipp som etter mårdyra. Men ein vaksen og erfaren rev er det vanskeleg å få til å gå innunder ei mistenkeleg steinblokk. Hijakt etter rev ved bruk av hund, var i si tid *Nils Gjeitnes* på Flate reine eksperten på. Han fanga mykje rev på den måten, og levde delvis av dette i periodar med god revebestand og høge skinnprisar. Fram til dei siste par tiåra har ein fullpelsa rev blitt godt betalt av skinnoppkjøparar.

På Fiksdalsstranda budde det ein mann som har fått eit ettermæle som ein flink oterjeger. Han *Stranda-Ola* dei kalla (Ole Olsen Fiksdalsstrand, 1834-1912), skaut oteren i bergura ved sjøkanten når han vart var han. Jakta føregjekk i Strandaaura, der dyret trivdest godt med alle holrom han kunne smette seg vekk i, og med gode plassar til å fø opp ungar i oterhiet. Ole skal ha skote mykje oter der, og han felte ei gaupe der og. Andre bygdejegerar skaut også oter der. Oterskinnet vart godt betalt av oppkjøpar eller ein skinnhandlar. Han omsette ein god del verdfulle oterskinn. Mange oterjegerar nytta seg av ei heimelaga beinfløyte som dei fekk til å låte likt oteren sin pistrande kallelyd. Ofte vart ei slik fløyte kalla *oterplistre*. Fleire stader i våre område kalla dei helst oteren for *slenter*, noko som hang saman med måten han bevega seg på og sette spor etter seg i snøen på ein vinterdag. Rypejakta i mellomkrigstida var svært god både i Tresfjordfjella og i Fiksdalen. I fjellområdet på Skjæringane, så vel som i fjella kring Kjersem dalen, vart det skote store mengder rype på denne tida. Det var mest fjellrype dei eldre rypejegerane skaut. For å spare på hagleammunisjonen som dei i mellomkrigstida lada heime med svartkrut og papphylse, skaut dei konsekvent rypa medan ho gjekk på marka. Dei hadde oftast ei enkeltløpa Kongsberg-hagle til våpen. Dette var ei rein kjøttjakt, der rypa vart ei salsvare til oppkjøpar, eller til ein finare restaurant i byen. Det fanst ikkje noko britisk sportsmannsideal om å skyte rypa i flukt hos våre gamle bygdejegerar, eller om å bruke ein fuglehund til å leite opp viltet. Slike jaktformer var for overklassen i byane, eller turistjegerar.

Fram til siste verdskrigen låg det framleis ein og annan spelskyttaren rundt omkring på gamle seterstølar og tilfrosne myrar, der storfugl og orrfugl samla seg til tiurleik og orrespel. Dei skaut fuglen *på topp*, som dei sa. Helst i tidleg grålysing på morgonsida, medan orren satt i bjørka og beita knopp. Kring 1910-1920 var framleis sentrumsområda på Helland og tilgrensa område så lite bebygd og utbygd, at ein småviltjeger kunne ta seg ein jakttur med utgangspunkt frå «Klesskiftetomta» ved bedehuset og opp på berga på sjølve Vestneshaugen, med godt håp om å skyte seg ein orrhane, eller blåhane som orrane ofte kalla før i tida. Ein orrejeger på 1800-talet frå Fiksdalen skulle vere retteleg god på å etterlikne orrhanen si sjoing under spelet ved Kringlemyra i Fiksdalsmarka, ja det gjekk visst ikkje betre enn at han fekk reven settande rett i nakken. Reven hadde nok lurt seg innpå ein noko storvoren «orrhane» den dagen.

Den viktigaste jakta i Vestnes og elles i Romsdalen sidan tidleg etterkrigstid har utvilsamt vore hjortejakta. Med eit unntak for Nesset og delar av Rauma kommune, som har hatt ei reinsjakt i fjella, av vel så stor betyding for bygdejegerar. I Vestnes lik andre stader i regionen har hjortebestanden svinga mykje bestandsmessig, men i etterkrigstida har hjortestamma heile tida vore haustbar, og har hatt stor betyding som kjøttjakt. Det var tidlegare vanleg å bruke Krag-Jørgensen rifle, berre kalla *kragå*, fram til at denne vart forboden til storviltjakt. Måneskinsjakt på bøen har vore vanleg postjakt, og ein del har og jakta hjort ved å leite opp dyret i skog og fjell. Hjortetrekka er stabile når det gjeld vandringsmønster år etter år. Det vart skote hjort i Vestnes på 1920-talet, og det var då nestan å rekne for ein sensasjon at dette storviltet hadde komme att, etter lang tids fråver frå faunaen her. På 1930-talet og framover til

tidleg etterkrigstid vart det noko høgare avskyting, og under siste verdskrigen vart det sett ulovlege kraftige vaiersnarar etter hjorten mellom anna i området ved Oterskaret i Fiksdalen. Men det var ei «tvungen» ulovleg jakt grunna matmangel i mang ein heim.

7.3 På krongods og herrefolk si nåde – skogbruk og trelasthandel

I ei oversikt over sagbruka i Romsdal fogderi er det nemnt at det vart skatta for ei sag i Misfjorden i 1620 av fogd *Peder Jacobsen*. Fogd Peder Jacobsen på Vestnes betalte ei grunnleie til krona for Misfjord sag 1618-1625, og betalte og den vanlege sagskatten i åra 1620-1623. I 1623 betalar *Mads Misfjord* sagskatten. Grunnleia betalar fogd *Anders Iversen* fra 1623, men når det gjeld vanleg sagskatt, så står både Anders Iversen og Mads Misfjord oppført som eigarar, fram til at saga blir lagt øyde i 1639. I sikt og sakefall 1618-19 betalte Mads Misfjord 6 dalar i bot til krona, for å ha hogd tømmer ulovleg i Den kongelege majestet sine skogar. Fleire andre leiglendingar vart og dømde for ulovleg hogst i Vestnes. Det går fram av oversikta til *Otto Grüner*, som skreiv hovudoppgåve om hollendertida i Romsdal. Ein kan der lese: «*Knut Stenersen, Peder Sørås, Olav Therkelsen betaler 17 daler i bot for ulovlig hogst av 17 tylft tømmer. Sikt og sakefall 1619/20*». Det er verd å nemne at det i same tidsrom vart ført for domstolane ei rekkje dømme på at romsdalingar og vestnesingar fekk bøte til kongen sin skatteoppkrevar for fleire tilfelle av ulovleg hogst i Majestetens sine krongods-skogar. Dei hadde ikkje lovfesta rett til å ta ut tømmervirke.

Av namna kan ein sjå at *Peder Sørås* høyrer heime i kommunen vår. Tidlegare tok ein tilflyttar namn etter staden han kom til. Omlag alle sageigarar i Romsdal amt på 1600-talet kravde sagskatten nedsett, dersom dei ikkje fekk det, «truga» dei med å legge saga øyde. Lavaste skatten fekk saga på Kristisetra. Den låg på dåverande offentleg grunn, og skulle betale leige og festeavgift direkte til krona, som var kongen og kongehuset i København. Kun 4 dalar i årleg skatt, mot normalen på 10 dalar andre stader i kommune, betalte saga ved Skorgeelva på Kristisetra. Det vart grunna med at denne saga var ujamn i bruk, og ga uviss inntekt, sidan ho vart kalla «en ringe flomsag». Saga låg øyde i 1628. I vassdrag som Sesselva og Gjelstenelva hadde ein årgangsvatn, som sytte for jamnare vassførsel enn den flaumtypiske Skorgeelva. Dei sagene ga difor høgare økonomisk avkastning, sidan dei kunne levere skurdbord mykje jamnare.

For å nemne nokre trekk ved sagdrifta i Gjelstenelva historisk, så hadde *Hanibal Gjelsten* sag i 1610. I åra 1650 til 1660 høyrde den skattlagde saga i Gjelstenelva til Vestnes hovudsokn, som då var adelsgods. Men så kom ho på «gardbrukarhand» att, for i året 1668 fortalde eit tingsvitne at dåverande eigar *Jens Nilsen Gjelsten* hadde stående 3000 bord som var skorne 4-6 år tidlegare, og av desse var 1000 utskipa til hollandske trelasthandlarar. All sagdrift i vassdraga på denne tida omhandla bruk av vass-sag, som gjerne har vore kalla *oppgangssag*. Det var nestan berre bartreet furu som blei hogd, og seinare skore til plank på desse elvesagene. Grana var ikkje vanleg her i området før større skogplanting vart iverksett i midtre delar av 1800-talet som skogreisingstiltak. Avhogginga var noko meir sparsam, og i eit seinare tempo i Vestnes. Skurdmengda varte noko lenger i Vestnes enn i større delar av Romsdalen. Dei mest stabile sagbruka med best fortjeneste i hollendertida synest å ha vore på Gjelsten og i Sesselva på Sætre. Futen på Gjermundnes grov ut ei stor sagveite ved Sesselva og dreiv tømmerkurden med nyvinninga oppgangssag. Eigarstrukturen på 1600-talet og det som er kjent som *hollendertida* i Romsdal fell saman med ein eigarstruktur der det i skiftande

periodar var store skogeigendomar, styrt og forvalta av adelsmenn og krongods, som ga god tilgang på virke for dei få og velstående embetsmennene som åtte denne verdfullle ressursen.

7.4 Med og fiskegrunnar – naudsynt kunnskap for fjordfiskaren

I tida før mekanisering og teknologisering gjorde fisinga vesentleg enklare, måtte ein fjordfiskar stole på nedervd, og ofte overlevert kunnskap, frå den førre generasjonen.



Dei hadde og sjølve fått denne typen lokalkunnskap, og kjennskap til fisinga, overlevert frå eigne fedre og bestefedre. Det viktigaste var å kunne lese verlag, og kjenne til verteikna som prega ferdsla på sjøen. Fisket føregjekk i opne båtar av typar som trerøringar, storfæringar og vanlege færingar, og ein var heilt prisgiven eigen og eit eventuelt båtlag sin kunnskap om sjøen for å gjere god fiskefangst, og for å kunne ferdast så trygt som råd var. For trygge i vår forstand av ordet kunne aldri dei eldre fiskarane på fjorden, og ikkje minst båtlaga som drog utasunds på torskefiske «uti hava» verte, for dei hadde kun åremakt og råsegl å hjelpe seg med når storbåra og brottsjøen sette inn ein vinterdag. Symje kunne dei ikkje, og dei hadde ikkje livbelte eller andre flytemiddel å hjelpe seg med om båten kvelva. Dei drukna ofte ved slike høve. I kyrkjebøker vil det relativt ofte vere kortfatta opplysningar om at ein mann kom vekk på sjøen. På bygdetunga heitte det seg ofte når det skjedde drukningsulykker at nokon «bleiv» eller at personen eller personane hadde «drukna i feskja».

Ein viktig del av kunnskapen knytt til ferdsel og fising på fjord og på meir åpne havstykke som i Midfjorden mellom Rekdal og Midsund, var kjennskap til fiskegrunner i fjorden som Gjelstengrynnå, Ljosågrynnå og Skjærfluna vest i kommunen, og ei lang rekkje meir eller mindre sikre fiskestader i fjorden. Typiske fjell som var fast haldepunkt, og som har vorte kalla *med* for kvar ein var i det opne og store sjølandskapet i høve land, var fjell som Rekdalshesten, Blåskjæringen, Ystetinden og Lauparen. Desse fjelltoppane vart valde ut som landmed på grunn av at dei var lett gjennkjennelege på lang avstand. Dei er alle karakteristiske av utsjånad, med særtrekk ein kan kjenne att frå lang avstand. Slik er ikkje alle fjell, nokre er berre stein for auget på avstand, medan andre har geologiske formasjonar som er framtrêdande same kva himmelretning ein ser dei frå.

Namna på fjella treng ikkje vere av dei aller eldste stadnamna, men det store fleirtalet av fjellnamna har oftast ein høg alder å varte opp med. For fjordfiskarane var Rekdalshesten, som helst berre har vore omtala som *hesten*, eit mykje brukt med. Dette fordi fjellet sin skapnad var og er særskild karakteristisk å sjå til. Namnet kan komme av at fjellet har ei form som liknar på ein hest. Lauparen fell inn under noko av det same som Rekdalshesten. Det er eit markant fjell i Tresfjorden, som er synleg på lang lei frå avstand og frå ulik posisjon. Ystetinden har mest sannsynleg fått namn et på grunn av at fjelltoppen vert den ytste i eit markant fjellparti, med fleire liknande tindar som naboar. Allereie på 1870-talet var dette fjellet med si høgste tindenål eit turmål for borgarskapet i småbyen Molde. Vestnespresten *Otto Theodor Krohg* ga fjellet eit noko «turistifisert» namn då han omtala Ystetinden som «Lord Yst» i Romsdals Bustikke i 1859. Om fjellet Båten mellom Vestnes og Tomrefjorden var eit typisk medfjell for fjordfiskaren før i tida, er vanskeleg å stadfeste, men når dikteren og journalisten *Aasmund Olavsson Vinje* stod ved Fannestranda og såg mot Vestnesfjella og tinderadane innover Tresfjorden og i Rauma omtala han fjell som såg ut som «storknade havsbylgjur og kvelvde båtar». Få fjell ser vel meir ut som ein kvelvd båt enn nettopp fjellet Båten? Namnet er mykje eldre enn dikteren sin bruk av dette.

For Vestnes sitt vedkommande, var fjorden eit kjærkomme tilskot til naturalhushald på fleire måtar, men og som eit ledd i ein tidleg markedsøkonomi. Østersdyrkinga i Flatevågen, eller *ostre* som dei sa, utgjorde ein ganske betydeleg eksport inntektsmessig for gardbrukarar på Vestnes, Helland, Misfjorden og Flate. Ostre vart dyrka og hausta som eksportvare til velbemidla byborgarar i Trondheim. Ein av dei som dreiv med dette var ein gardbrukar i Misfjorden, og på eit møte i heradsstyret på 1840-talet var han skeptisk til at det skulle byggast bru over Vestnesstraumen, med tanke på at saltvassreguleringa i sjøvatnet kunne påverkast negativt ved eit slikt inngrep, og såleis påverke ostreproduksjonen i Flatevågen negativt. Til ei viss grad har det og vore vanleg at grunneigar eller bygdefolk har henta seg sjøfuglegg frå holmar i fjordane i kommunen.

Rekdalingane henta seg sjøfuglegg frå Tautreholmane i Midsund, og i Tomrefjorden plukka dei egg til hushaldningsbruk på Bårdsnesholmen. Den største fugleholmen, med mest hekkande sjøfugl, er *Feøya* som ligg rett i innseglinga nær Helland og som ein lett kan nå frå spissen av Hageneset. På Feøya er det mykje måse og grågås som hekkar, og Vestnesgarden, som er grunneigar, har stelt med vegetasjonen og drive med eggplukking der ute sidan 1880-talet. I lang tid protokollførte grunneigar Kristen Stokkeland (gamle Kristen) eggplukkinga der ute på Feøya, og sjøfuglegg var det støtt å få servert på Vestnesgarden fram mot 1980-talet. Mest truleg har det vorte plukka egg til hushaldningsbruk av både små- og stormåse og terne der ute i lang tid før det. Mellom anna skal det ha vore ein husmann på

1600-talet som heitte *Nils Dahl*, som ei tid budde der ute på Feøya, men denne saga er vanskeleg å få stadfesta. Ei sjøbukt inn mot øya vert framleis av eldre hagnesingar kalla *Nils Dahl- bukta*, og ei gravrøys frå jernalderen ligg og der ute, som eit vitne på tidlegare bruk av øya. På dei nærliggande Gjermundnesholmane ruga det og tidlegare meir sjøfugl enn i dei siste tiåra, og der har det og vore brukvisen å sanke egg frå raudnebbtennå frå *Isleholmen*.

7.5 Der hestekleggen bit – torvspaing og torvløer på blautmyra

Bruken av myra til å hente seg torv til brensel, varte nokså lenge i Vestnes. Heilt til tidleg på 1960-talet spadde ein myrtorv, og tørka henne til brensel. Ein del stadnamn peikar mot torvspaing og torvbryting. På Øverås er det ei lita grov dei framleis kallar for *Torvløgrova*, og den renn rett ved ei eldre torvløe som står der på myra. I Fiksdalen er det på båe sider av Storelva framleis ein del torvløer som står att på myra frå siste brukstida som varte frå mellomkrigstida til kring 1960. Torvonna var, lik dei andre onnene i jordbruket, basert på at ei hadde eit arbeidsfellesskap for å sikre brensel. Ei torvonn var arbeidskrevande i høve arbeidsmengda som vart lagt ned, og det var eit heller tungt fysisk arbeid å drive med. Blautmyra ga ikkje frå seg noko gratis. Sjølv arbeidsprosessen føregjekk på den måten at ein skar ut firkantar av myrtorva med ein spesialkonstruert torvspade. Ein slik spade vart helst kalla for ei *torvspeie*. Torva vart lagt inn i ei torvløe eller torvsjå, til tørk over kommande vintersesong. I tidlegare tidsrom var det og vanleg å sette torva lagvis tredd på ein myrstakk likt det ein gjorde med slåttegraset frå myraslåten.

Etter at ein hadde skore opp kvadratisk forma torvstykke med torvspaden, vart torvflaka lagt på ei flat trillebåre, laga av tre og med jarnhjul. Dette vart kalla for ei *torvbåre*. Seint på våren var vanlegaste tida for å skjere torv. Det var viktig at ein fann god, feit myrjord. Kom ein borti for mange lag av tjukk myrmose så gjekk dette ut over brenselkvaliteten. Ein grunn til at ein framleis ser djupe torveholer i blautmyra, heng saman med at ein nytta seg av ein god torv-stad gjennom fleire år. Dei held gjerne fram med å spa torv frå same torvhola over lengre tid. Etter ein vinter med telehiv og påfølgjande snøsmelting i vårløysinga, vart torvehola full av myrvatn. Alt vatnet måtte drenerast vekk ved hjelp av veiter. Småborn vart åtvara mot å gå for nær slike torveholer. Når dei braut torv så vart torva stykkevis først lagt flatt ved kanten av torvehåla. Der låg ho til tørk ei kortare tid for at vassmengda skulle sige ut. Myrmose har svært høg prosentandel av vatn i seg, heile 80 %. Når denne første tørkeperioda var ferdig, var det tid for å frakte torva til torvløa.

Ei torvløe av den eldre typen kunne vere bygd som eit *grindbygg*. Seinare vart torvløene oftast sett opp som heilt enkle plankeskur med eit bølgeblikktak. Det var viktig at ei slik torvløe «va gresa tå se». Ho skulle ikkje vere for tett, for det var viktig at vind og trekk slapp gjennom veggane, for å tørke den skorne torva som låg stabla der. Torvonna var ein arbeidsdugnad som vart gjort *mellom* dei andre onnene i landbruket. Mellom våronna og høyonna på forsommaren som oftast. Torvrettar inngjekk som ein del av ein matrikulert bruksrett ved gardkjøp og bygsling av husmannsplassar. Skulle husmannen til dømes ha rett til å bryte seg brenseltorv, skulle den retten gå ut frå hovudbruket sin eigendomsrett, og dette måtte spesifiserast i husmannskontrakta, oftast under nemninga *bygsetel* på våre kantar. Då prestegarden vart oppretta som eige bruk ved oppkjøpet av garden Helland nedre, var torvretten spesifisert. Den torvløa låg nær Hellandsetra, i eit myrområde ned mot Kollen. Prestegardsretten vart mest sannsynleg teken i bruk av ein av, eller begge, dei to

husmannsplassane som låg under prestegarden. Gardar i Tomrefjorden hadde tinglyst torvrett på Furland fram til 1960. Mellom anna garden Lid, der ein informant hugsar at mor hennar gjekk opp på «Kvilet», og betalte ei krone i avtala bygsel for torvtakinga i 1960. Den bygselavgifta vart nok mest å rekne som reint symbolsk, og dette var siste året garden deira tok seg brenseltorv frå Furlandsmyra.

Torvtakinga hadde si storheitstid frå tidleg 1800-tal og framover til kring 1960 i Vestnesområdet. Ei torvonn representerte eit arbeidsfellesskap likt andre onner i jordbruket, men det skapte ein eigen trivsel, har dei sagt, dei som deltok. Dei kom med mat heimanfrå, og kokekaffi vart servert der ute på myra. Det var ei fin oppleving å vere der, seier dei som var med på torvonna. På Ellingsetra i Fiksdalen var det vanleg at gutane fiska kree i Trollelva og Svartelva når dei gjekk lei av torvbrytinga på myra. Dei kunne dra eit stort vaskefat fullt av elvakree, nok til fleire middagsmål. Det største problemet deira var nok mykje hesteklegg og mygg på varme og solstille dagar, og sjølve arbeidet var av det rett så tunge slaget. Torva var eit godt brensel, og det sparte mykje ved, men det vart mykje auske i omnen av å fyre med torv. Lukta av myr og myrgras spreidde seg i veggane og gav ein frisk ange av torvmose i rommet.

8 Eit lokalsamfunn i nasjonal endring

8.1 Skuleskrin og griffel – frå omgangsskule til fastskule

Ordninga der ein gjekk frå omgangsskule til fastskuleordning for borna, er utan tvil ei av dei viktigaste reformene nokon gong i Noreg. Omgangsskulen var for mangelfull når det gjaldt opplæringa, og resultatet vart at ein hadde for mange funksjonelle analfabetar i landet. Styresmaktene såg svakheita i omgangsskulen og la til rette for ei utvikling som skulle sørge for meir permanent skulegang og opplæring. Den første fastskulen i Vestnes vart sett i drift frå februar 1859 på Helland. Det var sokneprest *Otto Theodor Krohg* som stod bak initiativet for å få bygd fastskule på Helland. Skulelærar og klokkar *Lars Skjegstad*, som er omtala i samband med barnegjeting, var den første fastskulelæraren i Helland krins. Slik det var vanleg dei første åra med fastskule, fekk læraren tildelt noko jord frå prestegarden sin eigedom, og sidan skulelæraren på denne tida også var klokkar i kyrkja, vart dette ein «klokkargard». Der hadde han eit par kyr og nokre sauer til å hjelpe på ei heller mager lærarløn. Gamleskulen med noverande frivillighetssentral og tilhøyrande gardsløe er i dag ein mykje brukt samlingsstad for kulturelle aktivitetar. Denne står framleis på same staden som den i si tid vart bygd, og er eit av heller få fastskulestun som ikkje har vorte markant endra i tunstruktur, eller der skulestova har vorte flytta frå opphaveleg byggestad og plassering til meir konstruerte museumstun. Gamleskulen frå 1859 vart nytta til skuleføremål heilt fram til året 1957, då vart den no nedrivne «trappeskulen» bygd like ved gamleskulen og gardsløa som høyrde til «klokkargarden». Ulikt dei andre fasteskulane frå same tida var denne skulen høveleg stor. Men så skulle dette vere den største krinsskulen og klokkargard for den seminarutdanna læraren attpå.

I same tiåret kom det og fleire fastskulehus i bygdelaga. Kommunen fekk heile 12 nye skulekrinsar. Både Åsbygda og Øverås hadde fasteskular nokså tidleg. På Øverås kom det fastskules i 1865. I Skorgen kom det fast tilsett seminaristutdanna lærar og ny skulestove i 1869. På Vikebukta kom det fastskule i 1862. I dag er bygget teke vare på med omfattande restaureringsarbeid dei seinare åra, og det står no rett nedanfor noverande friskule på

Vikebukt. Rypdal og Daugstad skular kom til i om lag same tidsrommet. Vest i kommunen fekk ein fastskulestover i Tomrefjorden og i Fiksdal det neste tiåret, og på Rekdal kom fasteskulestova sist. Dei fyrste skulestovene var utan unntak små og kummerlege målt med dei siste generasjonane sine auge. Ei typisk skulestove frå 1860- eller 1870-talet vart i hovudsak brukt slik ho vart bygd og innreia fram til tidleg etterkrigstid. Ser ein på dei eldre skulestovene i Vestnes, har dei gjennomgåande vorte bygd etter eit dugnadsprinsipp i bygda der dei vart oppførde. Dei hadde eit større skulerom der undervisninga føregjekk, og eit loftkammers eller ein alkove der læraren budde. Dei tidlege skulestovene var nok meir funksjonelle som lærestad for borna, og som arbeidsstad for læraren dei første par tiåra etter fullføring, enn det dei etter kvart vart, med tanke på større ungekull og auka krav til komfort i samfunnet. Det var ein fattig stat som skulle finansiere fastskular over heile landet innanfor eit relativt kort tidsrom, og i høve til veldig mange skulekrinsar i eit desentralisert land. Denne reforma må ha vore eit enormt løft for den svensk-norske staten på den tida. Det hjelpte på at fedrene til born i skulealder hadde dugnadsplikt når det gjaldt bygging og innreiing av skulehusa. Grunneigarar fekk pålegg om å levere brensel til vedomnen i skulestova.

8.2 Skriftleg kulturarv i Vestnes



IVAR BROVOLD, LÆRAR OG KYRKJESONGAR.

I 1901 GAV HAN UT «TOPOGRAFISK-HISTORISK BESKRIVELSE OVER VESTNES PRESTEGJELD»

På 1800- talet opplevde nasjonen ei markant bølge av nasjonalromantikk, og i kjølvatnet av det nasjonale løftet for identitetskjenning og tilhørighet vaks det fram ei kunstnarleg skaparkraft i Noreg som ga nasjonen ei rekkje framtrekande musikarar, komponistar, kunstnarar og forfattarar. Mange av desse markerte seg med stort internasjonalt tilfang. Ein av dei største dramatikarane av verdsformat i dette tidsrommet var *Henrik Ibsen*, og han vitja Vestnes i samband med ei innsamlingsreise av segner og eventyr som han gjorde mellom anna i Skodje og Vestnes kommunar i året 1862. Han noterte mellom anna desse sterke orda om Vestnesamfunnet: «Paa Vestnæs bør du, hvis du er Tourist og kommer paa de kanter,

*opholde dig nogle dage og gjøre udflugter i alle de retninger, som her saa bekvemt og naturligt tilbyder sig». Det kan elles nemnast at Henrik Ibsen laga ei skisse som han kalla «Fra Væstnæs» over Tresfjorden og Tresfjordfjella med utgangspunkt frå Hagneset. Han skal og ha vitja «erkefienden», sokneprest Otto Theodor Krogh på Vestnes prestegard, og han fann tilhøva på skysstasjonen på Vestnesgarden heller snuskete når han skulle leige seg herberge der på garden. Ein tidleg samfunnsforskar innanfor det sosiologiske fagfeltet var *Eilert Sundt*. Han gjennomførde fleire år med grundige samfunnsundersøkingar i fleire delar av landet og innanfor ulike tidsaktuelle emner som reinsemd og hygiene, skikk og bruk, fattigstellet og undersøkingar om *dei reisande*, som i samband med rikspolitiske tilhøve og Sundt sine observasjonar gjekk under namnet «fantasaka». Når det gjeld matstellet i herada Vestnes, Voll og Grytten finn han det heller usselt og uhygienisk samanlikna med kva han observerte i Gudbrandsdalen og Østerdalen. Han var her på linje med Vinje. Han var og kritisk til kroppshygiene på våre kantar av landet. Det store myrdrakingsprosjektet til konsul og jorddyrkar *Jacob Jervell* frå Molde som vart igangsett på Furlandsmyra i 1850 vakte interesse langt utanfor Vestnes sine grenser. Slik fekk ein framståande besøk på myra både av Aasmund Olavsson Vinje og den svenke arveprinsen for kongedømet Sverige / Norge som var prins Carl.*

Ein viktig grunn til at det elles så noko fjerntliggande og stillfarne Vestnessamfunnet vart vitja av slike nasjonale kjendisar, hadde ein klar samanheng med vestnespresten Otto Theodor Krogh si flittige debattskriving i hovudstadsavisa Morgenbladet, der han i årevis under pseudonymet «lille Theodor» førde ein til dels krass debatt, mellom anna med Henrik Ibsen, om samfunnsyn, religion, fattigstell og ei rekkje samfunns spørsmål som han ofte tok utgangspunkt i via sine eigne sokneborn sine liv og levnad. Slik sett fall det seg nok naturleg for Ibsen å sjå nærare på heimkommunen til den konservative presten han førde sin samfunnsrefsande og nyliberalistiske fjørpenn mot. For målmannen og reformatoren Aasmund Olavsson Vinje var det nok andre ting som drog. Han har fått ein biografi etter seg kalla «Ein tankens hærmann». Ser ein på hans omreisande journalistikk i form av reiseskildringar på litterært vis, som i avisa Dølen og i boka «Ferdaminne frå sumaren 1860», så er det ikkje til å undrast over at han fann vegen til den aude Furlandsmyra. Der fann han eit utviklingsprosjekt han nok kunne stille seg framst i hær fylkinga for.

Aasmund Olavsson Vinje hadde trakka berrføtt mange skritt som gjetargut i fjella kring husmannstova han vaks opp i, som heitte berre «Plassen» i Vinje i Telemark. Men då han vitja Vestnes var han på høgda som journalist og forfattar, og han var ein sterk tilhengar av at Noreg meir enn noko anna måtte løftast ut av si eiga steinrøys reint mentalt, og gripe tak i moderne teknologisk utvikling frå Europa sine industrinasjonar. Det er i eit slikt optimistisk samfunnssyn sitt ettermæle frå opplysningstida i århundret før Vinje vart fødd, at ein kan skjønne hans ord frå Furlandsmyra i Ferdaminne frå sumaren 1860:

På søre sida frå Molde ligg den kjende Vestnesmyra som det så mykje er skrive om. Det er ei stor myr, men så vidt eg i den hast kunne sjå, er ho ikkje av det beste slaget, men det endå komne gilde vollar. Det er synd at så stor kostnad og så god vilje ikkje skal svara seg betre. Uvise folk tek redsle av alt dette og meiner at det gamle var best, men dei kloke veit at landet, som kvar einaste mann, må læra seg fram gjennom mistak, og dei takkar like fullt dei gjæve som fyrst var ute, om verket endå ikkje svara til den gode viljen.

Ein annan nasjonal kapasitet innan skriftspråket, fann og fram til Furland for å sjå på myr dyrkinga same sommaren som Vinje var der. Det var Knud Knudsen, som budde både på skysstasjonen på Vestnesgarden, og hos presten Krohg:

Straks jeg var kommen der, gik jeg til den navngjetne Væstnes- eller Furnæs[!]-myren. Den skal være på 8000 mål. 400 mål ær opdyrket. Myren er en fjerding lang. En bæk i vestenden renner mot vest. Ellers haller hele myren østover. Kjøpman Jervel på Molde skal ha sprængt sig, busprængt sig på den».

Det vart no slik at kong Haakon og fann vegen til Furland og Ny Jord-dyrkinga, som vart neste store myrprosjekt på Furland, etter at Jervell ga seg på 1860-talet. Året 1935 vart nok særleg minnerikt for somme av bureisarane der. Det var visst ikkje så lett for fylkesmann og andre lokale embedsmenn å få kongen dit dei ville han skulle gå, han var mest interessert i å vitje småkårsheimane framfor dei meir velberga gardane, og stor vart nok undringa når han plutseleg banka på døra og bureisarkjerringa såg at det var kongen som stod der, men ho baud han no berre ein stol og eit glas heimelaga ripsvin og så vart dei sittande der og prate i lag dei to. Ei kjerring og ein konge av folket. Ho må vel vere den einaste gardkjerringa som nokonsinne har åpna opp for ein konge som har banka på døra hjå privatfolk i Vestnes?

Lokalsamfunna i Vestnes nytte og godt av den kulturelle og åndelege bløminga i nasjonen. Det var fleire særst talentfulle og gåverike personar som levde her i den tida Henrik Ibsen og Åsmund Olavsson Vinje var innom på vitjing. Sokneprest Otto Theodor Krogh er nemnt i fleire samanhengar. Han var ein svært allsidig mann, som fekk til mykje samfunnsgagnleg arbeid. Ein kan og seie det same om skulelærar og lokalhistorikaren *Ivar Brovold* og stortingsmannen og juristen *Walter Scott Dahl*. Skulelæraren og klokkaren *Lars Skjegstad* var og ein begåva mann, som i Christiania vanka mykje i lag med både *Ivar Aasen* (som har skrive om si ferd gjennom Vestnes og som botaniserte på Skjæringane då han var huslærar på Solnør i Skodje) og *Aasmund Olavsson Vinje*. Lars Skjegstad si fyldige skildring av barnegjetinga som arbeidsform for ungar, er eit sjeldan førstehands tidsminne frå ei tid då ungar vart sett på som arbeidskraft og måtte arbeide hardt innanfor samspelet i ein familieøkonomi på garden frå dei var små.

8.3 Dei første faste lønsmottakarane i båtbyggarkommunen

Verftsindustrien som etablerte seg i kommunen med inntoget til særst kyndige båtbyggjarar frå Hardanger og Sogn medførde på fleire vis eit markant tidsskilje i lokaløkonomien i Vestnes. Saman med etableringa av Vestnes Sparebank som vart oppretta i 1863, vart dei økonomiske vilkåra som knytte seg til byggjing av seglskuter meir finansorientert enn kva som hadde vore tilfelle tidlegare med ein utstrakt bytteøkonomi. Levemåten var basert på dugnadsarbeid grannar imellom og inntekter frå produkt som ein hadde overskot på, etter å ha brukt eller hamstra det ein måtte rekne inn årshjulet i den enkelte families forbruk. No kunne dei heve fast løn i form av reie pengar frå ein arbeidsgjevar, og det må ha vore viktig for sjølvkjensla til arbeidsfolket som fekk seg arbeid på verfta. Om ein ser litt på folketeljingane av 1865 og 1875 så ser ein eit tydeleg mønster i høve arbeidslivet og yrkesutøving i heradet. Det er mange eksempel på handverkarar og bygningsmenn med spesialiserte yrkestitlar nemnt i folketeljinga. Fleirtalet av alle dei nye husmannsplassane som låg under Vestnesgarden frå 1860-åra av, var plassebruk som vart rydda som ein konsekvens av at tilflytta familiar frå andre landsdelar og naboområde trengte ein bustad. Det som ofte var årsaken til tilflyttinga,

var den nye verftsindustrien knytt til båt- og skipsbygging som spesielt *Lars Jensen Hammeraas* frå Hardanger starta opp med. Det er eit faktum at mange av desse tilflytta familiane i dette området av kommunen var spesialarbeidarar som verftsindustrien hadde god bruk for. Folketeljningane forteljer oss at dei i fleire tilfelle var yrkesført som: *baatbygger, skibstømrer, smed og smeddreng*.

I ein artikkel kalla «Husmannsplassar under Vestnesgarden» skriv Per Bjørn Ellingseter slik:

Dei første plassebrukarane var ofte «innvandrarar» sørfrå, mange av dei frå Hardanger og Sunnmøre, nokre ovå dalå. Folketejingane viser at svært mange av dei var tømmermenn, skipstømmermenn eller båtbyggjarar. Livsgrunnlaget på plassane var også nokså likt. Dei fleste hadde 1-2 kyr og 4-5 sauer, og dei sådde litt korn og poteter.

Det er med desse innflyttarane at industrihistoria for alvor peika framover i tida når det gjaldt å sette Vestnes på kartet innan maritime næringsvegar. Om ein legg folketeljninga frå 1865 til grunn, finn ein ut at det kom verftsarbeidarar frå nabokommunane Eid og Grytten (noverande Rauma kommune). Fleire kom og frå Vestnes. Elles finn ein folk frå Veøy og frå sunnmørskommunen Norddal. Skipstømmermenn og båtbyggjarane kom i hovudsak frå hardangerherada Kvinherad og Ullensvang, og fleire av desse spesialarbeidarane står nemnt i den store huslyden til skipsbyggarmeisteren *Lars Jensen Hammeraas*.

Neste folketeljning i 1875 syner oss at Vestnes har fått ei tilvekst på enno fleire spesialarbeidarar som har flytta hit, som ein konsekvens av oppsvinget i båtbygginga. Det var ikkje direkte vanleg å tene ei fast løn utanom bytteøkonomi og ytingar innan naturalhushald på denne tida. Det kan vere av interesse å sjå litt nærare på ein del tilhøve knytta til desse arbeidsinnvandrane og den ekspanderande verftsindustrien i Vestnes, som skaut fart frå sist i 1850-åra, med skips- og båtbyggaren *Lars Jensen Hammeraas* frå Loftshus i Hardanger. Kring 1870 betalte *Hammeraas* ei krone dagen i løn til lærlingar. Fagarbeidarar og røynde båtbyggjarar fekk to kroner dagen på eigen kost, og arbeidsformenn kunne i nokre betrudde tilfelle komme opp i tre kroner i dagløn på verftet i Hellandbukta. Dette var ei retteleg god løn samanlikna med kva tenestefolk eller husmenn knytta til jordbruket fekk i betaling. Det best betalte arbeidet på bygda sist på 1800-talet var tømmerkøyring med hest når det vart drive større skogsdrift med uthogst. Ein vant tømmerkøyrrar, som heldt hest og for til denne sjølv, kunne få opp i kr. 3,50 i dagløn. Men dette var sesongarbeid, medan løna på verftet var fast betaling. Dei arbeidde 11-12 timars dagar på båtverfta utanom kviledagen på søndagane. Det vil føre for langt å ramse opp alle seglskutene og skipa som den driftige *Hammeraas* og arvtakarane bygde, men ein kjem ikkje utanom å nemne det største seglskipet som til då hadde vore bygd i Noreg. Det skjedde på Helland i Vestnes og resultatet vart den praktfulle seglskuta «*Herman Lemkuhl*» på heile 214 fot. Baugpartiet seiast å ha strekt seg så langt innover land frå sjøen at ein faktisk måtte legge om den dåverande postvegen i byggeperioda.

8.4 Lagsarbeid og organisasjonsliv

Frå 1850 åra av vaks det fram eit allsidig og aktivt foreiningsliv prega av organisasjonsarbeid over heile Noreg. Vestnes vart naturleg nok og prega av slike markante samfunnsendingar, og det førde til eit lokalt basert og demokratisk prega organisasjonsliv som hadde mange ulike føremål hefta ved seg. Det kan vere greitt å skille mellom dei *politisk* betinga interessefelta, og dei meir *fritidsprega* organisasjonane som vaks fram, sjølv om det i fleire tilfelle ikkje vil

vere heilt naturleg å skille på dette. Skyttarsaka vart i vår kommune tidleg ei fanesak likt landet elles. Dette må vel seiast å ha vore eit typisk døme på at politisk og militær aktivitet i samband med folkeviljen til å gå ut av svenskeunionen, kunne gå inn saman med meir individuell skyttarsport og jakttrening. Den aller første foreininga i Vestnes som ein i dag veit om eksisterte var Vestnes Præstegjelds Læseselskab, som vart stifta i 1852. Denne typen organisasjon søkte å fremme leselyst og lesdyktigheit i heradet. Det var nok helst dei meir velståande og kondisjonerte hjå innbyggjarane i heradet som deltok i dette lagsarbeidet, for det var framleis stort innslag av analfabetisme hjå folk på den tida.

Vestnes Skyttarlag kom i gang i 1862 og her var det nok meir høve for allmugen å delta. Dette var og eit tiltak som folk nok såg høgare nytteverdi i enn ein rein lesesamankomst. Ein må her ta høgde for at bygdesamfunna på den tida målte nytteverdien av type aktivitetar og gjeremål, på ein annan målestokk enn det embetsfolk ofte hadde for vane å gjere. Det var eit standssamfunn som var prega av at kvar og ein skulle kjenne sin plass. Sjølv sagt var det sosiale muligheiter for å slå seg fram den tida og, men eit slikt eksempel som den første vestnesordføraren Henrik Remmem, som gjekk frå å vere fattig husmann på plassen «Tjøynna» til å verte ein rik gardeigar og stortingsmann, var nok eit særsyn.

Organisasjonsliv og foreiningsdrift i Noreg skaut mykje fart etter at embetsstaten måtte vike for innføringa av parlamentarismen på Stortinget i 1884. Sjølvstendespørsmålet dette hang saman med, som førde til unionsoppløysinga frå Sverige i 1905, var nok og ein sentral premissleverandør for at organisasjonsverksemd og lokalt foreiningsliv greip rundt seg i bygdelaga. Kristeleg lagsverksemd med misjonstanken i høgsetet vaks meir og meir fram. Til døme var det i Skorgen krins heile tre verksame misjonsforeiningar i same tidsrom. I ei noko seinare fase vart bedehuset på Kjelbotn fast møtestad for Skorgens Kinamisjonsforening som fekk namnet Skorgens Kinaforening frå året 1931. Tresfjord Sudanforening vart på si side stifta i 1938 på Løvik bedehus og hadde ei møteverksemd som må ha vore særskilt omfattande, for på 20 år berre, hadde denne misjonsforeininga hatt 303 møter og 10 festar og samla inn 6000,- kroner til misjonsarbeid, i følgje opplysningar henta frå Bygdebok for Tresfjord frå året 1959. Skorgens Indremisjonsforening vart stifta 5. mars i 1908.

Mange av dei tidlege foreiningane og organisasjonane var opptekne av, og driftsmessig prega av, ei større sak som var spesielt viktig for medlemmane å fremme. Som ein har sett var dette typiske trekk ved det kristeleg lagsarbeidet. Slike tidlege foreiningar og organisasjonar var og ofte samfunnsreformatoriske eller politiske i meiningsinnhald. Eit typisk eksempel på dette var fråhaldslag som kom sterkt inn i samfunnsånden frå siste del av 1800-talet og framover mot nyare tid. Ein kan nok sjå på denne rørsle som eit motsvar til misbruk av alkohol i større skala tidlegare på 1800-talet. Den største sigeren for fråhaldsfolket var nok «tørrelegginga av samfunnet» via lovpålagt omsetningsforbod av alkohol i dei tidlege mellomkrigsåra. Her i Vestnes var det eit aktivt losjeliv med fleire organisasjonar tilslutta hovudorganisasjonane IOGT og Norsk Godtemplar Forbund i heile mellomkrigstida og inn mot dei siste tiåra. Mellom anna kan det gamle losjehuset Åsheim på Stokkeland vere eit døme på denne typen samfunnsretta lagsarbeid. Bygget var i IOGT sitt eige via lokallaget, «Losje Ivar Aaasen», fram til nokre tiår sidan, då det vart kjøpt av Vestnes Jeger og Fiskerforening. Etter kvart vart tilveksten til lokalt lagsarbeid og organisasjonsverksemd eit viktig samfunnsselement i kvart eit bygdelag i kommunen. Mykje av arbeidet var av oppbyggeleg og samfunnsnyttig karakter som skapte gode ringverknader på fleire vis både reint sosialt og sosialøkonomisk.

Frå tidleg etterkrigstid vart organisasjonslivet både nasjonalt og lokalt, meir og meir prega av lagsarbeid for å fremme medlemmane sine interessefelt. Musikklag, idrettslag og mange lag som avspeгла eit spesifikt interessefelt, kom i aukande grad på bana. Eit lite oversyn over nokre lag i bygdene kan her nemnast. På Vikebukta kan skyttarlaget «17. mai» trekkast fram. Frå kring 1890 og framover til etter unionsoppløysinga var det ei sterkt nasjonalsinna rørsle i Noreg som prega samfunnslivet, og det ser ein tydeleg valet av i dette namnet. På Daugstad vart det stifta eit eige bondekvinnelag frå 1948 av. Bondekvinnelaget arrangerte kurs som var retta mot bondkvinneyrket, og dei dreiv samfunnsretta helsearbeid ved ei pengeinnsamling til fylkessjukehuset i Molde. Laget arrangerte mange fjellturar i nærmiljøet for medlemmar og bygdefolk. Sakselia, Hoemstinden, og Daugstadsetra var naturlege besøksmål, men ein og annan langturen til Sunnmøre og Rauma vart og arrangert. Eit år arrangerte dei ein familieferietur til Åndalsnes.

I Tresfjorden var det stifta eit lokallag av Det norske redningsselskap som fekk namnet «Havbåra», midt under siste verdskrigen. Grunna rasjonering og erstatningsprodukt, måtte medlemmane sjølve ha med seg mat på møta. Medlemmane laga husflidsprodukt på møta, slik at dei hadde gevinstar å lodde ut på kommande basarar. Laget fekk regelmessig besøk av reisesekretærar frå redningsselskapet, og då vart det synt film og halde basar til inntekt for saka. Utover på 1950-talet arrangerte laget fjellturar, idrettsstemne og juletreffar for bygdefolket. På Vestnes og i Tresfjorden vart det mykje satsa på organiserte idrettslag etterkvart. Tresfjord hadde i si tid Tresfjordleikane med høg kvalitet på arrangement og deltakarnivå. Både Jakob Rypdal og Jakob Kjersem har mange norgesmeisterskap bak seg, og deltaking i olympiske leikar. Friidrettsmiljøet i Tresfjord var spesielt for ei lita bygd på Nordvestlandet.



BILDE: VESTNES TURN & IDRETTSLAG. TURNTROPP I 1939

På Vestnes skulle og idrettslaget komme til å få ein framtrekkande posisjon innan breiddeidrett. I året 1900 vart laget stifta etter initiativ frå kjøpmann *Hans Legernes* på Knipå på Helland. *Væstnæs Idrettslag* dreiv første

åra mest på med turn, gymnastikk og salonggeværskyting. Eit stort dugnadsarbeid vart gjort av laget sine eldsjeler i samband med tillaging av idrettsplass oppe mellom Kollen og Remmemsråket. I dag vert denne helst kalla for «gamle-idrettsplassen» av den middelaldrande og eldre delen av lokalbefolkninga.

I Fiksdalen er det og lange tradisjonar for lagsarbeid, og eit tidleg lag der var Fiksdal sogns samtalelag, som vart stifta i 1883. Formålet med laget var å samsnakke om og ta opp aktuelle samfunnsspørsmål. Det omhandla kultursaker, politikk, husflid, nytta av avislesing og

spørsmål om doktorsak. Veganlegg gjennom Nakkedalen og skikken med skålbryllup var nokre av tema som lagets eigne medlemmar heldt foredrag om på møta på Fiksdal skule. Deltakarane var etablerte familiefedre, dei fleste med gardeigarstatus eller handelsmenn. Dei fleste av dei som deltok, hadde og erfaring frå politisk arbeid i heradsstyre og ymse samfunnsgagnlege tillitsverv. Det framgår tydeleg at dei var sterkt samfunnsinteresserte, desse karane. Laget engasjerte seg i spørsmål om å verte kvitt «sildesalaten» som det svensk - norske flagget ofte vart kalla, og dei deltok på møte i nabobygda Rekdal for å bidra med skulehus til Rekdal skulekrins. Til stortingsmannen og juristen frå Vestnes, Walter Scott Dahl, som var riksrettsaktor i saka mot regjeringa Selmer i høve riksrettsfeida sendte samtalelaget hausten 1883 eit brev:

Undertegnede medlemmer av Fixdals sogns samtalelag sender herved Hr. advokaten sin hilsen med tak for deres virksomhed som stortingsmand og specielt for deres mandlige optræden under rigsrettdebatterne, samt for hvad de allerede har gjort som rigsrettens aktor. I tilegg sendte samtalelaget eit skriv i form av ei takkeadresse til Stortingspresident Johan Sverdrup.

Sett i lys av desse tydelege politiske sympatiane, treng ein nok ikkje forundrast over at Fiksdal samtalelag i 1896 gjekk inn, og vart starten på den nydanna Fiksdals venstreforening.

8.5 Grendehus og bedehus

Det vart mang ein dugnadstime i arbeidet som kvart eit bygdelag la ned for å skaffe heimbygda forsamlingshus og «storstaue» til å feire merkedagar i. Bedehusa kom til som ein naturleg forlenging av kristeleg lagsarbeid, og i ein del tilfelle var dei eit resultat av lekmannsrørsla og misjonstanken til sentrale kristelege organisasjonar. Dugnadsånda og bygginga av Ljosvang på Nerås kan vere ei historie som nok har mangt eit fellestrekk med andre forsamlingshus i bygder i kommunen. Om det no er Tresheim i Tresfjorden, Gildeheim på Daugstad, eller Bygdaheim i Fiksdalen, for å nemne nokre av samfunnshusa berre, så er grunntanken om ein kollektiv samlingsstad og møteplass for bygdefolket den same. Graden av initativ frå lag og privatpersonar som har tenkt samfunnsnyttig, har og mange likheitstrekk frå bygd til bygd. Me kan la Ungdomslaget Frihug sjølv fortelje om korleis det første av fleire seinare moderniserte Ljosvang vart til:

«Det første me høyrer om eige hus for Frihug, er på møte i skulestova på Øveraas den 6. desember 1903, der kasseraren vart pålagt å føre rekneskap for det som kom inn til eige hus. Men først den 28. februar 1916 vart det godkjent kjøp av eit jordstykke av Rasmus Neraas for kr. 80,00 + skylddeling og tinglysing. Etter forslag frå Pernille Øveraas vart heimen kalla «Ljosvang», - mot tre stemmer. Den 12. mai 1918 vart det bestemt å starte og rydde på Ljosvang klokka 7 om morgonen den 17. mai. På møte den 16. mai 1920 vart kasseraren pålagt å kjøpe 20 tynner sement på billegaste måte. Det vart lånt kr. 1000 i Vestnes sparebank til glas, dører og papp på taket. Dugnadsarbeidet var godt organisert, dei som hadde teikna seg for arbeid visste når dei skulle møte. Anders Neraas, Peder H. Øveraas og Olav Neraas arbeidde no ein heil månad i trekk. Tomta vart graven ut med hakke og spade, all sand vart køyrd med hest og vogn, og all masse vart blanda med handmakt. Arbeidstimane er oppført i eiga bok. Første møte under eige tak vart halde 15. desember 1921. Innviingsfesten for Ljosvang vart halden 17. april 1922, men Ljosvang var ikkje ferdig. Det skulle bli mange dugnadstimar dei komande åra. Dei store, høge murane skulle pussast, trapp skulle støypast, elektrisk lys (som kom no) skulle installerast - og så kom vedlikehaldet! Eit døme på kor vedlikehaldet føregjekk: Pappen på taket var nok ikkje av beste kvalitet, og måtte

ofte smørjast med steinkoltjøre. Den 27. juni 1928 set styret fram forslag for laget om kjøp av «1 rull papp, 2 pakker pappspikar, 5 liter tran, 3 kg oker og en tønne sement, og å leie en mann å pusse så langt sementen rekker».

Vikingheim vart bygd av Vike Ungdomslag på Vikebukt i 1902. Hovudaktiviteten var teater og revyrøvingar og framføringar. Bygdedansar var det og nokre av i året. Gildeheim i nabobygda Daugstad vart ferdigstilt og teke i bruk i 1928. I den første brukstida var det som på Vike vektlagt teater og ein og annan dansen. Gildeheim har og vore ein del utleigd til bryllaup. I Tresfjorden fekk dei sitt eige forsamlingshus i året 1936. Som i fleirtalet av tilfella vart initiativet teke av Ungdomslaget. På Tresheim var det utanom amatørteater og song, ein god del møteverksemd. Men for alle ungdomshusa eller forsamlingshusa, som dei og vart kalla, vart okkupasjonstida ei tid utan drift og bruk av bygga, for tyskerane hadde forbod mot tilstellingar, festar og møter i krigsåra. Det begrensa sjølvsaugt bruken mykje. På Vestnes kom Vonheim opp. I mellomkrigstida eit mykje nytta ungdomshus til teater og ein og annan gongen bygdekino. Det gamle ungdomshuset i Tomrefjord "Heimhug", blei avløyst av eit nytt forsamlingshus "Idahall" tidleg på 1960-talet. Saman med Bygdaheim i Fiksdalen, samt Vonheim på Rekdal har alle desse vore sentrale samlingsstader opp gjennom åra i sine bygdelag. Bruken av forsamlingshusa her, skil seg ikkje nemneverdig frå bruksområda aust i kommunen. Vestheim på Hagneset og Furland idrettshus kan i tillegg i nemnast, som hus som og har vore samlingsstader for bygdefolk opp gjennom åra. Vestheim har i enno større grad fungert som ein leirskule med eigar Norsk Luthersk Misjonssamband sidan drifta kom i gang i 1960. Furland idrettshus vart bygd i 1947, og har for den grenda fungert som deira ungdomshus og samlingsstad, der har idrettslege aktivitetar og juletrefestar vore sentrale bruksområde, og huset har i lengre periodar vore lånt og leigd ut til andre lag, som ikkje sjølv har hatt eige klubbhus disponibelt.

I kommunen vart det bygd ei rekkje bedehus i tidsperioda frå 1905 og fram til 1962. Fleirtalet vart bygd tidleg på 1900-talet eller på tidleg 1960-tal. Vikebukt bedehus, Daugstad bedehus, Rypdal bedehus, Løvik bedehus, Vestnes bedehus, Kjellbotn bedehus, Øverås/Nerås bedehus, Lid bedehus, Tomrefjord bedehus, Fiksdal bedehus, Rekdal bedehus. Bedehusa var og å sjå på som forsamlingshus for bygdefolk, men med ein kristeleg grunntanke kring bruksområde av bygget. Difor har, i motsetnad til samfunnshus drive av ungdomslag og bygdelag, bruken av bedehusa hatt ei strengare regulering på kva slags bruksområde ein har ønska i lokala. Dette kjem spesielt til syne når det gjeld dansefestar og skjenking av alkohol. Dei fleste misjonsforeiningane som eig bedehusa har vedtekter som forbyr rusdrykk i lokala. For mange er nok søndagsskulen og juletrefestar, samt misjonsbasarar det dei hugsar best frå barndommen sine besøk på bedehuset i heimbygda.

Fleirtalet av bedehusa har enten vore eigd av eller er framleis eigd av Indremisjonen og av Norsk Luthersk Misjonssamband. Bedehusa har fremma kristeleg lagsarbeid særleg innanfor misjonsgjeringa. Det har heile tida vore både ein sosial møteplass for bygdefolk, og ein stad for å oppleve omreisande evangelistar og emmisærar sine bodskap, og mang ein misjonær frå ulike delar av verda har vore på vitjing på eit eller fleire av bedehusa i Vestnes, fortalt om sitt virkefelt på misjonsmarka, og vist lysbilete fra arbeidet sitt mellom folket der dei arbeidde. I tida før både fjernsyn og internett vart allemannseige, må det ha vore eksotisk for ein tilhøyrar med bygdebakgrunn å få høyre desse forteljingane, og sjå kor folk i fjerne land levde sine daglegliv. Bedehusa har og vore leigd ut til privatpersonar som har markert festdagar i samband med høgtider i livet. Dåpsselskap og konfirmasjonar eller bedarlag og minnesamvær etter ei gravferd har det ofte tidlegare vore vanleg å ha på eit av bedehusa.

9 Song, musikk og teater

«Når me ha motgang, so e det felå so he berga me. I tok felå og spela uppatt humøre» (Peder Ellingson Daugstad eller «Spelmanns – Pe», 1848-1911).



TRESFJORD MUSIKKLAG I 1946

Tresfjorden har lange tradisjonar når det gjeld å fostre opp dyktige militærmusikarar. Heilt spesiell må den tidlegare tamburtradisjonen seiast å vere. At så mange karar frå same bygda får seg ei militær karriere som underoffiserar med trommeslagarstatus (tambur) i dei militære signalkorpsa samstundes må vere eit særsyn nasjonalt?

Folkemusikktradisjonen i Vestnes er framleis levande. Sidan 1991 har Spelemannslaget Dâm og Drag vidfareført arbeidet med å ta vare på og bruke den lokale folkemusikken, folkedansen og folkesongen» (Sitat: NN).

9.1 Songen mellom fjell og fjord – koraktivitet i Tomrefjord

Tomrefjord songlag vart stifta 22. september 1954 på Frostad. Ei gruppe songinteresserte heldt ei generalforsamling som førte fram til stiftinga av laget med *Gunnar Lund* som den første dirigenten av koret. For å få inn pengar til drifta, vart det same året arrangert fleire bygdekvevdar med mangfaldig kulturelt program, som song, kåseri og revyinnslag. Rett før jul dette året, deltok koret på eit fellesarrangement i Vestnes kyrkje. Tomrefjord songlag deltok på ei musikkandakt i lag med Åsbygda damekor og Nerås blandakor, samt Vestnes musikklag.

Bibelen sitt julebodskap var tema for den musikalske utøvinga under dette kyrkjearrangementet. I fleire år vart det arrangert eit *kommunalt song- og musikkstemne* i Vestnes, det starta opp i juni 1955, og heile sju lokale kor var deltakarar på stevnet, og det fortel mykje om songaktiviteten på denne tida. Det er vel ikkje drift i nokon av desse songkora lengre, men desse deltok den gongen: Vike damekor, Skorgen songlag, Åsbygda damekor, Tresfjord blandakor, Nerås blandakor, Vestnes mannskor og Tomrefjord songlag. Dei første driftsåra var det særleg høg aktivitet i Tomrefjord songlag, med heile 42 songøvingar og deltaking på mange arrangement i tillegg til korstemne. Basarar og bygdefestar deltok dei og på.

I 1955 var det ein *songens og musikkens dag* som vart arrangert ved å reise rundt med lastebil og synge for folk i bygdelaga. Tomrefjord Songlag song utandørs for rekdalingar og fiksdalingar og for sambygdingar på Lid denne dagen. Før jul same året deltok laget i Fiksdal kyrkje i lag med Fellesorkesteret. Den høge koraktiviteten held fram året etter, i 1956. Det vart då halde heile 47 sangøvingar, i tillegg til at koret deltok på sju ulike arrangement. Men det seiast at «ikkje noko tre veks rakt inn i himmelen», og det fekk Tomrefjord songlag erfare alt det neste driftsåret deira, i 1957. Av ulike grunnar minka då medlemstalet med aktive songarar merkbar, og det vart berre 14 songøvingar det året. På grunn av lite oppmøte vart songlaget lagt på is fram til hausten 1958. Det vart då på ny lagsaktivitet, og det vart delteking på julekonsert i Vestneskyrkja att. Tomrefjord songlag var og med på å arrangere det kommunale song- og musikkstemnet 31. mai i 1959. Det året kom det til endå eit nytt songkor, det nystifta Vestnes kyrkjekor. Då var det heile 8 aktive kor å trekke vekslar på i Vestnes og Tresfjord.

Året etter, i 1960, vart det på nytt vanskeleg å drive songlag i Tomrefjord, og dei 15 songarane som då var aktive drog inn til losjehuset Åsheim på Stokkeland for å øve i lag med Vestnes songlag. Nær jul det same året «braut» dei med vestnes-songarane og fekk med folk frå Lid og Vik i koret. Koret deltok på eit skulebarnarrangement på Lid skule og meldte seg inn i paraplyorganisasjonen Romsdal songarlag same året. Sjølv om ein no hadde slutta å ta vegen fatt til Åsheim på øving, så hadde songlaget framleis mykje samarbeid med Vestnes songlag reint sosialt, og begge kora deltok på eit songarstevne i Elnesvågen i 1960. Det kan og vere verd å sjå på året 1964, som vart eit viktig år for Tomrefjord songlag. Det vart feira ti års-jubileum på Tomra bedehus, laget fekk laga seg eiga fane som bygdekunstnaren *Ruth Brastad* måla motivet på. Frostad gamle skule vart kjøpt av laget, for å ha eit fast, eige øvingslokale. Sist men ikkje minst så var det nok ei ære for koret å få vere med å synge på NRK lokalradio.

9.2 Feleslåttar under himmelkvelvinga

Folkemusikken har opp gjennom tida stått sterkt i Vestnes og det er ei lang rekkje dyktige spelemenn som har vekt opp i kommunen. Musikken og songen har i lang tid hatt ein rotfesta tradisjon i kommunen. Framleis lever folkemusikken i beste velgåande i Vestnes, mellom anna ved folkemusikarane i Spelemannslaget Dâm og Drag. Ei rekkje spelemenn var i si tid landskjente for sin dugleik med fela og klarinetten. Det har vorte fortalt at den kjende spelemannen som dei kalla «Loms-Jacob» frå Lom i Gudbrandsdalen vitja spelemenn i Tresfjord. Det vart nok ei retteleg kappstemne som vart sett i Tresfjorden når Loms-Jacob kom. Etter Agnar Skeidsvoll si bygdebok å døme

- - var han Loms-Jakup på Syltemartnan eit år, og vart beden heim til Kjersem av han Pe som sytte for marknadsskjenk til framandkaren. Og i Lassegården var det rik spelmannstradisjon. Det kunne vere eit år millom 1840 og 50. Han Jakup kom i stor stemning. Det måtte vere marknads-måndag eller tysdag. Folk hadde korn att ute (sist i september), og streva og skar på Brattåkra, på Råmolln og andre stader. Jakup sette seg på Råmollrøra og spela, folket stansa arbeidet og lydde på, etterkvart rendte han seg på buksebaken nedetter Råmollåkern og ansa ingenting, berre spela. Attåt at han spela, so bytte han og handla med felor. På Kjersem kasta han gamle felor i det store brynnet midt på tunet, reiv dei sund og sette i hop og rigga dei til soleis han ville ha dei. Dette um Loms- Jakup er alt saman fortalt av Jakob. L. Kjersem etter eldre folk på garden.

I Tomrefjorden har det levd tradisjonsstoff etter ein spelemann som i si tid var aktiv felespelar «inni fjora». Plassebruket *Haugen/Gråtarhaugen* var ein husmannsplass som hørte innunder både Lid og Bårdsnes. *Ola Martinussen Tomren Bårdsnes* (1848-1934), var oppsittar på Gråtarhaugen. Ola vart ein dugande spelemann, og vart i bygda kalla "Bulder-Ola". På Lid forklarte dei namnet på plassen med at Ola spela så fint at huldra gret! Det er og fortalt at det heiter *Gråtarhau`n* fordi det ikkje var rare plassen og levevegen å få noko livsutkomme frå. Namnet finn me i bruk i 1865. Me veit at Bulder-Ola spela i bryllupet til eldste dottera, Marta, då ho vart gift i Vestnes kyrkje 14. mai 1908. Då blir det fortalt at då brudefølget kom gåande frå Gråtarhaugen og opp til vegen, der hesteskysen sto og venta for å køyre brudeparet til Vestneskyrkja, så hørte folk "donsen" av skoa til Ola lenge før han kom til syne. Han gjekk fremst i brudefølget slik skikken var, og trampa takta so kraftig medan han spela brudeslåttan at folk hørte kor hæl-jarna på skoa slo ned i berget på stien. På CD'en "Sommernatten" med Spelemannslaget Dâm og Drag frå 1993, er det ein melodi som er kalla «Reinlender etter Ola Bårdsnes».

9.3 Hallingsteinen

Hallingsteinen er namnet på ein stor og flat stein som skal liggje i eine enden av Langvatnet på Åsfjellet. Steinen er eit handfast eksempel på eit kulturminne basert på folk i bygdelaga sin tidlegare bruk. Typisk nok er det bruken i slike høve som skapar kulturminnet, framfor steinen i seg sjølv. Memorgåsteinen på Bjønntua, Gjetarsteinen ved Lomstjørnsryggen, og kvilesteinane kring setervegane, er andre eksempel på at spesielle steinar i utmarka har fått folkeliv knytta til seg via brukstradisjonar. Namnet på steinen heng saman med at folk frå Øverås og Leirvågen i eldre tid i sommarhalvåret gjorde kyrkjeferda ved at dei gjekk frå heimgarden, via utmarka på Leirvågafjellet og vidare innover Åsfjellet for å komme seg til Vestneskyrkja, som dei sokna til. Det forteljest at nokre av karane på kyrkjeferd i ny og ne tok seg nokre stive drammar av sjølvkoka brennevin som dei hadde med seg. Nokre av dei sprekaste ungdommane baud opp til å danse *halling* på denne steinen. Det vart etter kva tradisjonsforteljinga seier vanleg å ta seg ei naturleg pause i gåinga over lågfjell og skogsmark ved enden av Langvatnet. Av instrument kan ein tru at det helst var flatfele og kanskje eit munnspel dei hadde med seg på ein slik tur, men det veit ein heller lite om. I den eldre spelemannstradisjonen i tilknytning til dansefestar er det kjent at folk brukte faste stader til samankomst med dans. Både på Åsbøen i Åsbygda og på Ellingsetersetra i Nakkedalen var det dansefestar på 1800-talet. Ein flatlendt setervoll gav god plass ein fin sommarkveld, og ofte kunne det vere større hellarar som og vart brukte i slike samanhengar.

Innandørs dansefestar var vanlege heile julehøgtida rundt omkring i storstauå på dei større gardane, med innleigd spelemann som spelte flatfele. Noko seinare kom klarinett og trekkspel vanleg i bruk ved dansetilstelningar, men fram mot slutten av 1800-talet var det nok felelåten

som råda tonerommet åleine. Martnadansen på Syltemartnaden veit ein del om, på Sylte i Tresfjorden var det martnahelga fleire dansefestar som flaut saman til ein lengre dansefest. Den store Nilsstauå på garden vart nytta til dette, og eigaren leigde ut denne mot betaling. Det blir fortalt om to karar frå Stordalen som hadde gått fjellvegen ned Kleiva frampå Øvstedalen for å tinge Nilsstauå til dans, men då hadde gardbrukaren allereie leigd ho vekk til anna ungdom som ville arrangere dansefest. Desse dansane tok ein betaling for, og det var nok heller uvanleg i den tida, men det må sjåast i samanheng med at ungdommen hadde leigeutgifter i martnatida. Den mest dramatiske dansetilstellinga på martnaen var nok hausten 1855 då lensmann *Carl Buch* vart skamslegen og utsett for grov vald av lokal ungdom då han kom inn i Nilsstauå for å vere ordensmakt.

9.4 Scenevante skodespelarar- teaterlivet blømde gjennom ungdomslaga



FRÅ TEATEROPPSETTINGA «TATERJENTA» I 1918.

STÅANDE BAK FRÅ VENSTRE: EMMA GJELSTEIN, ANDREAS ØDEGÅRD, SIGRID ØDEGÅRD, EDVARD REMMEM
SITJANDE FRAMME: ANNA REMMEM OG KNUT GJELSTEIN

Det er rike tradisjonar for teater i Vestnes. Tidleg på 1900-talet vart det etablert eit aktivt teatermiljø ved elevane og nokre av lærarene på landbruksskulen på Gjermundnes. Dei dreiv med teaterøvingar og framsyningar i ei årrekke, i den tidlege driftsfasa av landbruksskulen. Dette var ofte i nært samarbeid med ungdomslaget i Vike. Det går mellom anna fram at det i åra mellom 1915 og 1940 føregjekk mykje revy og skodespel på landbruksskulen som ein viktig fritidssyssele for elevane som den gongen budde på internatet der. Det var ikkje så lett å komme seg så mykje heimr med dåtidas tungvinte og langdryge ferdselsmåtar, målt med våre

auge. Men lenge før dette samarbeidet, må det nemnast at Vike ungdomslag hadde amatørteater med jamne framsyningar av skodespel allereie på 1800-talet. Etterkvart nytta laget seg og av profesjonelle instruktørar, og utvikla høg kompetanse på tetararbeid. Same året var Bjørnstjerne Bjørnsons skodespel «Mellom slagene» framført i Mortengarden på Vike. I året 1886 kom og framføringa av skodespelet «Et jernbanemøde». I boka om Vike Ungdomslag går det fram at ein i stiftingsåret 1885 hadde pengeinnsamling mellom medlemmane til ein eigen punchfest, med eit lite skodespel på programmet. Ein del år seinare fjerna nye tiders edruskapsføremål i ungdomslaget punchfestar, og det vart heller servert kaffi og wienerbrød. Men like fullt med høg stemning, er det nemnt.

I året 1887 følgde ein opp teaterdrifta med komedia kalla «Pebermenn i knibe» på ein julefest på Skjegstad, og i Hinngarden på Gjermundnes, hos gardbrukar *Lars Domaas* vart det framsyning av stykket «En lørdagskveld til støls». Ein kan og nemne stykket kalla «Vekkeruret», som vart framsynt første gongen i februar 1909 på eiga scene på ungdomshuset Vikingheim. På denne festkvelden kosta det 35 øre for vaksne og 10 øre for born å sjå skodespelet, og på dansen seinare på kvelden hadde dei ein billettpris på 50 øre for ungarane og 25 øre for ektepar og jenter! Nettoinntekta på dette arrangementet var nestan 88 kroner i fortieneste til ungdomslaget. Dette for å nemne berre nokre få av alle skodespela laget engasjerte seg i gjennom sitt omfattande teaterarbeid.

I Tresfjorden i mellomkrigstida låg tre mann på hogst i Neremslia, dei var alle dugande og interesserte musikarar. Dei hadde fatta interesse for å framføre klassisk musikk, men slike instrument hadde dei ikkje. Den noko originale løysinga vart å oppføre eit skodespel dei kalla «Per Spelmann». Dei laga og eit utskore bilete i tre som ein av dei skar til og teikna lik ein spelemann. Mellom aktene i skodespelet lodda dei ut biletet og dei fekk inn 70 kroner. Slik fekk salongorkesteret deira råd til ein cello, og seinare fekk dei tak i ein bratsj og eit piano, med tillegg av to felespelarar, vart dette til ein strykekvintett i Tresfjordbygda.



BILDE: FRÅ KOMEDIEN «AGENT LURENG» PÅ VONHEIM TIDLEG PÅ 1950-TALET

Kunstnaren *Karsten Kjersem* frå Remmem stod for å lage scenedekorasjonar til fleire forsamlingshus i kommunen. Han måla bakteppe og kulissar til forsamlingshus som Vonheim på Vestnes, Ljosvang på Nerås og til Bygdaheim i Fiksdal frå 1940-talet og utover i 1950-åra. Han var, saman med mellom anna *Edvard Remmem* og *Kristen Ødegård* ein viktig brikke i eit etter kvart vitalt teatermiljø som vaks fram i Vestnes- og Hellandområdet, med dei nærliggande grendelaga Remmem, Hagneset og Åsbygda som støtta aktivt opp.

Av større skodespel som fekk ei markant betyding i eiga samtid, og som faktisk enno ein og annan gongen vert nemnt i teatermiljøet, kan skodespelet «Knivane» trekkast fram som ei satsing frå teatermiljøets side i ein

mellomkrigsfase av teaterhistoria i Vestnes. Det no nedrivne forsamlingshuset Vonheim som låg i området mellom Myra og Hellandhaugen var fast øvings og framsyningsstad for denne storsatsinga. Nemnast i denne teatertradisjonen kunne nok kvart eit tidlegare ungdomslag med tilknytning til eit grendehus ha vore. Av dei mest sentrale ungdomslaga i Vestnes, med mange års fartstid frå skodespel og lagsdrift, er ungdomslaget Frihug med base på ungdomshuset Ljosvang på Nerås. Frihug har fungert som eit krinslag for bygdelaga på Nerås og Øverås og Furland.

Ungdomslaget Frihug vart skipa i 1895. Som på Vike, var teaterinteressa stor, både på Nerås og Øverås. Skodespel var nok ei motesak i dette tidsrommet, og engasjerte mang ein bygdeungdom innanfor den noko meir frilynde delen av ungdomsrørsla. Det første skodespelet ein kjenner til frå Frihug si historie var oppsettinga av stykket «Ervingen». Det vart vedteke at festen skulle haldast mellom jul og nyttår i huset hans P. Vik kl. 5 om ettermiddagen - og slutte når styret fann det for godt. *«Der skal vera traktering med kveitebollar og kaffi, og leiga to gode spelemenn. Mennene skal leggja 50, og kvinnone 30 øyror.»* Den 1. mars 1896 skulle det vere møte på Øveraas, *«men då det vart so stygt veder, var det berre ei nokre frå bygda som møtte.»* Neste møte vart halde 12. april 1896. Der vart det mellom anna bestemt å oppføre spelstykket «Ein laurdagskveld».

«I året 1899, den 24. juni, vart spelstykket «Formanskapsforhandlingar» oppført i skulestova på Øveraas. Deretter dans på låven hans John A.L. Øveraas. John Andreas hadde gjort stort arbeid med å ordne scena og ordne til på skulen. Aar 1900, søndag den 25. mars, vart det halde møte i ungdomslaget Frihug. Det var siste møtet saman med Lid. Sak 3: «Vart einige om å byrja arbeide for å få opp eit ungdomshus på Furland soframt me kunne få ungdomen i Åsbygdi med oss». Sak 4: «Det vart paalagt formannen aa skrive aat formannen i ungdomslaget i Aasbygdi at han samankallar møte og skriv tilbake til Frihug um dei vil vere med elder ei». Sak 5: «Det blei snakka om og halde ein basar og oppføre eit skodespel i paaskehelga til inntekt for huset». Formannen opplyser på eit seinare møte at han ikkje hadde fått noko svar frå Aasbygdi, og skodespelet og basaren vart utsett. Det vart i staden bestemt å halde maskeradeball 3. påskedag».

10 Frå primærnæringar til handel

10.1 Frå legdsvesen til offentleg omsorg

På 1900-talet vart det store omveltningar i levevis og nye næringsvegar for mange som budde på bygda. Dette gjaldt og her i Vestnes. Gradvis vaks det fram ei meir sentralisert form for servicenæring. Ikkje minst innanfor samfunnspålagte oppgåver innan helsevesenet kom det til store omskiftningar for Vestnesamfunnet tidleg i etterkrigstida. I lang tid har nok Vestnes vore ein av dei største «institusjonskommunane» i Møre og Romsdal, og mange offentlege institusjonar hatt ei heilt avgjerande rolle for lokal samfunnsutvikling sidan etterkrigstida, saman med verftsindustri og båtbyggertradisjonane. I 1953 vart garden Hellandsmyra gitt som gåve til Møre og Romsdal støttelag for åndssvake. I 1958 åpna institusjonen Hellandheimen, som vart utbygd på arealet som før hadde vore ein del av gardsområdet til Myra. På 1800-talet vart garden meir offisielt kalla for Helland øvre i dokumenta. På Myragarden satt enkjefru Sigrid Helland att med sonen, han «Ivar i Myra», som var psykisk utviklingshemma, og ho ville sørge for at sonen hennar vart teken forsvarleg hand om etter at ho sjølv fall frå. Ivar Helland levde resten av sitt liv på Hellandheimen. Hellandheimen var i fleire tiår eit fylkeskommunalt driftsansvar, fram til at HVPU-reforma vart gjeldande frå året 1994, med

nedbygging av institusjonen som eit resultat. Det er reist ein velfortent minneplakett mellom Myragarden og Hellandheimområdet som fortel litt om bakgrunnen for at denne store sentralinstitusjonen vart lagt til Vestnes.

Reint samfunnsøkonomisk og med tanke på arbeidsplassar har Hellandheimen i fleire tiår vore den viktigaste arbeidsplassen, spesielt for kvinner i Vestnes, etter at asiemarknaden sine lavkostnader gjorde slutt på konfeksjonsindustrien i Romsdalsbygdene. Av andre sentrale institusjonar som etterkvart vart etablert i Tresfjord og Vestnes kommunar var Tresfjord og Vestnes trygdeheimar («gamleheimane») ei høgst velkomen sosial reform. Trygdeheimane vart tekne i bruk som etablert driftseining med styrar og tilsette i Tresfjorden i året 1946, men den første bebuaren kom dit i krigsåret 1940. På Vestnes vart det bygd gamleheim i Åsbygda tidlegare. Der må det ha vore drift før 1920 sidan ein finn dokumentasjon på eit dødsfall der det året. Til saman dekte desse to offentlege tilboda kommunen sin eldreomsorg på denne tida, og gamleheimane ga ei heilt ny muligheit både for langtidsopphald av meir permanent karakter, og i andre tilfelle meir kortvarige tilbod. Slik kunne dei som ikkje greidde å ta vare på seg sjølv meir, få offentlig hjelp utan å vere avhengig av privatpersonar sin velvilje.

I tidlegare tider vart dei fattige som hadde vorte arbeidsuføre, og utan eiga forsørgingevne, sendt på legd på gardane. Å vere legdslem må ha vore særst fornedrande, dei måtte gå på rundgang på bygda for å få mat og husly. Dette systemet som myndigheitene påla dei sjølvveigande, vart kalla lisitasjon. Ved innføringa av ein aktiv offentlig eldreomsorg som ga institusjonsplass til gamle som ikkje greidde å stelle seg sjølv meir, vart slike nedverdiggjande samfunnstilhøve endeleg avskaffa. Romsdal helseheim avløyste den tidlegare tuberkoloseheimen i same bygget. Helseheimen låg i området mellom Øygarden og Åsbygda. I Åslia kom det til ein psykiatrisk institusjon som ei avdeling under det psykiatriske sjukehuset på Hjelset. Siste driftstida vart institusjonen kalla Åslia psykiatriske senter.

10.2 «Flekkjing av bergje» – fisketørking og potetreiter på Rekdal



BILDE: KLIPPFISKTØRNING
PÅ REKDAL MIDT PÅ
1950-TALET

På Rekdal, eller meir presist, i fjøra på Rekdal, vaks det i si tid fram ei næringsverksemd som gjekk inn i ein større samanheng reint handelsmessig enn berre dei lokale ringverknadene. Kring år 1900 dreiv fleire gardbrukarar i bygda med

dette som tilleggsnæring. I Hansgarden dreiv dei både havfiske og tilverknad av fisk i form av fisketørking på berga. For å kunne nyttiggjere seg av sjønære berg til klippfisketørking av spesielt torsk var det ein del naturgivne føresetnader som måtte vere på plass. Berga måtte vere flate i forma og helst langstrekte med tanke på stabling av fisken og tørkeprosessen, og

berga måtte vere moglege å flekkje fri for tang og vokster slik at ein fekk nytte seg av sjølve grunnfjellet i berget til å legge fisken utover på. Kjelder peikar mot at ein kring 1820 var i gang med tørking av klippfisk på berga på Romsdalskysten. Mellom anna i Fræna og ute på øyane var dette vanleg, og så kom det etterkvart inn som ei næringsgrein på Rekdal og.

Havfiskarar frå Rekdal eigde båtar som dei kunne dra langt ut med, og det ga ein grobotn for at fangstane vart monaleg større enn ved fjordfiskinga, og rekdalingane som var mannskap fekk lut, eller løy, som det vart kalla. Det var vanleg å ta på seg tørkinga av 2000-5000 fisk, så det må ha vore mykje å henge fingrane i på kort tid attåt andre naudsynete gjeremål som kravde sitt på heimgarden. Skuleungane fekk fri når fiskeskuta kom til Rekdal. Dei trengtest i fjøra då. Dette vart same prinsippet som at ungane før fekk haustferie for å vere med å ta opp poteter, ofte kalla potetferie eller «potedesfri». Dette gav moglegheit for å starte med tilverknad av fisk med tanke på sal. Rekdalsfjøra vart sett på som ein lageleg stad for tørking av fisk, både av rekdalingane sjølve og av skipperar med handelsinteresse i distriktet. Ein må nok og sjå dette som ein naturleg næringsveg i ei bygd som var heilt avhengig av vekseldrifta mellom gardsarbeid og fiske i fjord og i hav.

Dei hadde eigen tørkarbas til å halde oppsyn med arbeidet med klippfisken. Sist på 1800-talet hadde arbeidsfolket i fjøra timeløn. Karar fekk 10 øre timen, og kvinnfolka fekk 5 øre i timesbetaling, ungar som arbeidde der fekk 3 øre i timen i løn. Dei kom fraktande med fisk heilt frå fiskefeltet i Lofoten for å gjere seg nytte av tørkarmoglegheita på Rekdal. Lofotfisken kom til bygda rett over påskehøgtida, og då brukte bygdafolklet færingane sine for å hente den mengda fisk dei såg seg hendt til å tørke, frå ei fraktskute oppankra på Midfjorden. Sjølv arbeidsprosessen har vore skildra slik:

Fisk på land vart lempa opp i færingen som dei då let fyllast med sjøvatn for å bruke båten som vaskestad for fisken. Dei drog nøgla ut når dei skulle skifte sjøvatn. Reinsemd i høve eit matprodukt er generelt sett veldig viktig, og det ser ein og når det gjeld dette arbeidet med næringsstoff. Karane bar vatn og kasta fisken opp i båten. Der tok kvinnfolka over og oftast var dei fire kjerringar som stod for vaskinga kring kvar færing. Det vart kasta oppi kring 25 fiskar i slengen.

Det var ikkje uvanleg å bruke 14 arbeidsdagar berre på fiskevaskinga. Neste fase var å legge opp fisken i stablar og salta på med grovsalt. Bæringa og stablinga var oftast borna sitt ansvar. I surver og regn sette dei opp treflakar som vern. Etter kring fire dagars tid var det tid for å stable om fisken, og det måtte dei gjere fleire gonger for å få rett press. Dette var og borna si oppgåve å gjere. Så skulle dei leggje fisken utover berga til tørk, og sidan han var våt, var han tung å bale og bakse med. Første tørkardagen låg han skara utover nokre timar, men det hadde med verlaget å gjere kor lenge han låg. På ny vart fisken skara opp i stablar, og desse stablane fekk presenningar og flakar oppå seg. Det var vanleg mange stader i fylket å bruke det ein kalla for eit «klippfiskla» til å dekke over fiskestablane og verne mot nedbør. Det var treflak med ei utforming skoren i ei bogeform som vart å rekne som ein hatt tilpassa volumstorleik på eit klippfiskla. Om dei hadde slike i Rekdalsfjøra er eg ikkje sikker på, men det var vanleg å bruke desse mange stader langs kysten der dei tørka klippfisk på berga. Neste fase var at fisken no skulle få «lake seg». So måtte dei reinskjere fiskekjøtet for nakkeblod og hinnerestar, og det kalla dei for å «fisjle». Avkappet vart nytta som ekstrafor til krøtera.

Når dagane vart mildare og tørketilhøva betre, la dei fisken ut til tørk over lengre tidsrom. Grunna plassbegrensningar måtte dei tørke fisken lagvis, og all fisken kunne difor ikkje

leggast utover på same tid. Vart det solskin, og tørkarvinden dei kalla «vestrøne», kunne det gå kort tid å få tørka klippfisk. Kom det regnver, så måtte dei sørge for å legge frå seg alt anna arbeid, og få berge fiskebuntane frå væta. Vart han blautsam av regnet, vart han flekkete å sjå til, og det ga lågare pris hjå oppkjøpar. På det meste arbeidde det 40 innleigde tørkarar på same tida for han *Erik i Hansgarda*. Dei tørka fisk i sandfjora der. Kring tida ved unionsoppløysinga i 1905 var daglønna hjå han 2 kroner for vaksne dagarbeidarar og 50 øre for born som arbeidde med fisken nært elvaosen av Rekdalselva. Dei køyrde stein på fjorå for å få den til å verte større, slik at kapasiteten til å tørke klippfisk frå leverandørane auka.

Ei fiskebu frå Ona vart sett opp i Rekdalsfjorå for å tene som vaske og reingjeringsstad for fisken. I bua vart det laga til høvelege kar, og dei fekk til ei nyvinning då dei fekk installert pumpe til å få inn sjøvatn og ein stimkjele til å fjelge vatnet. *Astrid Rekdal*, som deltok mykje i dette arbeidet, har fortalt at dei i Hansgarden tok mot heile 20 000 fisk ein sesong. På høgsummaren var det nokre som fortsette utover arbeidet med lofotfisken, og det vart då levert brosme og lange til tørking. Dei som dreiv det hardast hadde arbeid med fisketørking i Rekdalsfjorå frå april til september. Det vart betre arbeidstilhøve for arbeidarane med varmare dagar og mildare ver, men dei måtte passe seg for å ikkje gjere skade på denne fisken når det blei for varmt. Då kunne ein svi fisken. Fisketørkinga på Rekdal heldt fram til sist på 1850-talet, då kom maskinalderen inn og overtok det tidlegare tungdrivne kroppsarbeidet.

Det kan og forteljast om tradisjonen dei før hadde med å så gras og sette potet i det dei kalla «tarærætå» på Rekdal. Ein finn og stadnamnet *Tarereiten* frå aust i Tresfjorden ved sjøen på Daugstad. Same bygdelaga hadde og namnet *Potedesrætå* som nemning på potetsetting i sjønære område ved hjelp av tare som naturgjødsl. Desse namna heng historisk sett saman med at det var ganske vanleg der tilhøva kring fjorden førde med seg mykje tang og stortare å skjære taren med sigd, og nytte denne som gjødsl i ei åkerreine. Tare er som me veit svært næringsrik, og full av alger og verdefulle protein, og potetavlingane vart store der ein brukte tare som gjødsl. I tida før det vart vanleg å produsere kunstgjødsl på Norsk Hydro, var stortaren, lik kumøkka, den gjødsla ein nytta seg av i jordbruksdrifta på Romsdalskysten.

10.3 Sildeberget og notavollen

Landnotfisket etter silda, som i store stimar trekte inn i fjordane, var tidlegare ei viktig attåttnæring for delar av bygdefolket. Dette fiskeriet var både omfattande og intensivt. Landnotfisket betydde næringsverksemd og matauk både i Tomrefjorden og i Tresfjorden. I mellomkrigstida var det to notlag i Tresfjorden som dreiv sildefisketa aktivt med landnot fram til inngangen til 1960-talet. Det eine av desse notlaga gjekk under namnet Syltebakken notlag og dreiv på med landnotfiskinga fram til året 1963. Det andre laget heitte Kyrkjesylyte notlag. Av opplysningar samla inn i ein sogelagsartikkel av Jakob Kjersem går det fram at det var fleire sesongar med fiske innan same året. Den vanlege årssyklusen i høve fiskeria var naturleg nok avhengig av når fiskestimane trekte inn i fjorden, og ein måtte følgje nøye med på det. Frå mai månad av var det vanleg å byrgje fiskinga med landnota. På den årstida kom det vanlegvis inn større mengder med småsild frå havområda utanfor. Sildefiskeriet pågjeikk fram til sommarsleite i juni-juli. Ut gjennom seinsommaren i siste del av juli månad, og i august, fiska dei aktivt etter makrellen som brukar å ha årvisse innsig i fjordane på den tida. Dei dreiv og med notstenging etter sei og brisling. På haustparten vart det drive fiske etter den større feitsilda som var på gytevandring.

Eit notlag bestod oftast av 8-10 partshavarar som både var andelseigarar og fiskarar. I dei mest hektiske sesongane med godt fiskeri hyra dei inn andre hjelpesmenn til fiskeria dei dreiv. Det vart lange dagar og mange døgn med «bomsteng» med landnota, men når fiskeria slo godt til vart det mang ei kjærkommen krone i ei tid med lite pengar i omloop.

I Tomrefjorden dreiv dei landnotfiskinga i større skala enn i Tresfjorden, og der var det på det meste 6 notlag som dreiv. Desse notlaga var: Vik notlag, Holmebruket, Lid notlag, Langstein notlag, Tomren notlag og Frostad notlag. I Alf Johan Hustad sin sogelagsartikkel om landnotfiskinga i Tomrefjorden kan ein lese følgjande:

Fiskereiskapen var landnota. Denne måtte med jamne mellomrom stellast og passast. På notavollen «volla» dei nota. dvs. nota vart strekt utover og oversett, tørka og bøtt. Om sommaren låg den ferdigstelte nota i notbåten, ferdig til bruk. Om vinteren og i uversperiodar vart nota hengt til oppbevaring og tørking i notahuset. Nota måtte med visse mellomrom barkast. Dei koka borkalog på bjørkenever. Nevra løypte dei om våren. Notlaget hadde fleire båtar av ulik storleik og som hadde ulike oppgåver under fangstinga».

Ein notbas med sterkt mannamål styrte arbeidet i kvart notlag. Hans aller viktigaste kunnskap var kvar ein skulle sette nota i «sjynå» for å vere sikrast på å gjere fangst. På Langneset på Frostad, nede i flomålet, er det framleis eit langstrakt berg som har vorte kalla for *Sildeberget*, der stadnamnet heng saman med brukstradisjonane frå fiskinga med landnot i Tomrefjorden. *Notvollen* var, som me ser, ei bruksnemning ein nytta på staden der landnota vart reingjort og hengt opp til tørk. Nemninga er kjent både frå Frostad i Tomrefjorden og frå Remmem på Vestnes. Notvollen på Remmem låg der dagens skipsverv Salthammer no ligg. På Frostad inst i Tomrefjorden finn ein og att stadnamnet *Notabakken* som syner til desse brukstradisjonane med næringsretta fjordfiske frå bygdefolket.

10.4 Heimeindustri og handverk – sjølvberging og krisetidsarbeid

Noko som kjenneteiknar eldre næringsretta verksemd, er at arbeidet ofte vart utført i kjellarar og på låvar rundt omkring i bygdelaga. I kommunen var det frå midtre delar av 1800-talet fleire rokkedreiarar som fekk anerkjenning for forseggjorte rokkar. Andre næringar som var vanlege i høve til småskalaproduksjon og gryande heimeindustri, var finsnekkjararbeid, møbelproduksjon, og allsidig smedarbeid av mange slag utført i essa til ei gardssmie. Smedarbeidet lokalt var omfattande i eldre tid. Det kunne vere alt frå produksjon av jarnspikar, til våpensmedarbeid, til reparasjon av hjulakslingar på ein slåmaskin som vart utført av ein kyndig bygdesmed. Nokre dreiv på med rosemålingsarbeid og det var vanleg å ta på seg bøkkearbeid, med produksjon av tretønner for sildefisket, og tillaging av trekjerald brukt i heim, fjøs og på setra. Sopelimar vart og laga av somme og dei vart og aktuelle som salsprodukt.

Nokre av dei dyktigaste treskjerarane laga mangfaldige typar av trekjerald som dei sat og skar til av emneved på vinterstid. På sommaren tok dei båten og rodde utpå øyane: Sekken, Gossa, Tautra og Otrøya for å selje trevarene sine. Slik handel var sikker i reine fiskerisamfunn, utan tilgang på skog sjølve. Fleire la seg opp gode pengar på slik handel, nemner informantar i lydbandopptak frå 1959. Forsynproduksjon (tillaging av *kjensle*) vart vanleg i mang ein kjellar, spesielt i Fiksdalen og i Tomrefjorden, frå mellomkrigstida av og fram til 1950-åra. Forsynproduksjonen var ikkje særleg godt betalt, men det var ei lita og relativt stabil inntekt, om ein stod på. Nokre historikarar har kalla dette for krisetidsarbeid. Me kan her sitere noko frå ein artikkel om emnet:

«Forsyn er ein del av den fiskereiskapen som vert kalla line. Det er eit tolagd snøre der det i eine enden er festa ein ongel, og den andre enden er festa til hovudsnøret, sjølvne lina».

Ein kan og omtale dette som taum eller framtaum i Romsdalen. Sjølvne maskineriet var enkelt og funksjonelt tillaga. Det har vorte beskrive slik:

Alle delane til maskinane både av tre og jarn vart laga lokalt. Knivane som kutta tråden vart laga av skarpslipte blad av skjærfil (baufil). Råstoffet bomulls- eller hampetråd vart lagt over krokar oppe på maskinen og på krokar nede. Trådane vart så kutta for kvar forsyn, og så sveiva dei maskinen slik at trådane vart tvinna, to-lagd. Lodda sytte for at kvar forsyn ikkje krulla seg, og vart bein og fin. Når forsyna var høveleg tvinna, vart den øvste enden frigjort frå maskinen, og det ferdige produktet kunne plukkast laust frå blylodka. I ein radioreportasje frå 1938 laga Hartvig Kiran eit innslag frå Nakkebygda, der han intervjuar både produsent og handelsmann. Det vart opplyst at kring 300 ungar og vaksne deltok der i bygda med å lage forsyn, det seier mykje om kor viktig næringsverksemda var eit par tiår, då innbyggartalet låg på om lag 500 fiksdingar. Etter kvart vart arbeidet utdatert, kring 1940 fekk ein 4-5 kroner for 10.000 produserte forsyn, desse vart i hovudsak nytta som linetaum til torske- og kveitefiske utasunds.

10.5 Sentrumsutvikling på Sylte og Helland

I boka om Vestnes sparebank 1863-1963, skriven av Ashjørn Sæbø er det nokre kortfatta opplysningar om tidleg handelsverksemd i Vestnes. Der kan ein lese:

Landhandel. Hausten 1856 søkte C. R. Stokkeland kongen om å få drive landhandel på Vestnes, og heradstyret gav si beste tilråding. I 1860 opna Ole Trondsen, «han Ole i Vikja», landhandel i Skorgevik, og i 1869 var også L. Hammerås og Børre Hamre mellom handelsmennene i heradet.

Frå 1880-åra av utvikla det seg eit handelssentrum på Sylte i Tresfjorden. Ein forløpar for fleirfaldig næringsverksemd, som etterkvart vart eit handelssentrum kring Syltebakken, var produksjonen av tønner til nedsalting og lagring av feitfisk som sild. Bøkkerhandverket omfatta produksjon av tønner til fiskeritilverknad, men råemna må ein tru bøkkeren fann i hasselskog nær heimstaden. Fleire stadnamn med *hatl* og *bandstak* i seg i bygdelaga kring Tresfjorden peikar mot ei hatlnemning innanfor ein brukstradisjon knytta til bøkkerarbeid og heimeproduksjon som tydar på at edellauvtreet hassel vart mykje brukt til ymse trearbeid før i tida. På Sylte skulle det etterkvart vekse fram ei vidgreina næringsdrift som kan seiast å vere ganske tidstypisk for samfunnsutviklinga fra siste halvdel av 1800-talet og fram til siste verdskrigen. Ei vidgreina næringsdrift vart mogleg, fordi det ikkje lenger var plass til så mykje arbeidsfolk i landbruket. Fleire måtte difor tenke på ein alternativ leveveg, og det skapte nye næringsvegar og næringsverksemd. Syltebakken er eit godt døme på denne typen endring i samfunnsstruktur. Nokre trekk ved desse omfattande omstillingane kan her nemnast:

Sentralt for utviklinga av eit handelssentrum som «Syltebakken», stod overgangen frå rein matproduksjon heime på sjølvbergingsbruket med naturalhushaldning, til ein framvokster av industri, handel, og servicenæringar som turisme og skipsekspedisjonar på «annakvart nes». Dei nye næringsvegane i samhandling med dei tradisjonelle innan primærnæringar som fiske og jordbruk ga arbeidsfolk eit høve til å berge eit tåleleg bra utkomme, ved å drive med det ein kan kalle *mangesysleri*. Ein hadde ikkje berre eitt yrke og ei yrkesgjerning, men måtte

beherske fleire. Salsøkonomien var eit resultat av økonomiske konjunkturar, av at byar som voks trong råvarer og produkt frå landsbygda. Det var og viktig for handelen at kommunikasjon og samferdsel vart mykje enklare ved hjelp av telegraf, telefon og dampbåtar.

Helland var opphavleg eit myrland. Blautmyr og blauttjørner dominerte det flate landskapet, som i dag er eit relativt stort kommunesentrum med ein tettstadsprofil. Delar av dette arealet var tidlegare flatlendt dyrkamark eller reint uproduktivt sumpland, som var mindre ettertrakta brytingsjord for gardbrukaren, men plasseringa reint geografisk i høve frakt og farting mellom byane og regionane, skulle etterkvart gjere området attraktivt når det gjaldt etablering av vidgreina former for næringsdrift. Dei første tilløpa til eit sentrum kom med skysstasjon og post på Vestnesgarden og ved dampskipsanløp ved saga på Hagneset. Etterkvart vaks det fram eit tidleg forretningssentrum på Knipå, slik det i omlag same tidsrommet gjorde i Syltebakken inne i botnen av Tresfjorden. «Legernæshuset», bygd av kjøpmann Hans L. Legernæs, er det eldste av dei opphavelege bygga som i dag står att, det vart bygd i 1898. På Knipå var det og pakkhus og skipsekspedisjon. Ute i nærleiken av Vestnesstraumen stod sjøhuset til Legernæs, og var ein sentral stad for båtar som la til, med lossing av varetyper. Denne sjøbua er framleis nestan heilt uforandra innvendig, men vart først sett på land for lang tid sidan, og så seinare flytta på nytt for nokre tiår sidan, på grunn av vinterstormane sine herjingar. Wettelandhuset rett ved Gamlebrua kom til noko seinare enn Legernæshusa, men hadde og ein tidleg funksjon som handelshus på Vestnes.

10.6 Trondsenbrørne inni Tomrefjora og Skorgevikja

«Ole Trondsen kom frå Tveit i Vikør prestegjeld i Kvam herad i Hardanger. Han vart fødd i året 1828 og kom til Romsdal i 1848, i lag med broren Arne og faren Trond. Dei busette seg på Bårdsnes i Tomrefjorden i Vestnes. Men i 1860 flytte Ole til Skorgevik (Vikja) og kjøpte gard og sette opp større hus. Han var første handelsmann i Vestnes/Tresfjord. Hadde bakeri og og bøkerverkstad, og hadde i lag med broren, som framleis budde på Bårdsneset, alt i alt 9 seglskutor på 60 til 130 tonn».

Han «Ole i Vikja» som han nok etterkvart vart kalla i Skorgen skulle bli ein institusjon som handelsmann i ei tidleg fase av dei som vart tidleg ute med å etablere ei framveksande handelsnæring i Vestnes. Desse brørne var innflyttarar frå Øystese i Hardanger og dreiv mykje med handelsfart med seglskuter, mellom anna dreiv dei tidleg *nordlandshandel* med varefrakt mellom landsdelar med skutene sine. Den vidgjetne båtbyggaren *Lars Jensen Hammeraas* var og ein innflytta harding som truleg kjente desse brørne frå tida før dei alle kom hit opp til nordvestlandet. *Ole Trondsen* hadde og eit lengre forretningssamarbeid og felles eigarskap i tre havfiskebåtar med *Lars Legernæs* frå Vike og skipper *Rasmus Leirvåg*. Ein av desse båtane heitte «Snapop», og vart den første båten på våre kantar som fekk sett inn dampmaskin.

Handelsverksemda til Trondsenkarane ga seg fleire utslag i næringsdrift hjå båtbyggjar *Lars Jensen Hammeraas* som hadde etablert seg med seglskuteverft i Hellandbukta. Han fekk store byggeoppdrag frå brørne, og bygde for dei skutene Kveldulf, Odin, Herman, Magdalene, Dølen, Snapop, Sleipner, Sterkodder og Nordkyn i tidsrommet 1860-1890. Det store fleirtalet av desse skutene vart bygd på Hellandverftet, og dei siste hjå etterfølgjar og svigerson til *Hammeraas*, vestnesingen *Kristen Salthammer*. Han hadde gått i båtbyggjarlære hjå *Hammeraas* og bygde først færingar på Helland, før han frå året 1879 etablerte seg som båtbyggjar via ein gardpart han då fekk kjøpt seg på Salthammeren. Sjøfarta og

handelsverksemda med skutene til Trondsenbrørne var i stor grad basert på oppkjøp av klippfisk til eksport klippfiskhandel, og frakt av ymse handelsvarer mellom bygdelag.

Ole Trondsen førde stort hushald i si tid som næringslivsmann i Skorgevika og det eksisterer ei interessant førstehandsberetning frå ei som var tenestetaus hjå han i «Trondsenhusa» seint på 1800-talet, via lydbandopptak frå 1950-åra. *Anna Kristiseter*, fødd i 1873, har fortalt om si tid på tilsaman 9 års teneste hjå Trondsenfamilien i fleire periodar ettar at ho vart konfirmert. Det var knallhardt arbeid der i huset, men han betalte betre enn kva vanleg var på gardane i bygda, sa ho. I dag er Trondsenhuset frå «Vikja», flytta til, og teke vare på gjennom bygdetunet som er bevart på Tresfjord museum, og framstår i all hovudsak slik det var kring avviklinga av forretningsdrifta i «Vikja» kring år 1900.

10.7 Tilskjærarar og sydamer - Konfeksjonen som ny leveveg

Det var ein betydeleg konfeksjonsindustri i bygdelaga i kommunen frå mellomkrigstida og framover til kring 1970-1980. I Tomrefjorden vart næringsverksemda knytt til konfeksjonsindustri særleg stor. Romsdalen vart på denne tida kalla «kleskammeret i Noreg», på grunn av alle konfeksjonsfabrikkane som spratt opp i heile regionen. I kommunar som Rauma og Aukra var det og store konfeksjonsmiljø. Konfeksjonsindustrien og skreddararbeidet var ikkje særprega for Vestnes og Tresfjord sitt vedkommande, men til saman med fleire andre romsdalskommunar, bidrog kommunane sterkt til å gå inn under fellesnemninga «Nasjonens kleskammer», som romsdalskonfeksjonen på folkemunne vart heitande. I Molde sa dei at «inni Tomrefjorden låg systaua te romsdalingan». Det same vart og ofte sagt om konfeksjonsindustrien i heile Romsdal generelt, men at bygder som Isfjorden i Rauma, og Tomrefjorden i Vestnes næringsmessig stod i «konfeksjonens teikn» er ikkje å ta for hardt i.

Om ein ser på Tomren fabrikk si historie, så er det vel ikkje heilt feil å seie at denne etterkvart så store konfeksjonsverksemda vaks fram frå «heimealne» og små kår. Verksemda vart oppstarta av Olav Tomren i 1926. Fabrikken hadde på det meste kring 300 ansatte og selde plagg både til innland og utland. I dei par første tiåra låg fokuset på design og produksjon av herreklede, men på 1950-tallet starta bedrifta med ei ny storstilt satsing på kvalitetskåper for kvinner. Det vart frå tidleg etterkrigstid damekåper Tomren fabrikk vart mest kjent for, og bedrifta var kjent for å lage slitesterke plagg av høg kvalitet. Tekstil og stoff vart i hovudsak importert frå Italia, som er kjent for høg kvalitet på tekstilindustrien sin. Enkelte av modellane kunne og vendast og difor brukast både ut og inn. Tomren fabrikk laga også i heile driftstida frå 1930- talet og fram til nedlegginga i 1978 andre plagg, men kåpene vart bærebjelken i produksjonen. Dette var elegante plagg som tiltrakk seg velbemidla kvinner med sans for å vere moterette. Konfeksjonsfabrikken i Tomrefjorden la ned produksjonen i 1978. Konkurransen frå utlandet, med lågpriskostnader i spesielt asiamarknaden gjorde det umogleg økonomisk å halde fram i ein så konkurranseutsett og internasjonalt betinga marknad som tekstil og klesproduksjon.



*BILDE: FRÅ
FABRIKKLOKALA TIL TOMREN
FABRIKKER FØR BRANNEN
I 1957*

På det meste hadde Tomren Fabrikker 24 utsalsstader i Noreg og ein eigen butikk i Danmark. Sverige vart den største eksportmarknaden. Det var nok i si tid mang ei fin frue i Sverige som kjende seg komfortabel med å eige og bruke ei damekåpe frå Tomrefjorden. Tomren fabrikker produserte sine

eigne design, som dei utvikla på teiknebrettet og tilskjæringa sjølv. Slik hadde bedrifta ein finger med i heile produksjonsprosessen. Kåpemodellane til Tomren vart markedsført gjennom eigne salskatalogar og nemnte utsalsstader og reiseagentar. Kåpemodellane vart etterkvart markedsførte under eigne kvinnenamn. Ei populær kåpe sist på 1950-talet heitte «Lise». Falsk pels eller fuskepels vart og brukt til å lage nokre kåpemodellar. Nokre av kåpemodellane hadde og den smarte muligheita at dei kunne vendast «på rångå» og brukast med same utsjånad på plagget både ut og inn. Konfeksjonsindustrien i Romsdal må sjåast på som ei oppbløming av småskalaindustri og seinare større industrifabrikkar i høve til den omfattande nordlandshandelen som føregjekk frå 1870-talet og fram til siste verdskrig. Isfjorden var den bygda som hadde flest folk som dreiv med handel i fiskeværa nordpå, og ein viktig del av vareutvalet dei omsette var heimesydd klede. Frå bygder som Tomrefjord, Rekdal, Skorgen, Daugstad, og Tresfjord var det og karar som årvisst drog på nordlandshandel. Denne handelen vaks mykje i fiskeværa i Nord-Noreg, og hang saman med gode sesongfiskeri som ga høge inntekter til fiskarane ein del sesongar. Behovet for nye klede som salsvare auka tilsvarande mykje. Slik vart det mang ei kvinne som skaffa seg eiga symaskin, og ein god del karar fekk skreddaryrket som delvis, eller heilt ny leveveg. Konfeksjonsindustrien i Romsdal endra seg etter kvart til fabrikkproduksjon, og vaks seg ut av si tidlegare form som småskalabasert heimeindustri.

11 Den tyske krigsmakta sin okkupasjon - kvardagshistoriene




*BILDE: TYSKE KRIGSSKIP HAR SØKT INN I TOMREFJORDEN
FOR Å UNNGÅ ALLIERTE FLY*

Mange av innbyggjarane i kommunen kunne i aprildagane i 1940 stå og sjå på regelmessige kamphandlingar mellom okkupasjonsmakta og dei norske og britiske styrkane. I Vestnes kommune var sjøkrigen i høgste grad til stades i Leirvågen, der den norske marinen gøymde vekk og kamuflerte «Sleipner» i april 1940. Jagaren vart eit symbol på den norske motstanden i sjø- og luftslaget om Molde. Sleipner greidde å køyre sikksakk på

fjorden medan dei tyske bombefly la seg dødbringande last falle ned mot skipet. På nestan uforklarleg vis greidde sjøfolka på Sleipner å styre skipet i trygg hamn gong på gong i desse høgdramatiske dagane sist i april. I Leirvågen vart «Sleipner» kamuflert med både kamuflasjenett og greinverk frå furuskogen som veks der.

Fleire personar som den gongen var heilt unge har fortalt kor nifst det var med krigsfly, mitraljøse-eld og bombing frå flya frå tyske Luftwaffe si side. Som *Per P. Rekdal* på Ellingsetra i Fiksdalen sa: «Det var den tida si form for ufrivillig underhaldning. Eg var ung, og spanande var det å sjå bombefly i kamp over Oterskardet». I ei dagbok skrive av ein vestnesing busett på Hageneset i åra 1940-1945 kan ein lese: «*I dag har de bombet Molde igjen. Røyken stiger opp. Man får bare sette sitt håp til at denne galskapen snart kan slutte, og at verden vil falle på plass igjen*». Ein tysk soldat som var stasjonert ved kommandosentralen som tyskarane hadde lagt til Vestneshaugen, vart av vestnesingar berre kalla for «Faen hakke». Han var ofte misnøgd med at påbod som okkupasjonsmakta påla sivilbefolkninga ikkje vart gjennomførde raskt nok. Dette kunne mellom anna vere at folk lærte seg å blende skikkeleg med blendingsgardinene dei var pålagt å bruke, for at allierte fly ikkje skulle ha lyskjelder å bombe militære mål etter. Då kunne han «Faen hakke» morske seg opp nede i maufakturhandelen til kjøpmann *Bjarne Gjelsten* og slå demonstrativt i kjøpmannsdissen. Dei tyske okkupantane hadde rekvirert verkstadplass for skreddarverkstad i Gjelstenhuset, og hjå *Albert Vestnes* var det og tysk verkstad. På Vestnesgarden hadde dei stallplassar og i Overåhuset ein del av kommandosentralen.



BILDE: LOKALE BØNDER VART PÅLAGT LEVERANSAR TIL DEI TYSKE OKKUPANTANE

Fleire slike eksempel kunne ha vore nemnt, men dette tør vere eit bilete på kva ein okkupasjon kan vere for noko for sivilbefolkninga. Ein informant hugsar godt at russarfangar var på vedhogst på Fiksdalsstranda, og at dei song så vakkert om kveldane. Det var eit lite ljøs å høyre den vakre songen deira gjennom kveldsstilla. Ein tysker som rende seg på ski ved Oterskaret i Fiksdalen fekk seg eit minnerikt møte med ei ulovleg oppsett hjortesnare, og i Vestneskyrkja vart eit av glasmåleria med apostlane på skote hol i av ein rusa tysk offiser. Nokre personar var aktive medlemmar av Nasjonal Samling og gjekk tyskerane sine

ærend, medan andre var reint passive medlemmar av dette landssvikarpartiet. Det er ikkje noko som tydar på at folk her i kommunen var meir eller mindre nazivennlege enn i andre delar av regionen.

Tyskerane hadde og verkstad i det gamle bedehuset, mellom «klesskiftetomta» og vestneskyrkja. Borna hadde fått høyre frå dei vaksne at tyskerane kom nok helst ikkje til Vestnes, men det gjorde dei, og for ungane var det nok mest eit spanande innslag i kvardagslivet med alle desse soldatane. Det var populært for ungane å «spionere» på kva tyskerane dreiv på med. Ein informant hugsa godt at dei køyrde sine grønmåla hestevogner inn i underetasjen på bedehuset gjennom to store portar. Dei hadde laga til vognpark der. Dette var på baksida av bedehuset opp mot sjølve bergpartiet Vestneshaugen. *Edith Nerbø* har fortalt at ho hugsa spesielt ein noko eldre tysk soldat som ofte var innom far hennar i skomakarverkstaden på Hagneset ved gamlebrua. Han brukte å ta ho på fanget, og då trilla tårane på han, for han sakna dotter si heime i Tyskland så mykje.

Generelt var tyskarane svake for norske born, og det ga ungane mang ei muligheit til å mellom anna stikke til russefanger ei matpakke medan vakta snudde seg vekk. Dette skjedde både på Øverås og på Rekdal, der det var russefanger som hadde vorte deportert dit til dei nyoppførde kystbatteria i kystfortat som ein del av den svært omfattande nazistiske slaveøkonomien. Ein slaveøkonomi som bringa over 300 000 krigsfanger og tvangsutskrivne sivilarbeidarar til Noreg. På Rekdal døydde ein russefange ved fangebrakka, men noko sømmeleg begravelse fekk han ikkje, han vart berre graven ned på ein høgst lemfeldig måte der i terrenget. Det går fram av kjeldene at russefangane deltok mykje i gardsarbeid på Rekdal hos gardbrukarar. For desse avmagra krigsfangane vart nok det ein kjærkomen måte å stikke til seg ein potet eller annan mat, som ein utpint kropp nok sårt trengte. I Tresfjordfjella låg det fleire setrar som fleire gonger fekk vitjing frå okkupasjonsmakta sine uniformerte soldatar. Både på Kjersemsetra og på Eidhammarsetra kom det okkupasjonssoldat innom og sette ein støkk i jentene som setra der. Desse hendingane skremde jentene, men soldatane frå okkupasjonsmakta oppførde seg eksemplarisk mot dei, og banka ikkje på døra til seterbu som dei i begge tilfella stengde seg inne i. Dette var vel i sjølve utgangspunktet ikkje verre enn att nokre unge tyskarar søkte å få kontakt med lokal ungdom av motsett kjønn, men på grunn av dei rådande krigstilhøva vart det feil å ha kontakt med tyskerar for desse setertausene, som sjølv har gjenfortalt dette. Under krigen var det tysk propagandafilm før kvar kinokveld i periodar. Hirden til Nasjonal Samling i Molde distrikt kuppå ein bygdekveld på Vonheim i 1941. Hirdleiar i full uniform med solkorssymbola til NS vart kollektivt vendt ryggen til når han tala frå scena på Vonheim. Ein av dei som var til stade denne kvelden har fortalt om denne hendinga. Han sa at dei på signal vendte nasjonalsosialisten ryggen. Hirdleiaren vart rasande av audmjukinga, og truga med represaliar, men det vart ingen reaksjon i etterkant.

På fylkesskulen på Remmem vart det og mykje styr. Dit kom hirdavdelinga til landssvikarpartiet Nasjonal Samling for å forhøre elevane og tilsette på fylkesskulen. Hirden hadde motteke fleire tyskfiendtlige brev, omtala som «falske brev» frå ein anonym avsendar som dei mistenkte kom frå ungdomsmiljøet kring fylkesskulen, og dei oppfatta generelt elevane på skulen som utfordrande i høve okkupasjonsmakta sitt regelverk. Ein informant har fortalt at dei sa at «dei kom for å lære oss folkeskikk» Dei var, etter det ein elev som var til stades fortalde, sinte, og ropte og skreik høgt og truga ungdommane. Ei taus som ikkje var meir enn 15 år gammal vart so redd, at ho let tårane fløyme, og sidan ho sat med ei heimefarga ullhue på seg, vart hua blaut i randa og raud og grøn farge rann ned i andletet hennar. Det var på fødselsdagen til Adolf Hitler hirden kom stormande, og dei var svært

misnøgde med at skulen ikkje følgde opp påbodet om å flagge for føraren. Informanten fortel at ho hugsar at flagget enten vart fira på halv stong eller så kom det ikkje opp i det heile denne dagen. Dette hengde hirden til landsssvikarpartiet Nasjonal Samling seg opp i. Dei ville ha seg fråbedd at ungdommen ikkje viste tilbørleg respekt for føraren.



BILDE: TYSKE SOLDATAR SAMLA TIL FOTOGRAFERING BAK HOTELLET VED VESTNESHAUGEN I JULA 1943

Dei faste militæranlegga i Vestnes var kystbatteria ved Kvitberget på Øverås og kystfortet kalla «Støttepunkt Rekdal», som ved bruk av fleire kanonbatteri i eit utbygd kystfort med mange typar militære installasjonar frå Øygardsbukta til foten av Rekdalshesten, dekte innseglinga i

Midfjorden. Nærast foten av Rekdalshesten var kommandobustaden. Elles var der mellom anna eiga fangebrakke for russefanger, mannskapsforlegningar, depot og spisebrakke for mannskapa.

I tillegg til kystforta hadde tyskerane som nemnt tilhald oppe i Vestneshaugen der dei hadde sambandssentral og kommandosentral med støttande stabsfunksjonar i høve militæranlegga dei bygde ut. Dei første åra etter at freden kom att i landet, var det spanande for ungar å leike seg oppe i bunkersar og forlegningsbrakker eller hestestallar oppe kring «hotellet» og berga i Vestneshaugen. Foreldra var redde for at det kunne liggje att sprengladningar etter tyskerane, og det gjorde det sjølvsagt enno meir spanande å snike seg opp dit for ungane. Noko skade på sivile grunna sprengstoff og sprenglekamar i etterkant av okkupasjonen i Vestnesområdet er ikkje kjent. Ein krigsfange som hadde rømt frå slavearbeidet på Gossen, kom seg til Tresfjorden, der han fekk mat og gøymestad, men ein lokal NS-mann oppdaga dette, og melde frå om rømlingen til den tyske avdelinga på Vestnes som henta han. Frampå Øvstedalen vart derimot ein rømt russefange hjelpt gong på gong med rømmingsveg over Kleiva, til Stordalsfjella på sunnmørssida, Dei bar mat til han og. Det same skjedde vest i kommunen med tre russefanger som rømte frå Øverås og til Gjelsten og Langedalen på Rekdal. Ei tid gøymte rømlingane seg oppe i «Røvarhytta» i Langedalen ved nedste Langedalsvatnet i fjellområda i Rekdalsmarka.

Ein har sikker dokumentasjon om at fleire russefanger som rømte frå Gossen vart torturerte og avretta av tyskerane etter at dei vart tekne til fange att. Generelt sett var slaviske folk eit mindreverdig folkeslag i den nazistiske raseteorien, og dei vart difor behandla rått og brutalt. Situasjonen deira vart ikkje betre av at Sovjetunionen ikkje ville godkjenne Genevekonvensjonen om behandling av krigsfanger, og dette vart brukt av naziregimet som eit anna påskot for å bedrive slaveri og folkemord mot desse forsvarslause menneska. Grunna den totale okkupasjonen, og tvangsflyttinga av sivilbefolkninga på Gossen i Aukra kommune, vart det i delar av krigsåra buande ein god del familiar her i kommunen som vart å rekne som interne flyktningar frå Aukra. Dei fleste av dei budde eit par krigsår i Tomrefjorden. Nokre av desse slektene vart verande her, men fleirtalet drog utpå «øya att» for å bygge oppp att heimar, og ta i bruk att eigendomar etter at tyskerane drog.



*BILDE: ODD LEGERNES
OG ROBERT MISFJORD
HELD VAKT UTANFOR
HOVUDKVARTERET TIL
TYSKARANE, VESTNES
HOTELL, I MAIDAGANE
1945.*

12 Lokal kulturarvplanprosess 2017-2018

Visjon: Arkiv - formidling - bruk

Vestnes kommune har ei mangfaldig historie, som geologisk og naturgeografisk strekker seg attende til den tida då isen drog seg tilbake. Seinare kom steinaldermennesket og tok området i bruk, og busette seg her. Det er spor etter kokegroper og flintstein frå denne tidlege historia å finne over heile kommunen. I all den tid seinare har det vorte skapt nye levevegar og tradisjonar, og slik har det vorte skapt ulike former for kulturminne som tilsaman vert vår eigen kulturarv. Ei slik arv av tidlaus karakter omhandlar både kulturminne av materiell og immateriell type.

Lokalhistoria vår inngår i ei enno større forteljing regionalt og nasjonalt om fortid og forfedre, og det har vore vektlagt frå arbeidsgruppa som Vestnes kommunestyre etablerte i planprosessen.

Vestnes kommune har som myndigheitsorgan eit ansvar når det gjeld ivaretaking og formidling av vår lokale kulturarv med tilhøyrande kulturminne. Denne kulturarvplanen er tenkt å vere eit verkty som skal sikre god kulturminneforvaltning for kommunen, både i dag og for framtidens generasjonar. Planen bør rullerast kvart fjerde år for å ha aktualitet, og den bør brukast av administrasjon og politikarar for å verte eit aktivt verkty som ikkje rustar opp i verktykassa. Planarbeidet har bygd på to hjørnesteinar. Den eine delen er ei lokalhistorisk framstilling av samfunnsutviklinga i Vestnes. Den andre hjørnesteinen er bygd på offentleg forvaltning av kulturminne og eit forslag til ein handlingsdel, som skal bidra til å ta vare på, og bruke, nokre prioriterte delar av kulturarven vår.

Ein kulturarvplan med handlingsdel, som arbeidsgruppa bevisst har valt å kalle plandokumentet, skal i handlingsdelen peike på ein del verdfulle kulturminne og kulturmiljø,

som arbeidsgruppa i samspel med innbyggjarane via høyringsrunde, har valt ut som spesielle for kommunen. Desse kulturminna er å sjå på som eit skjønnsamt utval som alle kan tene som identitetsbærarar for Vestnes. I tillegg kjem lokale kulturminne som er med i regional kulturminneplan for Møre og Romsdal, der fylkeskommunen har med prioriterte kulturminne i Vestnes kommune. I tillegg har det vore viktig å tenke lokalt, for å få fram verdfulle historiske spor innanfor omgrepet nyare tids kulturminne som overordna kulturminnefagleg myndigheit hjå Riksantikvaren og fylket ikke kjenner til frå før.

Kulturarvplana skal brukast til å utvikle ein aktiv handlingsdel, og utanom merksemd kring kulturminna og sikring av eit prioritert utval av dei, skal handlingsdelen leggje til rette for vekst i næring, småskala turisme og reiseliv. Arbeidsgruppa har vore samansett av tre oppnemnte representantar frå Vestnes sogelag, ein tilsett frå kommuneadministrasjonen og innleigd kulturminnefagleg konsulent. Innbyggjarane fekk høve til å komme med sine innspel på kva slags kulturminne dei kjenner til, og på den måten få desse med i planarbeidet.

Dei innspela som gruppa har fått, vil verte tekne med vidare. Utanom desse innspela av både skriftleg og munnleg karakter, er det i plangrunnlaget vist til ei rad samtalar med både nolevande og avlidne personar, som ein god del av stoffet, særleg etter 1930, er henta frå.

Kulturarvplanen skal følgjast opp i samspel med kulturminneforvaltninga og følge lovverket i kulturminnelova. Kulturarvplanen skal og følgjast opp i tråd med riksantikvaren sine ønskje om at kommunar skal sikre og utvikle ei fornuftig forvaltning av nyare tids kulturminne som ikkje har, eller automatisk vil få, eit formalisert vern.

Visjonen frå arbeidsgruppa si side i høve arbeidsprosessen med planen, har vore å auke kunnskapen om kulturmiljø og kulturminne. Formidling til barn og ungdom bør vere ei prioritert oppgåve. Å fremme kulturminna si betyding for næring og folkehelse i samband med friluftsliv og opparbeidde turstiar og reiseliv/turisme har og vore ein tanke av gjennomgåande karakter. Generelt sett er kulturarven vår tett samanvevd med ei kjensle av identitet og av å høyre til her. Dette er vår verdfulle arv frå fortida som ein må sørgje for vert verdfull for framtidens personar og.

Skal ein lykkast med desse visjonane, er det ikkje nok å lage eit plandokument. Både innbyggjarar, næringsliv og ikkje minst lokalpolitikarar med beslutningsmynde, må arbeide for å synleggjere og formidle tilgjengelege kulturminne og kulturmiljø. Plangruppa kjem i denne kulturarvplanen med konkrete forslag til sikring og prioritering av ein del slike kulturminne og kulturmiljø. Medverknad til ei lokal samfunnsutvikling, der vern og bruk samhandlar er heilt sentralt. Det er i spenningsfeltet mellom kostnadsramme og sosialøkonomisk gevinst nøkkelen til å oppnå eit aktivt og bærekraftig kulturminnevern ligg. Aktiv bruk av kulturminnesøk.no som formidlingsverktøy, og ei auka merksemd på lokalt kulturminnestoff i digital form bør fremmast. Å gje historisk interesserte personar lesetips og kjeldehenvisningar til stoff er også prioritert frå arbeidsgruppa si side. Samarbeid med grunneigarar og frivillige for å gjere historiske attraksjonar tilgjengelege og attraktive å besøke, bør verte eit prioritert arbeidsfelt og oppgåve. Også med tanke på lokal kulturminneforvaltning.

12.1 Om lokal kulturminneforvaltning og materielle kulturminne

Vestnes kommune forpliktar seg via lovheimlar til å oppfylle Stortinget sitt nasjonale mål om å ta vare på eit representativt utval av kulturminne, samt å redusere tap av kulturminne og kulturmiljø. Dei to sentrale lovene er kulturminnelova og plan- og bygningslova (PBL).

Kulturminnelova skal sikre ivaretaking og vern av kulturminne og kulturmiljø på eit nasjonalt nivå. Lova gjeld automatisk freding, vedtaksfreding og mellombels freding. Den skal, utover vernekriteria, vere ein rettleiar om vern og bruk av ressursar, samt i spørsmål knytte til utbygging og arealbruk. Plan- og bygningslova (PBL) styrer arealplanlegginga som i hovudsak vert handheva og vedteken av kommunane. PBL er kommunen sitt viktigaste verktøy for å ta vare på kulturminne og omgjevnaden til kulturminna. Det skjer ofte gjennom regulering av omsynssone og bevaring. Det viktigaste er at privat eigar av kulturminnet er positiv til å ta vare på kulturminnet for ettertida. For å stimulere grunneigarane til ivaretaking av kulturminne av ulike typar, er det viktig å gi råd om tilgang til offentleg økonomisk støtte og fagleg rådgjeving. Arbeidet med kulturminneplanen baserer seg på tinging og vedtak gjort av kommunestyret i Vestnes.

12.2 Riksantikvar og fylkeskonservator krev ein handlingsdel

12.3 Kva er eit kulturminne?

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. (Lov om kulturminne § 2).

Vi skil grovt sett mellom fire typar kulturminne:

1. Immaterielle kulturminne: Lokale tradisjonar, segn, eventyr, myter, matkultur, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er eksempel på immaterielle kulturminne. På mange måtar kan dette seiast å vere den mest sårbare delen av kulturminnearven vår. Kunnskapen og historiene forsvinn i lag med menneska som har vakse opp med overlevert og tradisjonsboren kunnskap, om ein ikkje arbeider spesielt med innsamling og formidling av desse.

2. Materielle kulturminne: Bygningar, gravhaugar, bruer, vegsamband, buplassar og gjenstandar er døme på materielle kulturminne.

3. Tekniske kulturminne: Tidleg vasskraftutbygging i Misfjordelva i mellomkrigstida og *Jacob Jervell* sin bruk av vasshjul med tilhøyrande trerøyr for å leie elvevatnet inn til vasshjulet med ei reimoverføring er eit anna døme på tidlege tekniske kulturminne i Vestnes.

4. Biologiske kulturminne: Dette kan til dømes vere ei slåttemark med historisk slått med lå og skjøtsel av plantesamfunn i Sakselia på Daugstad, eller alleane som *sokneprest Krohg* i si tid planta på Vestnes. I tillegg til kategoriane av kulturminne er det viktig å hugse på at me fleire stader har verdfulle miljø som ein må sette i ein samanheng.

Kulturmiljø: Omgrepet fortel om eit område der kulturminna er ein del av ein større heilskap. Det kan til dømes vere eit eldre klyngetun. Det kan og vere ein lokalitet der fleire ulike typar kulturminne og brukshistorie vert sett inn i ein historisk samanheng. Eit

kulturmiljø kan og vere prega av både naturkarakter og av meir teknisk prega bruksspor i form av biologiske kulturminne som eit styvingstre (skjøtta lauvtre, der blada har vore nytta til sauefor) eller ei slátteeng med tilhøyrande tidleg teknisk infrastruktur, t.d. ein steingard eller ein sommarfjøs (høyløe).

12.4 Automatisk freda kulturminne

Det er skilnad reint vernemessig mellom *automatisk freda kulturminne* og nyare tids kulturminne. Automatisk freda kulturminne er kulturminne som er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova. I § 4 i kulturminnelova står det:

Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Det gjeld spor etter menneskeleg aktivitet av ulike slag fram til reformasjonen (år 1537). I databasen *Askeladden* er det registrert 146 automatisk freda kulturminne frå Vestnes kommune, frå tida før reformasjonen. Nyare tids kulturminne etter reformasjonen, er det med andre ord i stor grad opp til kommunane sjølve å sørgje for vert ivaretekne på ein god og forsvarleg måte for ettertida. Samarbeid med Vestnes sogelag som lokalhistorisk ressurs og andre frivillige krefter i Vestnes er viktig for å kunne gjennomføre og formidle tiltaka. Kapittelet gir også ei oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar.

Automatisk freda kulturminne som til dømes ein buplass frå steinalderen, eit forsvarsverk som ei bygdeborg, eller ei gravrøys frå jernalderen vart tidlegare kalla fornminne. I eldre litteratur som omhandlar kulturminne vert ofte denne samleforma nytta for å beskrive våre eldste former og typar av kulturminne. Dette er kulturminne som er freda direkte i lovteksten til kulturminnelova. Det gjeld spor etter menneskeleg aktivitet av ulike slag fram til reformasjonen (1537). Ein treff nokre gonger på nemninga før-reformatoriske og etter-reformatoriske kulturminne innanfor kulturminneforvaltninga. Dette er omgrep som forvaltninga brukar for å skilje på det som er automatisk freda kulturminne før reformasjonen i 1537 og kulturminne av seinare dato, utan ein formalisert vernestatus i utgangspunktet.

Automatisk freda kulturminne har etter lova ei fastsett sikringssone på 5 meter rundt seg. Dette gjeld alle automatisk freda kulturminne. Talet på automatisk freda kulturminne er høgare enn det som er kjent til no. Det eksisterer framleis gøymde kulturminne nede i jorda, som kjem til syne når det er spørsmål om utbygging av arealet der dei ligg. Ein del automatisk freda kulturminne ligg gøymd under vegetasjonen i utmarksområda. Desse kulturminna er på sett og vis konserverte der dei ligg, men når dei kjem fram i dagen skaper dei ofte spørsmål om det er behov for sikring av dei. Ivaretaking av kulturminne vert ofte eit spørsmål om kryssande interessefelt mellom forvaltning og private interesser.

Ved ei fagleg datering som bekreftar at eit byggverk stammar frå tidsperioden mellom 1537 - 1649, vert desse byggverka, eller restar av byggkonstruksjonar frå den tidsperioden, automatisk freda etter kulturminnelova. I databasen *Askeladden* er det som sagt registrert 146 automatisk freda kulturminne frå Vestnes kommune i frå før-reformatorisk tid. Dette er i hovudsak kulturminne som er knytt til steinalderfunn i form av kokegroper og flintfunn, samt gravrøyser, steinkretsar og bautasteinar som er daterte til bronsealder og jernalder.

Dei fleste kulturminna i Noreg ber preg av at dei ein gong i indirekte eller meir direkte bruksgrad var ein del av kvardagslivet til tidlegare slektsledd. Mennesket si gjerning og verkeområde i kvardagslivet er ofte ein del av forteljinga om kulturminna våre. Kulturminna kan difor i større grad enn mykje anna gje oss verdfull innsikt i korleis folk har levd liva sine i tidlegare tider. Folk sine levesett og livspraksis skapte gjennom tidsrom kulturminna. Ofte har det som i dag vert rekna som kulturminne først vorte sett på som kulturminne hjå seinare generasjonar og innanfor nye generasjonar si vektlegging av kva som er verdfullt for ettertida. Spesielt dei nyare kulturminna hadde oftast ikkje noko definert kulturstatus då dei inngjekk som naturlege objekt og bruksområde i eiga samtid.

Kulturminna som vi i dag gjerne vil ta vare på, var ofte bruksgjenstandar. Namn knytt til naturgeografi og til hendingar eller segn. Sentralt er og bygg som før inngjekk i ein ålmenn brukssamanheng i si samtid. Bygga var mangfaldige og ofte bruksmessig funksjonelt tilpassa årshjulet på ein gard, eller dei vart nytta innanfor ei samfunnsform som var vesentleg meir prega av bytteøkonomi og naturalhushald enn kva ein i dag er. Årshjulet kan her vere ei rett nemning i høve til dei naudsynte sesongane, som var knytta til innhausting og produksjonsarbeidet på ein før-moderne gard. Dei sesongprega arbeidsløfta var ofte element innanfor ein arbeidspraksis som var ein sjølvsgatt del av kvardagslivet. Eit kulturminne kan og vere av ein meir fysisk og teknisk-industriell art, eller det kan vere eit krigsminne. På den ikkje-materielle sida vil ein finne stadnamn, segner, folketru, og ei barneregle eller ein leik som nokre døme på immaterielle kulturminne. For oss som lever no og for nye generasjonar er dei alle saman vitnemål om tidlegare levevis og om arbeidsskikkar. Kulturminna kan seiast å vere noko som er *evigvarande* så lenge dei får «lov» til å vere ein del av det moderne samfunnet sin dynamikk og mennesket sin etter kvart så teknologiske kvardag. Som kunnskapskjelde dannar kulturminna eit viktig grunnlag for vår tolking og forståing av fortida. Dei er vitnemål om den historiske utviklinga i området. Ei utvikling som omhandlar både kontinuitet og endringar. Eit kulturminne som vert borte, kan det nokre gonger lagast kopi av, men identiteten til det enkeltståande kulturminnet vil vere unik, og ein må difor sjå på kulturminna som *ikkje-fornybare ressursar*.

12.5 Ivaretaking av kulturminne

For kvart enkeltståande kulturminne, og gruppe av kulturminne, vil det i varierende grad vere utfordrande å finne løysingar mellom utbyggingsbehov og vern. Det krev ulike, tverrfaglege innfallsvinklar å få til dette. Ulike typar kulturminne kan bety ulike ting for kvar og ein av oss. Det vil difor vere skilnad på tilnærminga den enkelte har i høve til eit kulturminne. Noko som er særleg verdfullt for ein person, kan ha heller liten verdi for andre. Forståinga og opplevinga knytt til forhistorie og kulturminne vert nedfelt i kvar og ein av oss på ein subjektiv måte. Vi har ei oppleving av kulturminna på ulike måtar etter kven vi er, og etter kva type referansar vi har med oss gjennom eigne erfaringar og livsførsel.

Kulturminnevernet kan ha og har utfordringar i høve til andre samfunnsinteresser. Dette gjeld i stor grad samfunnsutviklinga når den berører arealspørsmål eller planlegging av nye vegar. Eit døme i så tilfelle vil vere store samferdselsprosjekt som ein veit vil komme i framtida. Vegplanlegging kan ofte vere komplekse saksfelt når det gjeld ivaretaking av

kulturmiljø og kulturminne som enkeltstående objekt, sett i høve til faglege premiss innanfor samfunnsplanlegginga, og faglege krav på korleis infrastrukturen skal vere.

Bygg som tidlegare prega dagleglivet i eit lokalsamfunn har ofte ikkje lenger den bruksretta verdien i folk sitt daglegliv som dei hadde den gongen dei fylte ei meir aktiv rolle. Typiske eksempel på dette er løer, stabbur, eldre naust, sjøbuer, ei gardssmie, eller ein snekkarverkstad. Bygg av denne typen har ei viktig brukshistorisk forteljing å formidle til nye generasjonar. Dette er ofte bygningar som ut over sin byggmessige eigenart har eit samfunnshistorisk perspektiv. Det peikar mot tidlegare tider sitt næringsliv og samferdsel sett i høve til ei tidlegare samfunnsform lokalt.

Ein kan velje å sjå dei tidshistoriske særtrekka i ein større samanheng enn berre det som det enkelte kulturminnet formidlar. Det kan vere verdfullt å sjå alle dei delane som til saman utgjer eit større kulturmiljø inn i ein samanheng. På den måten kan ein til dømes la eit bygg inngå i eit meir utfyllande bilete enn det bygget i seg sjølv maktar å formidle som eit enkeltstående objekt. Det er like fullt av stor betyding for dei enkeltstående kulturminna å få behalde sin eigenart, sjølv om dei inngår i ei vidare ramme. I vår samtid vert ofte materielle kulturminne som t.d. eldre bygg isolerte frå sitt opphavlege kulturmiljø. Det skjer med nye former for arealbruk, etablering av bustadfelt, og ei generell fortetting av bustadfelt og nye bustader. Dette bryt med kva som var vanleg byggeskikk og arealbruk innanfor bygdeliv og kulturmiljø i tidlegare tidsrom. Ofte vil og nye næringsvegar, utbyggingar og utvikling av samferdsle påverke eit eksisterande kulturmiljø og kunne bryte opp dei lange tidslinene.

Når det gjeld verneverdige anlegg og bygg, er ein avhengig av at eigar har interesse for ivaretaking. Ein treng eigarar som skaffar seg sjølv kompetanse innan restaurering eller rådfører seg med instansar og handverkarar som har slik kompetanse. Men minst like viktig er det at styresmaktene gjev eigar av slike bygg økonomisk høve til å ta vare på sitt privateigde kulturminne for eigen del og til beste for fellesskapet. Det offentlege kan ha ein medverknad i samspel med byggeigar og grunneigar, og tildele ulike typar av økonomiske stønader. Dette er den mest vanlege forma for offentleg medverknad til ivaretaking av verneverdige bygg, kulturmiljø og kulturlandskap. Ei slik ordning vil fungere betre enn offentlege pålegg som kan medføre utgifter for privat eigar. Som oftast står det på at bygga er langt fleire enn kva dei økonomiske ressursane tilsvarar, og ein får difor eit permanent etterslep på restaureringsoppgåver i privat og i offentleg regi. Det offentlege sine budsjettrammer tilsvarar ikkje at alt kan prioriterast i like stor grad. Noko må veljast vekk for å ta vare på det resterande. Her vil moment som *representativ*, *vanleg*, eller *sjeldan* for ein region kunne verte vekta og bygningar som står til nedfalls må ha noko særprega ved seg for å verte høgt prioriterte.

13 Nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga

Stortinget har vedteke at det er eit nasjonalt mål å ta vare på eit representativt utval av kulturminne. Det er og eit mål om å redusere det årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø. I tillegg vert det vektlagt at artar (biologisk mangfald) og naturtypar som inngår som ein del av kulturlandskapet skal takast vare på. Alle instansar som deltek og medverkar innanfor plan- og utviklingsprosessar, skal ta omsyn til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Automatisk freda kulturminne (omsynssone D) har som oftast også behov for ei ekstra omsynssone (omsynssone C) utanom det som er automatisk freda. Dette er viktig dersom ein skal sikre kulturminna i forhold til kulturlandskapet rundt.

Utan ivaretaking av kulturminna våre taper vi noko vesentleg. Identitetsoppleving og lokal sjølvkjensle er stikkord for innbyggjarane. Næringsutvikling, turisme og reiseliv er moglege positive biverknadar av å ta vare på kulturminne og kulturmiljø om ein tek vare på det historiske meningsinnhaldet dei er i stand til å målbære for notid og framtid.

13.1 Lokale mål for kulturarvarbeidet i Vestnes kommune

Den lokale kulturarvplanen i Vestnes kommune skal vise, og bygge på, både kommunetematisk og bygdevise kulturminneregistreringar. Planprosessen skal verte haldningsskapande på ein slik måte at folk kan sjå lokalhistorie og kulturminnevern i samanheng. Og vidare verte haldningsskapande på ein slik måte at både objektvern og vern av immateriell karakter får sin plass. Båtbyggjarhistorie, konfeksjonshistorie, samferdselshistorie, seterliv, stadnamn og krigshistorie kan tene som døme på sentrale delar av vestneshistoria. Mykje lokal dokumentasjon som både er lett tilgjengeleg og av meir utilgjengeleg type finst allereie, og dette skal det visast til og opplysast om i den lokale kulturarvplanen.

Endra levevis dei siste tiåra på bygda, som medfører ein markant reduksjon i utbreiinga av ei primærnæring som landbruket, er ein del av forklaringa på kvifor landskapa våre gror att av lauvkjerr og einer. For å motverke det mange oppfattar som eit identitetstap må ein difor sette fokus på kva som er årsaken og den sannsynlege verknaden av nye måtar å bruke landskapet på. Når slike problemstillingar er undersøkt og kjent, kan ein sette inn tiltak for å ta vare på kulturlandskap, kulturminne, og dei større kulturmiljøa som desse enkeltståande kulturminna inngår i. Det er vi som lever i dag som avgjer kva slags type kulturminne og kulturlandskap vi ønskjer å overlevere til våre etterkommarar.

I det framtidige arbeidet med å sikre verdiar som er synleggjort i kulturarvplanen er det viktig å ta omsyn til arealbruk i samsvar med plan- og bygningslova. Det vil vere viktig at ein legg den kommunale arealforvaltinga og planrullering av arealplanar opp mot eksisterande kulturminne. Dette vil omfatte både kulturminne som er automatisk vedtaksfreda eller nyare tids kulturminne (frå 1537 til dags dato), som står utan eit formelt vern i kulturminnelova. Kulturminna som enkeltståande objekt, som delar av eit kulturmiljø eller eit kulturlandskap, vil lettare kunne sikrast for framtida ved bruk av ei omsynssone. For å kunne ta slike hensyn må det eksistere grunnlagsdokumentasjon om kulturminna og kvar desse befinn seg i terrenget. Kulturminna kan og vere med på å skape næringsverksemd i kommunen innan til dømes reiseliv og turisme, som er næringar som kjem sterkare og sterkare inn i åra framover via ein internasjonal trend. Dagens turistar vil ikkje kun fraktast rundt for å sjå på utsikt, dei ønskjer i auka grad unike opplevingar, og det kan ein oppnå ved å handsame eksisterande fortidsminne på ein profesjonell måte.

Den lokale kulturarvplanen skal og bygge på, og bli samordna med, den regionale delplanen for kulturminne med regional og nasjonal verdi. Den lokale kulturarvplanen skal vise til

dette. Difor er fylket sin oversikt over prioriterte kulturminne i Vestnes lagt inn som eit vedlegg til dokumentet. I tillegg til kulturminna og kulturmiljøa som er med i den regionale planen, kan den lokale kulturminneplanen vise prioriteringar og kartfesta innspel til dette vernet, og på den måten gjere kulturminnevernet meir føreseieleg.

Den lokale kulturarvplanen skal også omhandle kulturminne og kulturmiljø av lokal verdi. Prosessen lokalt i kommunen kan avdekke at konkrete objekt eller miljø som ikkje er med i regional delplan, bør få regional verdi. I slike tilfelle vil fylkeskonservatoren bli beden om å gjere kulturvernaglege vurderingar med tanke på eventuell supplering av regional delplan. Den lokale kulturarvplanen skal og syne til, og bruke og marknadsføre aktuelle databaser.

Lokale stadnamn, freda bygningar, kulturmiljø, verdsarvstader, kyrkjer, arkeologiske kulturminne og kulturminne under vatn er noko folk kan finne i desse databasane. Om alt frå kokegroper og gravhaugar, til kioskar og bensinstasjonar. Desse databasane kan både bli betre kjende og meir brukte av folk med lyst til å dra på kulturminnejakt, også lokalt. Når det gjeld registreringar av bygg med mogleg verneverdi vil det vere hensiktsmessig å gå inn på kartverket sine heimesider for å få eit oversyn over SEFRAK-registrerte bygningar i Vestnes.

13.2 Om handlingsdelen i den lokale kulturarvplanen

Den lokale kulturarvplanen skal ha vedlagt ein prioritert handlingsdel. Innanfor handlingsdelen bør det vere rom for både ein kortsiktig del (4 år) og ein langsiktig del (10-15år). Handlingsdelen bør vise til konkrete, prioriterte tiltak, og bør rullerast årleg, sjølv om tiltaka ofte vil strekke seg over fleire år.

13.3 Juridiske verkemiddel

Det er to sentrale lover som vert brukt når ein ønskjer å ta vare på spesielt verdifulle kulturminne. Det er *kulturminnelova* og *plan- og bygningslova* (PBL). *Lov om naturmangfald* kan komme inn i høve til bevaring av kulturlandskapet. Kulturminnelova av 1978 vert forvalta av riksantikvaren og av kulturmyndigheit i fylkeskommunane. Den skal sikre ivaretaking og vern av kulturminne og kulturmiljø på eit nasjonalt nivå. Lova rommar automatisk freding, vedtaksfreding og midlertidig freding. Formålet med kulturminnelova skal vere å samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd. Lova skal utover vernekriteria vere ein rettleiar med tanke på vedtak om vern og bruk av ressursar, samt i spørsmål knytt til utbygging og arealbruk. Plan- og bygningslova (PBL) styrer arealplanlegginga som i hovudsak vert handheva og vedteken av kommunane. PBL er kommunen sitt viktigaste verkty for å ta vare på kulturminne og omgjevnaden til kulturminna, og det skjer ofte gjennom regulering av omsynssone-bevaring. Kulturminne som er freda etter kulturminnelova vert også tilrådd å vise med omsynssone-bevaring i reguleringsplanar og arealplanar. For bygg av verneverdi, men som ikkje er freda, er det vanlegvis berre PBL som vert brukt i forvaltinga.

Omsynssone kan brukast for å sikre omgjevnaden kring eit freda objekt. Ved vurdering av tiltak nært automatisk freda kulturminne, er denne sona tilrådd å vere på minimum 50 meter.

Omfanget av kva som skal regulerast til bevaringsføremål må gjerast med bakgrunn i fagleg grunnleggjeving, og reguleringsplanen bør difor utformast i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Dei automatisk freda kulturminna (omsynssone D) har som oftast også behov for ein ekstra omsynssone (omsynssone C) utanfor det som er automatisk freda. Dette er viktig dersom ein skal sikre kulturminna i forhold til kulturlandskapet rundt.

13.4 Økonomiske verkemiddel

Freding, eller vedtak om vern, gir avgrensa sikring om ivaretaking for eit kulturminne. Det viktigaste er at privat eigar av kulturminnet er positiv til at ein tar vare på kulturminnet for ettertida. Når ein tek avgjerda om å ta vare på kulturminne og kulturmiljø som desse inngår i, vert det behov for å bruke og fremje eksisterande kunnskap om kulturminnet, og det krev ofte økonomiske ressursar. Det er viktig at ein grunneigar blir gjort kjent med kva positive ringverknader eit kulturminne på eigendommen kan gje, for ofte vert det fokusert på kva «utfordringar» kulturminnefunn skapar for eigaren av eit areal. Ofte omhandlar slike tilfelle ulik tilnærming til bruken av eit areal. For å stimulere grunneigar til ivaretaking av kulturminne av ulike typar er det viktig å gi råd om tilgjenge til offentleg økonomisk støtte. Det vil i ein slik samanheng og vere av verdi om offentleg instans er behjelpelig med å utarbeide søknader i lag med eigar og grunneigar på offentlege utlyste midlar.

13.5 Materielle kulturminne

Materielle kulturminne kan til dømes vere: Bygningar, gravhaugar, bruer, ein steingard, ein vôr for båtbruk, vegsamband, buplassar og gjenstandar. Eit hus har ei historie som seier oss noko om byggeskikk og praktiske løysingar i dagleglivet. Båtane har si nedfelte søge om næringsvegane og samferdselselforma dei var kulturbærarar av langs kysten. Sommarfjøsene og seterfjøsene syner oss to typar bruksprofil innanfor det førmoderne jordbruket. Med det meinast det i hovudsak før traktoraldere sette inn, på 1950-talet. Sommarfjøsene var ly for kyrne på vårbeite og forsommaren. Etter jonsok var fjellgraset moge, og bøling og gardsfolket drog til seters. Eldre bygningar av kulturhistorisk interesse treng ikkje å vere fleire hundre år gamle. Kyrkjene er i alle kommunar meir eller mindre av dei materielle kulturminna som folket har eit etablert forhold til gjennom tradisjonsbruk, knytt til livets høgtider og som aktivitetsbærande bygg i eit lokalsamfunn. Mange kommunar har unike prestegardar, klokkargardar og lensmannsgardar frå eldre tid som pregar områda dei ligg i. Desse bygga var å sjå på som tidlege signalbygg for bygdefolket der dei prega lokalsamfunna, gjerne med staseleg utsjånad. Ikkje minst hadde desse bygga stor symboleffekt i kraft av den embetsgjerninga som fann stad der. Det var der den jamne innbyggaren i eit herad kom i kontakt med utøvande myndigheit i dei aller fleste tilfelle.

Mang ein stad ligg det enno nedgrodde tufter etter ein husmannsplass, der skogen har teke att landskapet og gøymer bruksspora etter harde arbeidsdagar og stell av eit kulturlandskap. Eit kulturminne av materiell type omhandlar ofte merksemd kring byggverket sin estetikk og arkitektoniske konstruksjon. Men så har ein og ein innfallsvinkel i høve det unike som særpregar ulike typar bygningar knytte til ein historisk bruk i ulike landsdelar med ein ulik ressurstilgong. Eit stabbur frå Telemark og eit notnaust eller stornaust som tidlegare

vart brukt til landnotfiske etter sild kring Romsdalsfjorden pregar ulike tradisjonar innanfor innhausting. Båe er tilpassa ressurstilgang og naturtilhøva der på staden. Mange stader i Romsdal står det framleis torvløer eller torvskjåar att på blautmyra, og vitnar om torvtaking og torvtørking på myrane fram til så seint som kring 1960.

13.6 Immaterielle (ikkje-fysiske) kulturminne

Lokale tradisjonar, segn, eventyr, myter, matkultur, historier, stadnamn, musikk og handverkstradisjonar er nokre typiske eksempel på det som kallast for immaterielle kulturminne. På mange måtar kan dette seiast å vere den mest sårbare delen av kulturminnearven vår. Dette er tradisjonar og kunnskap som ofte ikkje kan lausrivast frå dei personane som hadde og har kjennskap til eit spesielt emne innanfor til dømes eldre musikktradisjonar, eller det kan vere forteljarkunst om segner som berre nokre få veit noko om meir. Kunnskapen og historiene vil difor ofte gå i gløymeboka i lag med menneska som har vakse opp med overlevert og tradisjonsboren kunnskap. Det vil oftast skje om ein ikkje arbeider spesielt med innsamling og formidling av desse. Ei segn eller ei historie frå folketrua gjev eit lite vindaug inn mot ei form for livstru og folketru som i farne tidsrom har stått nærare dagleglivet til folk enn kva som i dag er vanleg. Forteljartradisjonen stod sterkt i eldre tidsrom, då ein var utan alle former for underhaldning og teknologi som i dag er ein sjølvsgatt del av våre mediestyrt og opplyssande daglegliv. Sidan 1920-talet har ein gradvis fått ein «ny» underhaldningsindustri som målber eit ønskje om profitt i bytte mot underhaldning og nyhende. Kulturlivet er og ein inkorporert del av denne veksande underhaldningsindustrien.

I Vestnes er dei rike musikalske tradisjonane og sterke teatertradisjonar gode døme på immateriell kulturarv som har prega mange innbyggjarar si interesse for kulturaktivitet gjennom lang tid. Men mykje av den eldste delen av musikklivet må nok i dag reknast som tapt. Eventyr med lokal utforming, segn og stadnamn er andre typiske eksempel på ikkje-fysiske, (og kalla immaterielle-kulturminne) som lett kjem vekk frå den lokale kultursoga når tida har strekt seg lengre enn til manns minne. Eldre arbeidsteknikkar og handverk går og lett i gløymeboka etter eit par generasjonar utan at desse har vorte haldne i hevd. Det same gjeld og typiske bruksnamn i daglegtalen som kjem vekk på grunn av auka sentralisering og vektlegging av meir urbane verdiar. I denne samanhengen vert *manns minne* rekna til å vere ca. 100 år. Det viktigaste for ikkje-fysiske kulturminne når det gjeld bevaring av tradisjon er å bli hugsa på via bruk, men det kan vere ei stor utfordring når tida ein lever i vektlegg andre verdiar, eller tradisjonar svinne vekk. Ein må her ta høgde for at samfunnslivet på 2000-talet er langt meir prega av omstillingsprosessar enn kva det var for berre nokre få tiår og generasjonar sidan.

13.7 Kulturmiljø

Kulturmiljø er område der kulturminna vert ein del av ein større heilskap eller at dei vert sett inn i ein større samheng. Nokre døme på verdefulle kulturmiljø i Vestnes kan vere dei eldre handelssentruma kring Syltebakken på Kyrkjesyte i Tresfjorden, og det gamle handelssentrumet mellom Helland og Vestnesstraumen som kallast Knipå. Her står det framleis sjøboder og eldre trehus som tidlegare romma tidleg handelsverksemd i dagens sentrumsområde. På Vik og innover Tomrefjorden vil ein finne kulturmiljø prega av verftsindustri, og bedriftsbygg som representerar tidlegare omfattande konfeksjonsindustri.

Sommarfjøsar og høyløer samt eldre bustadhus omgivne av steingardar og ferdselsvegar til fjells skapte eit heilskapleg kulturmiljø som no framstår som eit tidstypisk bruksminne innanfor det førmoderne jordbruket før maskinalderen. Slåttemarka med husa i Sakselia på Daugstad er eit godt døme på at kulturpåverka natur for ettertida kan framstå som eit mangfaldig kulturmiljø. Der fortel heilskapen på staden om bruken av eit landskap til livberging for folk og husdyra deira.

13.8 Biologiske kulturminne

Biologiske kulturminne var mellom dei eldste naturobjekta som vart freda i Noreg. Mellom anna gjeld dette nokre særprega tuntre og eiketre som fekk eit tidleg objektvern. Dei mange kulturlandskapa i Vestnes er eit døme på ei utveksling mellom kulturmiljø og naturarv. Slått og beiting opp gjennom tida har skapt ein dynamikk mellom biologi og kulturbruk. Eit naturminne innanfor kulturminnevernet kan og vere eit særskild tre eller geologiske formasjonar i terrenget. På Helland var det ein eigen ospeskog av til dels høg alder som kom vekk i samband med vegreguleringar og utbygging på 1990-talet. Det same gjeld fleire enkeltstående tre i området kring Hellandhaugen og Rabben. Krohgalleen (Pilan) av asketre som sannsynlegvis er planta i tiåret 1850-1860 er framleis delvis intakt, og er foreslått teken inn som fredingsobjekt og grøntområde i regional kulturminneplan for Møre og Romsdal fylke. Eikealleen på Gjermundnes som strekker seg langs innfartsvegen mellom Gjermundnes vidaregåande skule og Landbruksmuseet har ein høg botanisk verdi, og er eit viktig landskapselement i samband med den gamle landbruksskulebygninga frå 1898, som i dag er eit museumsbygg. *Svartora* eller «*Stororinnj*» i Gjermundnesbukta har siste åra vorte sterkt redusert i form av orkanar og er siste åra nestan tapt som ei betydningsfullt biologisk kulturminne. *Skruførå* som tidlegare danna byte eller grenseline mellom Hjelvika i Rauma og Gjermundnes i Vestnes står enno som eit døyande minne om eldre tids utmarksutskifting og er no eit turmål. Biologiske kulturminne generelt i form av enkeltstående objekt eller som del av eit kulturlandskap endrar seg i takt med vekstsesong og alder. Å verne eit tre i form av objektvern vil difor ikkje vere eit objektvern som varer evig, sidan naturlege faktorar vil kunne endre situasjonen i form av stormfelling, rote og andre ytre påverknader på eit levande tre.

13.9 Teknisk- industrielle kulturminne

Sagdammen i elva Viåna nært den no fråflytta Uragarden på Furland er eit teknisk-industrielt kulturminne av lokal type som syner generasjonsbruk på ulike måtar. Saga og trøskehjulet som eingong stod der er rett nok komme vekk, men ein vil framleis sjå spor etter variert bruk av elvevatnet opp gjennom åra. I 1858 dreiv myrdyrkaren Jacob Jervell allsidig vekseldrift i Viåna med utgangspunkt i denne elvehølen. Det står omtala i hans dagboksnotat frå myrdyrkararbeidet han igangsette. Han sette mellom anna opp eit vasshjøl med overføring av elvevatn via ei vassleidning tillaga av eit trerør som førde vatnet over til eit reimverk som var montert på eit treskeverk. I tillegg hadde han eit pionerprosjekt på våre kantar med å drive laksekultivering. Han sette ut klekkekassar med rogn frå innfanga stamfisk frå Viåna og Søråsvatnet, og fora opp lakseyngel i klekkekar i Sagdammen. Etter det som er kjent, var dette kultiveringsarbeidet av ein svært tidleg karakter både lokalt og nasjonalt. Dei engelske leigetakarane av ei så velkjend lakseelv som Stjørdalselva byrja ikkje med dette før fleire år

seinare enn det Jacob Jervell gjorde. Han var ein mann som sette mange spor etter seg som framleis er til dels synlege, om ein leitar etter desse.

I boka om Furland frå år 2000 kan ein lese følgjande:

Jervell satsa på at Furland skulle bli mest muleg sjølvhjelp. For å drive kverna måtte han ha vatn, og dette tok han frå Viåna ved å grave ei lang grøft, truleg minst 2 km. Det var kvern og sag ved Viåna, drive av vatn frå elva. Seinare, når elektrisk straum kunne brukast som drivkraft vart både saga og kverna flytta.

Av andre tekniske og industrielle typar av kulturminne vil det i vår samanheng vere naturleg å trekke fram eldre «verv» som til dømes *Kjøpstad båtbyggeri* som eit nestan intakt vervsmiljø innanfor ein gitt tidsperiode. Det same gjeld trebåtbyggeriet *Ekert Stenødegård Eftf.* i Remmemsbukta på Vestnes, som utover bygningane sin kulturhistoriske verdi representerer ei familiebedrift med spisskompetanse på tradisjonell båtbygging gjennom overlevert kunnskap gjennom fleire generasjonar i same slekta.

13.10 Nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne saknar ein formell vernestatus og er meir utfordrande å sikre for ettertida enn kulturminne med automatisk fredingsstatus etter kulturminnelova. Det er viktig at ein lokal kulturarvplan også kan synleggjere desse mangfaldige kulturminna av etter-reformatorisk alder, og at ein er tydeleg på ønsket om å framheve og ta vare på eit representativt utval av desse. I tråd med kulturminnemyndigheitene sine retningslinjer er nyare tids kulturminne frå 1537 og framover gitt auka fokus i den kulturavplanen som Vestnes kommune no vedtek. Nyare tids kulturminne treng merksemd med tanke på kommuneplanar og arealplanar. Noko som vil kunne gi den lokale kommuneforvaltninga ei muligheit for merksemd på kulturminna sin ibuande referanseverdi.

Fleirtalet av dei nyare kulturminna etter reformasjonen i 1537 ligg under kommunane sitt ansvarsområde. Dette kan til dømes gjelde tidlegare nemnde SEFRAK- bygningar. (SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. SEFRAK= Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg). Det kan også vere steingardar frå det førmoderne landbruket, hustufter, grensemerke, eldre vegar, naust, ei gammal båtstø, eller ulike typar krigsminne for å nemne nokre eksempel på det mangfaldet som vert kalla nyare tids kulturminne i kulturminneforvaltninga. Alle desse spora er bevis på at folk har levd på andre måtar og hatt andre næringsvegar enn kva me sjølve betraktar som vanleg i vår eiga samtid. Dei mangfaldige typane av kulturminne kan fortelje oss ein heil del om andre tidsepokar og andre livsstilar. Dei er alle delar av ei større forteljing som omhandlar det lokale så vel som det regionale og nasjonale i framstillinga av nasjonens kulturhistorie.

14 Lokal kulturarv. Grunnlag for identitet og næringsverksemd

Lokal kulturarv kan gje grunnlag for næringsverksemd gjennom overnattingstilbod og matservering med kortreist varemerke, eller gjennom kulturminnevandringar og omvisningsopplegg rundt spanande kulturminne og kulturmiljø.

Sett i høve til barnehagar og ulike alderssteg i skulen, kan ein auke merksemda og dei pedagogiske ressursane med tanke på å fremje lokale kulturarvopplevingar. Eit døme på praktisk og meningsfull tilnærming, kan vere opplæring og rydding av gravrøyser, slik Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort både i Aukraskogen og lokalt på Gjermundnes for ein del år sidan. Reiselivsbedrifter og andre aktørar kan også formidle lokal kulturarv til publikum og betalande gjester. I tillegg til muligheitene for næringsliv og reiseliv, vil større fokus på kulturarv kunne skape meir lokalt engasjement og eigarskap, noko som vil vere ein stor verdi også for framtidig bevaring. Når det gjeld slik kulturarvsatsing framover, er det mykje som tyder på at me kan utnytte betre det ibuande potensialet, også i den lokale kulturarven i vår kommune.

Reint næringsmessig syner nyare grunnlagsopplysningar at kulturell og kreativ næring er i stor vekst internasjonalt, og som kjent er reiselivsbransjen i Noreg inne i ein opptur. Ferske tal syner at global handel med kulturprodukt og kulturproduksjon vart dobla i tidsperioda 2004-2013, og det er verd å merke seg at dette skjedde i ei tid prega av lågkonjunktur og finanskriser. I Noreg utgjer kulturnæringar samla sett 3 % av fastlandsøkonomien og utgjer ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) totalt 4,2 % av sysselsettinga. Dette må sjåast i høve til at reiselivsnæringa er den raskast aukande næringa globalt dei seinaste åra og at trenden innan spesielt småskala reiseliv synes å auke.

14.1 Grunnlag for undervisning/formidling/reiseliv/næring

14.2 Askeladden, SEFRAK og kulturminnesøk.no

Askeladden er Riksantikvaren sitt nasjonale registreringssystem for kulturminne. Dette er ein database som inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, eller dei registrerte kulturminna er kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. Basen omfattar arkeologiske kulturminne som er automatisk freda, eller som krev vidare undersøking før fredingsstatus kan fastsettast (uavklart vernestatus). Den inneheld også nyare tids kulturminne som er freda, midlertidig freda, verna etter plan- og bygningslova eller sett på som verneverdige. Med «nyare tids kulturminne» meiner ein etter-reformatoriske bygg, anlegg og kyrkjer (etter 1537). SEFRAK-registrerte bygningar er ikkje lagt inn i Askeladden, men er tilgjengeleg via karttenestene. Dette er nasjonale kartleggingar av potensielt verneverdige bygg i privat eige, som var registreringar gjort over fleire tiår frå 1975 til midten av 1990-talet. Registreringa omfattar bygningar som er vurdert til å ha kulturhistorisk verdi, men ikkje er vedtaksfreda via lovgjevinga mot fasadeendringar eller riving. SEFRAK er digitalt tilgjengeleg via karttenesta GisLink.

I den no nedlagte nettsida Kulturminneatlas.no er det og gjort nokre digitale registreringar av kulturminne i kommunen. Kulturminnesøk.no syner informasjon om over 150.000 kulturminne som er registrert i den nasjonale databasa Askeladden. I tillegg har Askeladden opplysningar og bilete frå fleire andre kjelder og frå publikum. Systemet kulturminnesøk, no er relativt enkelt å bruke og i motsetnad til databasa Askeladden treng ein ikkje offentleg autorisasjon som offentleg ansatt innan kulturvern og arkeologi for å nytte seg av registreringsmuligheiter i denne basa. For best muleg resultat og seinare års formidlingsverdi

er Vestnes kommune avhengig av eit godt samarbeid med frivillige, for å kunne registrere ulike kulturminne med informasjon, samt digital kartfesting og foto.

Registrering av eit representativt utval av dei ulike typane kulturminne av immateriell og materiell karakter er tidkrevjande, men er viktig å prioritere no i dei næraste åra framover medan dei enno kan registrerast. Registrering av kulturminne er eit arbeidsfelt som eigentleg ikkje vert heilt ferdigstilt nokon gong, men ved å gjere nokre bevisste val undervegs kan ein sikre at ein får med eit representativt utval av kulturminnekategoriar. I Askeladden er det pr. september 2017 lagt inn **146** registreringar av oldtidsfunn av arkeologisk type frå Vestnes. Eit av hovudmåla med denne planen er å få registrert og lagt inn nye kulturminnekategoriar og enkeltobjekt i Askeladden via den noko enklare registreringsforma på kulturminnesøk.no. Ein kulturminneplan skal etter Riksantikvarens retningslinjer fange opp nyare tids kulturminne som ikkje har vorte registrert eller er lite kjent hjå allmenheita frå før.

14.3 Formidling og reiseliv

Eit attraktivt turistmål er i aukande grad eit reisemål med innhald. Ein stad og ein kontekst der du kan få noko ekstra opplevingsmessig på fleire nivå. Kulturminne kan inngå som ei av satsingane som bidreg til å knytte saman kulturminne og næring. Eit viktig prinsipp i ei slik satsing bør vere at ein følgjer filosofien om å sette att minst mogleg med spor etter seg. Dette er ein viktig tanke sidan kulturminne må sjåast på som ein ikkje-fornybar ressurs. Gjennom oppdatering av arenaer for formidling av kulturminna kan det, saman med gode vertskapsfunksjonar, skapast ei utvikling innan potensielle reisemål i kommunen. *Stikk-UT!* har mange brukarar. Gode og innhaldsrike turstiar (som ikkje er for kommersialiserte) kan profilerast og marknadsførast gjennom slike friluftslivsatsingar, saman med kulturminne og historisk formidling. Det vil vere viktig å ha eit godt samarbeid med service- og reiselivsbedriftene i Vestnes, slik at dei via eigen innsats og kontaktnett kan medverke til formidling av kulturhistoria som gjestane kan oppleve i Vestnes. Ein god synergieffekt kan på denne måten skapast.

14.4 Arkiv og arkivering av kulturhistorisk materiale

Både Vestnes og Tresfjord kommunar sine eldre offentlege arkiv er overlevert til IKA-Møre og Romsdal i Ålesund. Kommande eldre arkiv skal og innleverast til arkivtenesta. Vestnes kommune har ikkje delteke i den private arkivordninga gjennom IKA, men har i 2017 hatt kontakt angåande ei kommande ordning med dette. Då vil kommunen kunne levere arkiv og samlingar etter privatpersonar og lag og organisasjonar, ut over reint offentlege dokument.

14.5 Digitalt museum

Digitalt museum er ein nettstad med personlege forteljingar frå kulturinstitusjonar og privatpersonar. Frå januar 2016 vart og nettstaden Digitalt fortalt, som har vore eigen nettstad innanfor tilsvarande historisk formidling, lagt inn under Digitalt museum sine heimesider. Forteljingane er knytte til kulturarv. Målet med Digitalt museum er å vise breidda av tema som vert fortalt av eit stort mangfald av forteljarar. Arkiv, museum, historielag osv. er reine skattkammer. Dei inneheld mange spanande historier frå samtid og frå fjern og nær fortid. Kulturrådet ønskjer at arkiv, musea, frivillige lag, foreiningar og enkeltpersonar tek i bruk

Digitalt museum for å formidle sine forteljingar. Digitalt museum er og eit verkty for å byggje kompetanse i digital formidling.

14.6 Heimeside

Kommunen si eiga nettside kan i mykje større grad enn i dag formidle kulturminna i kommunen. Til dømes kan «månadens kulturminne» vere ein god måte å løfte kulturminnearbeidet opp og fram. Ulike kulturminne frå ulike typar kulturmiljø vert presentert, og på sikt vil dette bli ei digital utstilling med formidlingsverdi, samt at ei slik satsing vil medverke til auka interesse for kulturminna som enkeltobjekt og kulturminnevernet generelt. Dette vil vere positivt i høve å skape engasjement for det historiske arbeidet, uavhengig av kvar folk er busett. Når gode nasjonale app-løysingar er på plass bør Vestnes kommune vurdere å ta desse i bruk.

14.7 Offentlege og kulturfaglege kontaktnett

For gjennomføring av det vidare arbeidet er det viktig å etablere eit relevant kontaktnett der ein kan hente moglege samarbeidspartnarar til prosjekt. Dette kan vere i: Kulturrådet, Kulturminnefondet, Norges Kulturvernforbund, Fylkeskommunen, IKA (Interkommunalt arkiv i Ålesund), andre kommunar, Nasjonalbiblioteket, Riksantikvaren, Bibliotek og arkivinstitusjonar, Forskingsinstitusjonar, Universitet, Forskingsråd, Museum, Maihaugen (med særskild ansvar for immateriell kulturarv), Romsdalsmuseet, Tresfjord Museum, Sunnmøre museum ved avdelingane Landbruksmuseet i Vestnes og Yste Skotet i Storfjorden, Båtbyggarmuseet, Vikinggarden «Gjerå» i Løvika i Tresfjorden. Pedagogisk satsing på kulturminne i lokalsamfunna kan ein utvikle i form av elevprosjekt, innanfor samarbeid med kommunale skule- og undervisningsinstitusjonar, Vike Montessoriskule, private og offentlege barnehagar i kommunen og Gjermundnes vidaregåande skule. Slike prosjekt har vore gjort før, men dei bør verte meir synlege for forvaltinga og media. Kulturminne treng merksemd.

14.8 Samarbeid med frivillige

I arbeidet med å utvikle ein kulturminneplan vil Vestnes sogelag og tilsette i Vestnes kommune kunne bidra med god lokalhistorisk kunnskap og fagkompetanse. Vestnes sogelag kan bidra med feltregistreringar, opplyse om aktuelle «gløymde» kulturminne som bør hugsast på i ein slik plan, og laget har frå før bygd opp ein god fototeknisk kompetanse som ein bør bruke til å velgje ut relevante historiske bilete til planen, og til å legge inn foto som illustrasjonar til kulturminna som etterkvart vert lagt inn på databasane kulturminnesøk.no og Askeladden.

Sett i eit lengre perspektiv bør fotogruppa i Vestnes sogelag få tildelt eit særskild ansvar for å ta vare på den rike fotohistoriske kulturarven i kommunen som ikkje er digitalisert enno. Her kjem samlingane til fotografane Kristoffer Aas og Lars Pedersen inn. Legernesamlinga er teken vare på og digitalisert av fylkesfotoarkivaren. Ivaretaking av fotosamling bør gjerast i samarbeid med fylkesfototenesta, som har arbeidd mykje med digitalisering og konservering av eldre fotosamlingar. Dette har også ei økonomisk side ved seg. Dei lokalhistoriske fotosamlingane bør oppbevarast i eigna lokale som er klimatilpassa best mogleg for sårbare

papirfoto og filmrullar. Dette arbeidet er omfattande, men kan og sjåast i samanheng med sogelaget sitt arbeid med å få utgjeve fotohistoriske bøker.

15 Lokale kulturarvvurderingar. Prioritert handlingsdel. Årlege forslag

15.1 Nokre døme på seinare års lokal kulturarvsikring

- ✓ Vestnes kommune har registrert og sikra over 4500 stadnamn frå kommunen via innsamlingar og digitalisering gjennom stadnamnbasen til IKA- Møre og Romsdal.
- ✓ Legerneshuset på Knipå frå 1898 vert restaurert etter antikvariske prinsipp i 2016-2018.
- ✓ Vestnes Kommune har sikra eldre lydbandopptak frå Tresfjord via digitalisering og konvertering til tidsretta lydteknologi i mp3-format. Vestnes kommune har også lagra og sikra anna lokalhistorisk materiale (t.d. eldre lagsarkiv) på kommunalt lager, i samarbeid med Vestnes sogelag. Herunder også fotoarkiv etter Kristoffer Aas og Lars Pedersen. Desse siste samlingane vert no digitaliserte av Vestnes sogelag i samarbeid med fylkesfotoarkivet.
- ✓ Oppbevaring av arkiv etter handelsverksemda til Hans Legernæs (Vestnes sogelag)
- ✓ Flytting og restaurering av gamleskulen frå 1860-talet på Vike til nærområde til Vike Montessoriskule
- ✓ Formidlingsprosjekt om kulturminneverdiar til skuleverket, diverse lag, og til turistar
- ✓ Immateriell kulturminnevern i Vestnes (Forteljingar om russefangar, formidling av eldre konverterte lydbandopptak frå Fiksdal og Tresfjord)
- ✓ Sikring av historiske fotoarkiv: Kristoffer Aas, Lasse Legernæs, Lars Pedersen

16 Skjematisk handlingsdel for årlege forslag (Skjematisk oppsett med relevans til årsbudsjett og økonomiplan)

Døme og forslag til kulturarvsikring av materielle kulturminne:

- ✓ Å vere nemnt/medteken i lokal kulturarvplan gir eigaren høve til å kunne søkje på offentlege tilskotsordningar innan kulturvern/kulturminnevern
- ✓ Steinkvelvingsbruer i Skorgen / over Skorgeelva
- ✓ Sagdammen i Viåna – Furland
- ✓ Fakseteppå på Leirvåg fjellet (oppmura demning brukt til kvernhusdrift)
- ✓ Midlar utover driftsstønad til bevaring og formidling av båtbyggarmuseet sine samlingar?
- ✓ Midlar utover driftsstønad til Tresfjord museum?
- ✓ Midlar utover driftsstønad til Landbruksmuseet for Møre og Romsdal?
- ✓ Stønad til ivaretaking av eldre delar av handelssentrum på Sylte og på Helland
- ✓ Kystfortet Støttepunkt Rekdal
- ✓ Kvernhus på Langstein i Tomrefjord
- ✓ Eldre bru over Storelva / Fiksdalselva i Fiksdal

17 Forklaringar til kulturminneomgrep

- ✓ Fortidsminne - tidlegare den vanlegaste brukte nemninga for kulturminne. Spesielt mykje brukt om dei eldste kulturminnetypene av stein som til dømes gravrøyser, bautasteinar, steinkretsar og hellereistingar. Ofte omtala som *forminne* i eldre arkeologi.
- ✓ Oldtidsminne – eldre arkeologisk begrep knytta til kulturminne av av steinkarakter
- ✓ Materielle kulturminne – objekt som ei bru, ein bygning, steingard, eldre køyreveg
- ✓ Fysiske kulturminne – anna nemning for materielle kulturminne
- ✓ Immaterielle kulturminne – ikkje fysiske kulturminne som eit segn, eit eventyr, eit stadnamn, eller meir utøvande kultur som musikalsk utøving, teater og forteljartradisjon.
- ✓ Område klassifisert som A - område i naturkartlegging. Høgast typeverdi.
- ✓ Område klassifisert som B – område i naturkartlegging
- ✓ Område klassifisert som C – område i naturkartlegging
- ✓ Oldtid – tidlegare ei mykje brukt fellesnemning i kulturminneforvaltinga for steinalderperiodane, bronsealder, jernalder og fram mot mellomalderen
- ✓ Førmoderne jordbruk – kan delast inn i meininga jordbruksdrifta før traktoraldere og motorbruken kom for fullt etter siste verdskrigen.
- ✓ Hestejordbruket - kom inn frå ca 1860 nasjonalt. Seinare her i regionen. (1880-1890). Jordbruket vart med slåmaskiner, høyrive og vasshjul i ein viss grad mekanisert, men framleis låg hovudvekta på manuelt kroppsarbeid.
- ✓ IKA – forkorting for Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal i Ålesund. IKA oppbevarer store arkiv-verdiar knytte til historiske privatarkiv og offentlege arkiv.
- ✓ SEFRAK- registeret – forkorting for Sekretariatet for registrering av faste kulturminne.

17.1 Nokre arkivtips til lokalhistorisk informasjon:

<http://www.Digitalarkivet>. Kyrkjebøker for Vestnes

<http://www.Digitalarkivet>. Folketellingane frå 1865, 1875, 1900

Statsarkivet har mykje relevant informasjon.

Oluf Rygh. Norske Gaardsnavne. 1897-1924. Opplysninger Samlede Til Brug For Matrikelens Revision. Kristiania. Digitalisert. Romsdal Amt si utgåve. 1908

Upublisert kjeldeskrift. Stadnamnarkivet ved Universitetet i Bergen. Skulebornoppskrifter frå Tresfjord og Vestnes kommunar. Stadnamn innsamla i åra 1933-36

IKA – Møre og Romsdal. Generelt alle offentlege arkiv for Vestnes og Tresfjord kommunar

Stadnamn – database for Vestnes. Over 4000 stadnamn frå kommunen er registrert og kartfesta digitalt

Kulturminnesok. no. Registrerte kulturminne for Vestnes i Riksantikvarens database

Statens kartverk SEFRAK – registeret for Vestnes kommune

Romsdalsmuseets Arkiv

Romsdals Budstikkens arkiv. Avisa sine årganger er lagt ut på mikrofilm

Landbruksmuseet på Gjermundnes sitt arkiv

Tresfjord museum sitt arkiv

Vestnes folkebibliotek si lokalhistoriske samling

Molde bibliotek si lokalhistoriske samling

17.2 Digitale Kjelder

Lydbandopptak gjort i Tresfjord og på Daugstad på 1950-talet. Konvertert til mp3-filer

Diverse lydband og kassettopptak lagra av Vestnes kommune

Vestnes Sogelag sine utgivne cd-ar

Vestnes sogelag sin heimeside

Romsdal Sogelag sin heimeside

18 Kjeldeliste for Kulturarvplan

18.1 Internett

[http://www. Digitalarkivet.no](http://www.Digitalarkivet.no). Folketellingar for Vestnes for åra 1865 og 1875

[http// www. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal](http://www. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal). Stadnamnbase for Vestnes

[http// www. Om Tomren fabrikker](http://www. Om Tomren fabrikker). Artikkel i Nytt i Uka. Arv Design. Ålesund.2014

<http. /www. Ungdomslaget Frihug>. Om bygginga av Ljosvang

<http://:www. Heimeside for Per Gjendem>. Diverse krigshistoriske hendingar om kanonbåten «Sleipner»

<http://: www Vestnes kommune si heimeside>. Diverse om bedehusa

18.2 Skriftlege kjelder

- Austad, Ingvild og Hauge, Leif: Skjøtselboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget. 1999.
- Berg, Sverre: Skipsbyggeren Lars Jensen Hammeraas. Romsdalsmuseet. EKH-Trykkeri. Molde.1981
- Brovold, Ivar: Smaafortellinger og sagn. Vestnes kulturstyre. 2 utgåve.1982
- Brovold, Ivar: Vestnæs Prestegjeld. Romsdal Budstikkens trykkeri. Molde.1901
- Dyrøy, Arnfinn: Torv-spaing på Furland. Vestnes Sogelag. Årsskrift. AIT - Trykkeri. Otta. 2012
- Eidhammer, Kristine: Seterliv i Tresfjord, Vestnes Kulturstyre. År?
- Eidhammer, Olav: Nakkebygda. Molde. Mindor Bolsø & Co`s Trykkeri.1963

- Eidhammer, Olav: Vestnes og Tresfjord kommuner 1837-1937. Utgive av Vestnes kommune
- Ellingseter, Per Bjørn: Gards og slektshistorie for Vestnes kommune. Band 4. Skorgen.Vestnes kommune. 2010
- Ellingseter, Per Bjørn og Hustad, Alf Johan: Furland. 1850-2000. Jubileumsnemnda for Furland. EKH Trykk A/S. Vestnes. 2000
- Ellingseter, Per Bjørn: Husmannsplassar under Vestnesgarden. Vestnes Sogelag. Årsskrift. AIT- Trykkeri. Otta. 2010
- Ellingseter, Per Bjørn: Ytre Remmem, gnr 44. Husmannsplassar og anna tidleg busetjing. Kjeldeskrift til lokalhistorisk vandring 12.06.2007
- Ellingseter, Per Bjørn: Å slå forsyn. Romsdalsmuseets Årbok. Kystliv. EKH - trykk. 2009
- Fiskergård, Peter: Vestnes og Tresfjord Brannkasse 100 år. 1865-1965.
- Gjelsten, Bernt: Barnegjætinga i Romsdal. Romsdal Sogelag sine årbøker for 2011 og 2012. EKH- Trykkeri. Molde.
- Gjelsten, Bernt: Brinnbuse og kjerringrokk. Vestnes Sogelag. Årsskrift.2011
- Gjelsten, Bernt: Elvefiske og elvenamn i Vestnes. Vestnes Sogelag. Årsskrift.2007
- Gjelsten, Bernt: Husmenn og husmannsliv i Vestnes. Vestnes sogelag. Årsskrift. 2014
- Gjelsten, Bernt: Remmemsdalen, Stadnamn, setring, og brukshistorikk. Vestnes Sogelag. Årsskrift.2014
- Gjelsten, Bernt: Tre lokalitetar i Nakkedalen. Skjøtselplan i ivaretaking av kulturlandskap. Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sogndal / Fiksdal. 2001-2002. Semesteroppgåve
- Gjelsten, Bernt: Upublisert råmanus om mårfangst og rypefangst i Vestnes og Tresfjord
- Gjelsten, Bernt: Utmarksslåtten i det førmoderne jordbruket. Årbok for Sunnmøre. 2013
- Gjelsten, Bernt: Vassvette og ungeskræmsle. Romsdal Sogelag. EKH - Trykk. Molde Årbok.2009
- Grüner, Otto R.:Hollendertida i Romsdal. Sagbruk og trelasthandel på 1600-tallet. Romsdal Sogelag. Rune Forlag. Molde / Trondheim.1972
- Hjelmstad, Rolf: Medisinplanter i Norge. Helsebringende vekster i naturen. Gyldendal. Oslo.2012
- Hustad, Alf Johan: Landnotbruk i Tomrefjorden.Vestnes Sogelag. Årsskrift 2007. AIT- Trykk. Otta. 2007
- Høegh, Ove Arbo: Planter og Tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon. Universitetsforlaget. Oslo.1974
- Jubileumsskrift for Tomrefjord Songlag.1979. Særtrykk
- Kjersem, Jakob: Landnotbruk i Tresfjorden.Vestnes Sogelag. Årsskrift. 2007. AIT. Trykk. Otta. 2007
- Landbruksmuseet for Møre og Romsdal. Landbrukshistorisk skrift nr.1. Diverse artiklar. 2011
- Rekdal gjennom tidene 1981. Særtrykk
- Rekdal, Marit: Gard og Slegt. Tomrefjord, Øverås, Nerås. Utgjeve av Vestnes kommune. Hatleholts Trykkeri A/S 1993
- Rekdal og Fiksdal gjennom tidene.1982. Særtrykk

- Rekdal, Olav: Eventyr og Segner. Folkeminne frå Romsdal. Norsk Folkeminnelag. Oslo.1933
- Rekdal, Olav: Gard og Slekt. Fiksdal og Rekdal.Utgitt av Vestnes kommune. Hatlehol Trykkeri, A/ S 1977
- Rekdal, Olav: Gard og Slekt. Tresfjord 1. Utgitt av Vestnes kommune. Hatlehol Trykkeri A / S. Brattvåg.1973
- Romsdal Sogelag: Lars Skjegstad sine livsminne. Del 1, 1987. EKH - Trykk. Molde.1987
- Romsdal Sogelag: Lars Skjegstad sine livsminne. Del 2, 1988 EKH. Trykk. Molde. 1988
- Skeidsvoll, Agnar: Bygdebok for Tresfjord. Boktrykk L / L Bergen.1959
- Skulebarnoppskrifter. Innsamla stadnamn frå Vestnes og Tresfjord kommunar frå tida 1933-1936
- Stadnamnarkivet. Universitetet i Bergen. 2008.
- Stemshaug, Ola: Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamngransking, Det Norske Samlaget. Oslo.1985
- Sæbø, Asbjørn: Vestnes Sparebank gjennom hundre år.1863- 1963. Boktrykk-Bergen.1977
- Sørås, Odd: Folk og ferdsel i Vestnes. Trafikk i tusen år- frå Vestnesankeret til Tresfjordbrua. Statens vegvesen. Kai Hansen Trykkeri. Stavanger AS. 2015
- Sørås, Odd: Ein bygdehovding og hans tid. Romsdal sogelag. Årbok. EKH- Trykk. Molde.2002
- Vestnes Sogelag. Årsskrift 1984. Fastskulen på Helland, andre tidlege fastskular
- Vestnes Sogelag. Minne frå krigen 1940-45. Tileigna krigsdeltakarar frå Vestnes. Reklamehuset VestnesAvisa, Trykk EKH- Trykkeri. Vestnes / Molde. 1998
- Vestnespresten O. T. Krogh 200 år. 15.03.1811-15.03.2011. Særtrykk i samband med jubileum.
- Vike, Henry: Båt og skipsbygging i Vestnes. Utgave av Vestnes kommune. EKH-trykk A/ S. Molde. 1994
- Vike, Henry: Vestnes Sogelag. Årbok 1998. Sinderhaugen på Nerås. EKH- Trykkeri. Molde.1998
- Vike, Henry: Vike Ungdomslag 1885- 1985. Vike Ungdomslag. EK. Hansen Trykkeri. Molde.1985

18.3 Munnlege informantar i høve det lokalhistoriske plangrunnlaget

Skafti Helgason, Olav Dahl, Einar Baltzersen, Harald Bjermeland, Odd Kåre Espe, Odd Jarle Talberg, Alexander Connor, Per Bjørn Ellingseter, Anne Marie Førde, Greta Gjelsten, Terje Gjelsten, Helma Midsund, Rønnaug Alvsåker, Kjartan Holseter, Odd Sivertsen, Torfinn Simensen, Mary Ellingseter Skram, Kristen Stokkeland, Ola Solberg, Bjørn Ødegård, Anton Øverås, Per P. Rekdal, Lars Rekdal, Kjell Rekdal, Arnljot Løvik, Jarle Løvik, Rune Løkke, Edith Nerbø, Ivar Orseth, Tordis Sivertsen, Bjørn Helset, Konrad Vestnes, Aslaug Gjelsten, Jostein Kirkeslett, Arnold Vestnes, Steinar Vestnes, Nils Kjøpstad

19 Vedlegg

19.1 Regional kulturminneplan for Møre og Romsdal – med tanke på konkrete registreringar og føringar som gjeld Vestnes kommune.

19.2 Skriftlege kulturminne-innspel frå innbyggjarar i Vestnes kommune

19.3 Liste med prioriterte kulturminne og kulturmiljø i Vestnes kommune sin kulturarvplan

19.4 Årlege forslag til handlingsdel for Vestnes kommune sin kulturarvplan med tanke på årsbudsjett og økonomiplan 2019-2022